

**20
23**

Årsrapport



Årsrapport 2023

Redaksjon

Jonas Sønnesyn

Herdis Kolle

Lars Tveiten

Bilete

HK-dir

Nucleus

Colourbox

Grafisk utforming og illustrasjoner

Anne Katrine Rognerud

Elisabeth S. Guillot

Innhold

1 Leiars melding	4
2 Introduksjon til verksemda og hovudtal	11
2.1 Samfunnsoppdrag	12
2.2 Dette er HK-dir	12
2.3 Organisasjon og leiing.....	13
2.4 Hovudtal.....	14
3 Årets aktivitetar og resultat.....	15
3.1 Mål 1 Utdanningsinstitusjonar og opplæringstilbydarar har tilbod av høg kvalitet	18
3.2 Mål 2 Den enkelte har god kunnskap om og tilgang til utdanning, karriererettleiing og livslang læring.....	48
3.3 Mål 3 Dokumentasjon av utdanning, kompetanse og kvalifikasjonar gir den enkelte tilgang til utdanning og arbeid	70
3.4 Mål 4 Kompetansepolitikken er godt samordna og stimulerer til kompetanseutvikling og samarbeid mellom arbeidsliv og utdanning	82
3.5 Mål 5 Styresmakter, institusjonar og aktørane i arbeidslivet har eit godt kunnskapsgrunnlag for sine avgjersler om utdanning, forskning og kompetanseutvikling.....	88

4 Styring og kontroll i verksemda	106
4.1 Del 1: Rapportering om styring og kontroll i verksemda	107
4.2 Del 2: Andre føresetnader og krav	112
 5 Vurdering av framtidsutsikter	 118
 6 Årsrekneskap	 123
6.1 Kommentarer frå leiinga til rekneskapen for 2023	124
6.2 Prinsippnote for oppstilling av løyvingsrapportering og artskontorapportering	126
6.3 Prinsippnote – SRS	133

1

Leiars melding



Samfunnsutviklinga har prega HK-dirs prioriteringar

2023 har vore eit travelt år for HK-dir. Vårt arbeid og våre prioriteringar har vore prega av den geopolitiske situasjonen, rekordhøg knappheit på kompetent arbeidskraft og den akselererande teknologisk utviklinga, særleg innan kunstig intelligens.

Stor auke i talet på innvandrarak som fekk norskopplæring og dokumentert kompetansen sin

I 2022 og 2023 tok Noreg imot fleire flyktningar og fordrivne frå Ukraina enn nokon gong tidlegare i historia. Samstundes var knappheita på arbeidskraft og kompetanse rekordhøg. Tilstrøyminga av ukrainske flyktningar, saman med eit tydeleg politisk mål om at dei skal komme raskt i arbeid, har ført til eit betydeleg kapasitetspress på HK-dir sine verkemiddel, som norskopplæring, norskprøvar, karriererettleiing og godkjenning av utanlandsk utdanning.

I 2023 medverka HK-dir til at rekordmange flyktningar og andre innvandrarak fekk norskopplæring og fekk dokumentert kompetansen sin med norskprøvar. Talet på

avlagde norskprøvar for innvandrarak auka med 22 prosent frå året før. Mot slutten av 2023 starta vi arbeidet med få utvikla ei heilt ny digital og fleksibel norskopplæring, som våren 2024 vil gjere det enklare for flyktnin-gane å gå raskt ut i jobb samstundes som dei held fram å lære norsk. Det vil også hjelpe vaksenopplæringa i kommunane, som opplevde eit stort press.

Auka tilstrøyming medverka også til ein kraftig auke i flyktningar og innvandrarak som ønskte å få godkjent utdanninga si frå utlandet, og over 10 600 personar fekk godkjent si utdan-ning. Ansvaret for godkjenning av utanlandsk utdanning vart overført frå NOKUT til oss frå 1. januar 2023. Vi har handtert både omstillings-proessen og den auka saksmengda, sjølv om den store tilstrøyminga gjer at saksbe-handlingstida er lenger enn vi ønskjer.

Internasjonalt samarbeid i ei meir utrygg verd

Den nye internasjonale tryggleikssituasjonen prega også arbeidet vårt i universitets- og høgskulesektoren. Dei nasjonale risiko- og trusselvurderingane peika på kunnskaps-sektoren som eit viktig mål for utanlandsk etterretning og påverknad. Universitet og

høgskular må på ein heilt ny måte sikre seg at nasjonale interesser vert tatt vare på. Samstundes er det meir nødvendig enn nokon gong å samarbeide internasjonalt for å løyse klimautfordringane og andre samfunnsutfordringar. I 2023 bygde direkto-ratet opp eit operativt fagmiljø for tryggleik og beredskap som kartla institusjonane sitt arbeid på området, og vi har utarbeidd grunnlag for departementet si styring på området.

Vi utarbeidde også *Retningslinjer for ansvar-leg internasjonalt samarbeid*. Retningslinjene skal hjelpe universiteta og høgskulane til å manøvrere meir trygt når dei samarbeidar internasjonalt. Dei er blitt godt mottatt i sek-toren og av tryggleiksstyresmaktene.

Det internasjonale utdanningssamarbeidet er tilbake for fullt etter pandemien

Rekordmange studentar og elevar reiste på utveksling i 2023, og det har heller aldri komme fleire innreisande utvekslingsstuden-tar til Noreg. Mykje av denne mobiliteten skjer via Erasmus+ og andre samarbeidsprogram som HK-dir forvaltar, sjølv om det i høgare utdanning er noko nedgang i utveksling til

Europa samanlikna med fjoråret. Overordna viser likevel utdanningsinstitusjonane stor interesse for dei ulike tiltaka i Erasmus+. Tre år ut i den sjuårige programperioden er fleire av måla i den norske strategien for deltaking i det europeiske utdanningssamarbeidet allereie nådd, og særleg gjeld det i grunnopplæringa. Det er også ein markant auke i norske studentar som reiser til nokre av dei prioriterte samarbeidslanda utanfor Europa, som Japan og Sør-Afrika. Samanlikna med åra før pandemien er det også fleire studentar som reiser til Frankrike, eit anna prioritert samarbeidsland.

I 2023 var det ein nedgang i talet på internasjonale gradsstudentar, som truleg har bakgrunn i innføringa av studieavgift frå haustsemesteret 2023. HK-dir har i samarbeid med NORAD utvikla ei stipendordning retta mot studentar frå det globale sør, som i noko grad vil bidra til at studentar i målgruppa framleis kan få gratis utdanning i Noreg frå hausten 2024.

HK-dirs kvalitetsprogram har auka merksemda på kvalitet i høgare utdanning

At utdannings- og opplæringstilbod har høg kvalitet er avgjerande for at arbeidsliv og samfunn skal få tilgang på god og rett kompetanse. På HK-dir sine ansvarsområde har vi ulike verkemiddel som skal medverke til og støtte oppunder kvalitet og kvalitetsutvikling i utdanning og opplæring, medan sjølv kvalitetsarbeidet må finne stad hos institusjonar og tilbydarar sjølv.

Riksrevisjonen evaluerte kvalitetsprogramma i høgare utdanning i 2023 og slår fast at denne satsinga har bidratt til å auka merksemda om utdanningskvalitet ved universiteta og høgskulane, og at fagmiljøa som har fått støtte kan vise til gode resultat. Sentera for framifrå utdanning har vore særleg viktige for å endre undervisningskulturen og å sjå studentane som ein ressurs i utdanninga. Satsinga har mellom anna gitt resultat ved Universitetet i Agder, der strykprosenten blant grunnskulelærarstudentane i matematikk var lågast i landet i 2023. Samstundes påpeikar Riksrevisjonen at tiltaka i avgrensa grad har stimulert til kvalitetsutvikling utover dei prosjekta som har fått støtte. Mellom

anna på grunn av dette, og for å redusere dei kostnadane institusjonane har med å søke om prosjekt som dei ikkje får tilslag på, har regjeringa bestemt at kvalitetsprogramma skal fasast ut frå 2024. Midlane skal overførast til institusjonane, som sjølve skal ta ansvar for kvalitetsutviklinga. HK-dir vil framover auke innsatsen for å hjelpe institusjonane til å dele kunnskap og erfaringar frå dette kvalitetsarbeidet, men også frå dei gode prosjekta i kvalitetsprogramma og dei internasjonale programma, mellom anna gjennom årlege konferansar om kvalitet og tilgjengelegheit i høgare utdanning.

Fleire fuskesaker

Å hindre fusk, men også sørge for at dei som er mistenkt for fusk får behandla sakene sine på ein rettviss måte, er viktig for ikkje å undergrave truverd til høgare utdanning. Etterverknadane av pandemien har ført til ein restanse av klagesaker for Felles klagenemnd i 2023, og det vart meir å gjere for sekretariatet for klagenemnda. Vi måtte difor auke ressursane til dette arbeidet. Utfordringane knytt til feiloppnemnd leiar av Felles klagenemnd medførte også eit behov for å ta opp att eit stort tal saker, og resulterte

også i eit opphald i nemnda si behandling av saker. Kunstig intelligens gir store moglegheiter for juks ved prøvar og eksamenar, men vi har ikkje grunn til å tru at dette påverka talet på klagesaker i 2023.

Relevant utdanning og opplæring vart meir tilgjengeleg for fleire i heile landet

HK-dir bidrar betydeleg til at fleire får høve til å ta ei utdanning og heve kompetansen sin, uavhengig av livssituasjon og kvar dei bur. I 2023 sikra HK-dir at over 104 600 personar fekk tilbod om ein studieplass ved eit universitet eller ein høgskule gjennom Samordna opptak.

Den offentlege satsinga på høgare yrkesfagleg utdanning er vellukka. I 2023 sørgde HK-dir for at talet på studentar tatt opp i høgare yrkesfagleg utdanning auka med ytterlegare 8348 personar, og totalt er det no om lag 30 0000 fagskulestudentar i landet. Veksten i fagskulesektoren er med på å dekke viktige behov i arbeidslivet, særleg innan tekniske fag og helsefag, der vi veit at det er eit stort behov for kompetanse i framtida. Vi ser at dei fleksible utdanningstilboda i høgare yrkesfagleg utdanning aukar mest.

Ei rekkje tiltak forvalta av HK-dir er med på å styrke profesjonsutdanningane og gjere dei meir tilgjengelege. Over halvparten av dei fleksible og desentraliserte studietilboda oppretta i 2023 med tilskot frå HK-dir var

retta mot helse- og lærarutdanningane, og helse- og sosialfag, lærarutdanning og ingeniørfag utgjorde om lag halvparten av porteføljen i programma for kvalitetsutvikling i høgare utdanning. HK-dir har også lagt til rette for betre praksismogelegheiter i profesjonsutdanningane ved 10 universitet og høgskular gjennom ordninga for bu- og reisestøtte til helse- og sosialfagstudentar. Endeleg har totalt 11 universitet og høgskular fått støtte frå HK-dir til å styrke arbeidet med internasjonal utveksling i korte profesjonsutdanningar. Dei konkrete og samla resultata av desse satsingane vil vise seg på litt sikt.

I 2023 fullførte vi utviklinga av ein ny modulbasert modell for grunnopplæring for vaksne, som vil gjere opplæringa for denne målgruppa meir fleksibel. Følgjevalueringa av forsøka med modulbasert opplæring viser at deltakarane i slik opplæring har fått betre, meir relevante og tilpassa opplæringsløp, og at dei brukar kortare tid. Modulstrukturert opplæring vert innført som hovudmodell i opplæringa for vaksne deltakarar i grunnopplæringa frå hausten 2024.

Gjennom tilskot i fem ulike bransjeprogram vart det også i 2023 utvikla skreddarsydde utdanningstilbod som er med på å auke



den formelle kompetansen blant over 8000 ledige, permitterte og arbeidstakarar over heile landet. Nye midlar tildelt i Kompetansepluss-ordninga bidrar til at 5600 vaksne får opplæring i grunnleggjande ferdigheiter.

HK-dir samarbeider stadig meir aktivt med direktorata under Arbeids- og inkluderingsdepartementet om kunnskap, verkemiddel og tiltak retta mot dei som står utanfor arbeidslivet eller er i fare for å falle ut. Vi treng enda meir samarbeid i og på tvers av sektorane for å nå fram med kompetansetil- tak for desse målgruppene.

Karriererettleiingstenestene er stadig populære

Karriererettleiingstenestene nådde også i 2023 svært mange brukarar, og dei aller fleste var godt nøgde med informasjonen og hjelpa dei fekk. 20-årsjubilanten Utdanning.no hadde 8,8 millionar sidevisningar i 2023 og held fram med å vere den nasjonale kjelda til informasjon for særleg unge menneske som skal velje utdanning og yrke. 8,8 milli- onar sidevisningar er samstundes ein liten nedgang samanlikna med 2022. Sjølv om KI gir moglegheiter for betre informasjons- og

retteleiingstenester, bidrar KI og søkemotorar til at brukarar ikkje treng gå direkte til kjelda for informasjon. Det var ein solid vekst i talet på personar som fekk hjelp til å velje yrkes- veg gjennom karriererettleiingstenestene HK-dir forvaltar. Over 49 000 personar har fått karriererettleiing anten individuelt eller i gruppe ved dei fylkesvise karrieresentera, og 14 000 personar har fått rettleiing gjen- nom den digitale karriererettleiingstenesta til HK-dir.

Kunstig intelligens har gjort det mogleg for oss å tilby betre tenester, blant annan innan karriererettleiing der vi i 2023 lanserte to tenester der ChatGPT gir hjelp til å høvesvis skrive jobbsøknader og øve seg på intervju- spørsmål i ein jobbsøkarsituasjon. Tenestene vart godt mottekne av brukarane.

Vi er godt i gang med å styrke kunnskapsgrunnlaget

HK-dir samlar og forvaltar store mengder data og arbeider med kvalitetsutvikling og tilrettelegging av data. Statistikk levert av HK-dir synest stadig meir relevant. I 2023 auka bruken av data frå Database for sta- tistikk om høgare utdanning (DBH) for fjerde

år på rad, og samla har bruken auka med 33 prosent sidan 2022, og heile 182 prosent sidan 2020.

Med forvalting av data følgjer eit stort ansvar. Vi arbeider med å få «orden i eige hus», i tillegg har vi ansvar for Kunnskapssek- torens datafellesskap, som skal styrke deling og synleggjering av data i kunnskapssekto- ren. Både HK-dir og andre verksemder styrka i 2023 arbeidet med «orden i eige hus», som er ein føresetnad for å styrke slik deling.

I 2023 leverte vi analysar og relevant kunn- skapsgrunnlag på ei rekkje område. Til dømes blir temakapittelet til Tilstands- rapporten for høgare utdanning 2023 om «fleksible profesjonsutdanningar» brukt av KD i arbeidet med stortingsmeldinga om pro- fesjonsutdanningane, som er venta våren 2024. Kompetansebehovsutvalets arbeid førte i 2023 til auka merksemd på kompe- tansebehov for den grøne omstillinga, og har gitt eit betre kunnskapsgrunnlag på feltet både for styresmaktene, utdanningsinstitu- sjonane og aktørane i arbeidslivet.

Det er framleis ein lang veg å gå før vi har utvikla eit solid kunnskapsgrunnlag på alle områda direktoratet har ansvar for. Vi

arbeider også for å kunne omsetje funna i analysane våre til betre funderte råd om politikktutforming og politikkgjennomføring. I høyringsarbeidet vårt ser vi at vi i aukande grad får brukt breidda i kunnskapsgrunnlaget vårt, og at vi får gitt meir heilskaplege innspel til forslag om ny politikk og endringar i lover og reglar. Ei slik mobilisering av kunnskap på tvers av dei tidlegare verksemdene som no er del av HK-dir, hadde vore vanskeleg utan samanslåinga til eitt direktorat.

Eit viktig grep for å styrke kunnskapsgrunnlaget og bygge ekspertrolla vår er kunnskapsstrategien vår, som vi utvikla i 2023. Kunnskapsstrategien har mål og tiltak for korleis vi skal arbeide meir strategisk og systematisk med utviklinga av kunnskapsgrunnlag og analysar. Kunnskapsstrategien konkretiserer ambisjonane våre på kunnskapsområdet, slik desse er formulert i verksemdstrategien vår som vi også var ferdig med i 2023. Vi tar for oss desse strategiane nærmare seinare i årsrapporten.

Vi har blitt eit meir synleg direktorat og har forenkla for brukarane våre

HK-dir var mykje meir synleg i mediebildet i 2023 enn tidlegare, noko som indikerer relevansen av kunnskapsgrunnlaget vi tilbyr. Totalt var det 2934 saker i media med HK-dir eller Samordna opptak i 2023, noko som var ein auke på nesten 400 saker samanlikna med i 2022. Talet på sidevisingar for rapportane våre på hkdir.no auka også kraftig, frå 9808 i 2022 til 14287 i 2023, noko som også indikerer at kunnskapsgrunnlaget vi produserer er meir synleg og relevant for målgruppene våre.

Då HK-dir vart oppretta, hadde direktoratet ansvar for meir enn 30 små og store nettstader med ulike teknologiar. Sett under eitt var denne samlinga av nettstader vanskeleg for brukarane å finne fram i og tungvint og kostbar for direktoratet å vedlikehalde og vidareutvikle. I 2023 har HK-dir lagt stor

innsats i å samle innhald og tenester som tidlegare var spreidd på den nye nettstaden hkdir.no, som er direktoratet sin viktigaste kanal mot profesjonelle målgrupper i utdannings- og opplæringssektoren. Slik har det blitt lettare for brukarane å finne samla informasjon om tenestene våre, tilskotsordningane vi forvaltar og kunnskapsgrunnlaget vi produserer.

Når ein ser resultata i denne årsrapporten samla, er det mi vurdering at direktoratet har god måloppnåing, og at samlinga av data, kunnskap, verkemiddel og kompetanse i eitt direktorat har gjort føresetnadane for gode resultat og effektiv ressursbruk monaleg betre.

Sveinung Skule, direktør

Glimt frå 2023

**18 799**

utvekslingstudentar inn og ut
av Noreg, ei auke på 8 %

**14 000**

brukarar har fått digital
karriererettleiing

**8,8 mill.**

besøk på **utdanning.no**

**22 %**

fleire innvandrar tok delprøve i
norsk samanlikna med 2022

**10 674**

godkjende søknader av
utanlandsk utdanning

**170 000**

besøk på DBH, DBH-F og
Kanalregistra, auke på 31 %

2

Introduksjon til verksemda og hovudtal



2.1 Samfunnsoppdrag

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) er eit forvaltingsorgan under Kunnskapsdepartementet. Gjennom oppgåvene våre innan utdanning og kompetanse styrker vi berekrafta og omstillingsevna i samfunnet, arbeider for å løfte og mobilisere kompetansen i befolkninga, gjer utdanning, læring og karriererettleiing av høg kvalitet tilgjengeleg for alle heile livet, og sikrar at arbeidslivet har tilgang på kompetent arbeidskraft.

Verksemds- og økonomiinstruks for HK-dir er gjeldande frå 1. januar 2023.

2.2 Dette er HK-dir

Vi jobbar for å løfte kompetansen i befolkninga, og sikre arbeidslivet tilgang på kvalifisert arbeidskraft. Vi står på for å gjer utdanning og opplæring tilgjengeleg for alle heile livet, same kvar du bur, eller kva funksjonsevne du har. HK-dir er fagleg rådgivar, iverksetjar og samordnar for kunnskapssektoren. Vi bidrar til større heilskap og samanheng i utdannings- og kompetansepolitikken, på tvers av fagskular, høgskular og universitet. Vi undersøker både noverande og framtidige kompetansebehov – og legg til rette for at den

enkelte kan ta gode utdannings- og karriereval i alle livsfasar. Vår tids store utfordringar er globale: miljø og klima, handel og økonomi, fattigdom, migrasjon og krig. Globale utfordringar treng globale svar. HK-dir fremjar internasjonalt samarbeid innan utdanning på alle nivå.

Kvart år har vi ei rekkje utlysingar av midlar for heile utdannings- og opplæringsfeltet, noko som styrker arbeidet med kvalitet og tilgjengelegheit i utdanninga for ulike målgrupper.





Direktør
Sveinung Skule



Assisterende direktør
Gro Tjore



Arbeidsliv og kompetanse
Asbjørn Støverud



Høgare utdanning og forskning
Ragnhild Tunesvik



Godkjenning og opptak
Dag Hovdhaugen



Karriererettleiing
Dag Hovdhaugen



Analyse og kunnskapsgrunnlag
Kristine Offerdal



Styring og organisasjon
John Rasten



Kommunikasjon
Kristin Solheim

2.3 Organisasjon og leiing

Leiinga i HK-dir består per 31.12.23 av:
Sveinung Skule, direktør

Gro Tjore, assisterende direktør

Asbjørn Støverud, divisjonsdirektør arbeidsliv og kompetanse

Ragnhild Tunesvik, divisjonsdirektør høgare utdanning og forskning

Dag Hovdhaugen, divisjonsdirektør godkjenning og opptak, og fungerende divisjonsdirektør karriererettleiing

Kristine Offerdal, divisjonsdirektør analyse og kunnskapsgrunnlag

John Rasten, divisjonsdirektør styring og organisasjon

Kristin Solheim, kommunikasjonsdirektør

HK-dir har hovudkontor i Bergen, og kontor i Tromsø, Trondheim, Oslo og Brussel.

2.4 Hovudtal

I gjennomsnitt hadde HK-dir 470 tilsette og 460 avtalte årsverk i 2023, i samsvar med SSBs statistikk. Per 31.12.2023 hadde HK-dir 492,7 tilsette, inkludert faste og midlertidig tilsette, lærlingar og nasjonale ekspertar i Europakommisjonen og CEDEFOP. HK-dir har to lærlingar som er delt mellom Lånekassen, Meteorologisk institutt og HK-dir. To lærlingar delt på tre verksemdar utgjer 0,7 tilsette for HK-dir.

Tabell 1 Tal på tilsette og avtalte årsverk i 2023 (tal frå SSB, gjennomsnitt for året)

Tal på tilsette	470
Avtalte årsverk	460
Utførte årsverk (SAP)	417,64

Totale driftsinntekter i HK-dir i 2023 er på 689,44 millionar kroner. Størsteparten av driftsinntektene er inntekt frå løyving på 626,17 millionar, der hovuddelen er tildeling frå Kunnskapsdepartementet på kapittel 256 post 01. Tabell 2 viser total løyving frå Kunnskapsdepartementet og andre departement. Mesteparten av midlane vi får frå Kunnskapsdepartementet er til ulike typar tilskot innan høgare utdanning, høgare yrkesfagleg utdanning og kompetansepolitikk. For utfyllande informasjon sjå «[Løyvingsrapportering](#)» og «[Note A](#)» i årsrekneskapen.

Tabell 2 Oversikt over løyving i 2023 per departement. Beløp i 1000 kroner

Departement	Overført frå i fjor	Årets tildelingar	Samla tildeling
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	42 009	129 658	171 667
Kommunal- og distriktsdepartementet	872	1 500	2 372
Kultur- og likestillingsdepartementet		177 621	177 621
Kunnskapsdepartementet	605 252	3 433 922	4 039 174
Norad		7 840	7 840
Utanriksdepartementet		14 707	14 707
Totalsum	648 133	3 765 248	4 413 381

Utførte årsverk

2022: 370,77



2023: 417,64



Samla tildeling

2022: 4 502 409



2023: 4 413 381



3

Årets aktiviteter og resultat



I denne delen omtalar vi viktige aktivitetar og resultat frå arbeidet vårt i 2023. Vi omtalar også enkelte resultat som knyter seg til aktivitetar frå tidlegare år. Kapittelet er strukturert rundt måla og styringsparameterane våre for 2023. Fleire av verkemidla og tenestene våre gir resultat på tvers av mål og styringsparameter. For at rapporten skal vere lettare å lese, gjentar vi i liten grad dei same resultatata.

HK-dir har jobba med ei rekkje konkrete oppdrag gitt frå KD og AID i 2023. Der det i oppdraget er ei konkret forventning om rapportering på oppdraget i årsrapporten omtalar vi oppdraget særskilt. Elles omtalar vi fleire av oppdraga saman med resten av rapporteringa på dei enkelte måla.

Ressursbruk på måla våre

Tildelinga til HK-dir i 2023 var på totalt 4,35 milliardar kroner. Det meste av midlane våre går til tilskot, og vi betalte ut 3,7 milliardar kroner på rundt 110 ulike tilskotsordningar i 2023. Den største av desse er driftstilskot til fagskular på i overkant av 1,2 milliardar kroner. Tilskotsordningane våre gir resultat på fleire mål, og bidrar særleg til kvalitet i utdan-

nings- og opplæringstilbod (mål 1), tilgang til utdanning (mål 2) og læring og kompetanseutvikling i arbeidslivet (mål 4). Resultat knytt til tilskota vi forvaltar vert omtala fortløpande i relevante underkapittel. Kontroll med tilskotsforvaltinga vår omtalar vi i del 4.

Arbeidet vårt med norskopplæring (mål 2), prøvar i norsk, samfunnskunnskap og stats-

borgarprøve (mål 3), og karriererettleiing for flyktningar (mål 2), hadde eiga øymerka tildeling på 172 millionar kroner frå AID. Majoriteten av dei som jobbar med oppdraget frå AID, utviklar og legg til rette for gjennomføring av prøvar. Mykje av ressursbruken knytt til norskopplæring har i 2023 vore retta mot kompetanseheving av lærarar på ulike måtar. Ein mindre del av midlane har vore brukt på karriererettleiing av flyktningar i mottak.

Det er fleire andre mål der øymerka tildeling har vore avgjerande for måloppnåinga. Arbeidet vårt med opplæring for vaksne på grunnopplæringsnivået (mål 2) har til dømes vore prosjektfinansiert over kap. 258, post 21 med 63 millionar kroner. Det meste av dette har vore tilskot til skuleeigarar som har deltatt i forsøk med modulisert vaksenopplæring, men det har også finansiert arbeidet til fleire tilsette i direktoratet. Arbeidet vårt med digital karriererettleiing (mål 2) og utvikling av fagskulesektoren (mål 1, 2 og 4) er andre eksempel på område der øymerka tildeling har vore viktig.

I tillegg til arbeid med å utvikle og forvalte tilskotsordningane våre, er det særleg innan arbeid med kunnskapsgrunnlag (spesielt mål 5), godkjenning av utanlandsk utdanning (mål 3), opptak til utdanning (mål 2) og

karriererettleiing, inkludert informasjon om utdanning og arbeidsmarknad (mål 2), at vi har hatt størst rom til å gjere eigne budsjettmessige prioriteringar. Desse områda vert i all hovudsak finansierte over driftstildelinga vår på kap. 256, post 01. Samstundes set dei lovpålagte oppgåvene våre rammer for kor stort handlingsrommet vårt er. Godkjenning av utanlandsk utdanning er det enkeltområdet som flest tilsette i HK-dir arbeidde med i 2023. Vi prioriterte dette området i 2023, ettersom det har vore ein vesentleg auke i talet på søknader. Vi prioriterte også arbeid med behandling av klager i sekretariatet for Felles klagenemnd.

Fleire tilskotsordningar knytt til høgare utdanning og internasjonalisering blir avvikla frå og med 2024. Målet vårt innan høgare utdanning og internasjonalisering er det same. Vi byrja allereie i 2023 med å ta høgde for endringa, og starta å vri verkemiddelbruken vår frå tilskot til kunnskap. Vi har styrka ressursbruken innan analyse og kunnskapsgrunnlag. For konkret rapportering på tildelte midlar, sjå del 6.

Glimt frå 2023



8 128

norske studentar var på utveksling, ein auke på 13 %



8 348

fekk tilbod om opptak til høgare yrkesfagleg utdanning



33 %

auke i datatabellar henta frå DBH, DBH-F og Kanalregistra



124 mill.

i tildelte midlar til Kompetansepluss



104 618

fekk tilbod om opptak til høgare utdanning



45 000

deltakarar i treparts bransjeprogram totalt

3.1 Mål 1

Utdanningsinstitusjonar og opplæringstilbydarar har tilbod av høg kvalitet

3.1.1 Kvalitetsutvikling i utdanningane og livslang læring gjennom nasjonale og internasjonale verkemiddel

HK-dir har ansvar for ei rekkje verkemiddel som på ulike vis medverkar til å styrke kvaliteten i høgare utdanning. Dei viktigaste verkemidla er tilskotsordningar, som er etablerte for å nå mål knytt til ulike aspekt ved kvalitet og kvalitetsutvikling. Riksrevisjonen slår i ein rapport frå 2023 fast at dei nasjonale tilskotsordningane bidrar til å setje kvalitetsutvikling på dagsordenen ved universitet og høgskular. Samstundes peikar rapporten på at spreininga av resultat og erfaringar til andre fagmiljø og institusjonar ikkje er god nok. I statsbudsjettet for 2024 varsla regjeringa at kvalitetsprogramma skal fasast ut, men ein omfattande portefølje av prosjekt vil dei næraste åra framleis bidra til innovasjon og utvikling av kvalitet og relevans i universitet og høgskular landet rundt.

Det er både nødvendig og ønskeleg å samarbeide internasjonalt for å løyse dei globale samfunnsutfordringane. Gjennom arbeidet med Erasmus+ og nasjonalt finansierte tilskotsordningar for samarbeid utanfor Europa, bidrar HK-dir til at norske utdanningsinstitusjonar utviklar internasjonale relasjonar og nettverk, og utviklar kvaliteten i studie- og utdanningsprogram. Fleire hundre kurs, emne og studieprogram har dei siste åra blitt revidert fordi institusjonane har deltatt i internasjonale prosjekt. Det er til vanleg stor interesse for dei nasjonalt finansierte programma UTFORSK og NORPART, men ingen av dei hadde utlysing i 2023. Det er god søking til Erasmus+, der vi har sett ein stor auke i søknader til mobilitetsordningane i alle sektorar. Også for partnarskapa peikar pilene i rett retning, og

her har auken vore særleg sterk i høgare utdanning. Det er framleis potensiale for at norske aktørar kan hente ut meir midlar frå dei sentraliserte tiltaka, der norske aktørar konkurrerer om midlar som vert fordelt direkte frå Europakommisjonen. HK-dir vil difor bruke meir ressursar framover på å promotere og leggje til rette for auka deltaking i desse.

Høgare yrkesfagleg utdanning har vakse mykje dei siste åra, og det er no om lag 30 000 fagskulestudentar. Veksten har særleg komme innan tekniske fag og helsefag og det er dei fleksible utdanningstilboda som har auka mest. Utviklinga viser at det er høg grad av samsvar mellom vekst i offentlege studieplassmidlar og utviklinga i studiepoengproduksjon. Dette tyder altså at veksten i studieplassmidlar blitt godt utnytta.

Kvalitetsprogramma i høgare utdanning styrkar fagmiljøa og merksemda om utdanningskvalitet i sektoren

Sidan 2010 har KD finansiert ordninga *Senter for framifrå utdanning (SFU)*, og frå 2017 vart det etablert ei rekkje andre kvalitetsprogram, med utgangspunkt i *Meld. St. 16 (2016–2017) – Kultur for kvalitet i høgere utdanning*. I 2023 bestemte Stortinget å fase ut alle kvalitetsprogramma og overføre store delar av tilskotsmidlane som HK-dir har forvalta til dette formålet direkte til universiteta og høgskulane.

SFU-ordninga har bidratt til utvikling av framifrå fagmiljø. Gjennom ordninga har universitet og høgskular kunne arbeida langsiktig og strategisk med innovasjon og kvalitet i utdanning, og gjennom meir enn 70 ph.d.- og postdoc-prosjekt utviklar sentera ny kunnskap om kvalitet i høgare utdanning. Slik kunnskap bidrar til auka relevans og læring, og har potensiale til å komme heile høgare utdanningssektoren til gode. Sentera er fyrtårn i arbeidet med studentengasjement

og studentpartnerskap. Dette bidrar til å endre undervisningskulturen og å sjå studentane som en ressurs i utdanninga. Fleire av sentera har fått internasjonal anerkjenning for arbeidet sitt.

Tre senter er avslutta i 2023 etter fullført tiårsperiode. CEMPE (NMH) har styrka høgare musikkutdanning gjennom å utvikle nye undervisningsformer og utdanningsinnhald, og dei har integrert fokus på musikaren si mentale helse og ein sunn og berekraftig læringskultur. Læringsressursar frå CEMPE er samla i ressursbanken [PRAXIS](#), som er retta mot nasjonale og internasjonale målgrupper. Senteret har vore sentralt i etableringa av den europeiske universitetsalliansen IN.TUNE, som blir koordinert frå NMH. [MatRIC](#) (UiA) har heva kvaliteten på matematikkundervisninga både ved eigen institusjon og nasjonalt gjennom ulike nettverk. I 2023 fekk UiA lågast strykprosent på nasjonal deleksamen i matematikk for grunnskulelærarstudentar (GLU 1–7). [bioCEED](#) (UiB) har utvikla ei rekkje løysingar for å auke bruken av studentaktiv undervising i biologi, og senteret har bidratt til å gjere kunnskap tilgjengeleg med 278 vitskapelege artiklar, foredrag og konferansebidrag. MatRIC og bioCEED sine erfaringar med å etablere mentorordningar har medverka til at slike ordningar har blitt utvikla nasjonalt. Mentorordningane bidrar til integrering av studentar og tilsette i eit fagleg og sosialt fellesskap, til auka trivsel, betre læring og gjennomføring av studiar. Åtte senter for framifrå utdanning vil halde fram arbeidet sitt til noverande femårsperiode blir avslutta.

Dei andre kvalitetsprogramma for høgare utdanning forvalta av HK-dir vart oppretta for å bidra til kvalitetsutvikling i sektoren på fleire strategisk viktige område, som arbeidslivsrelevans, kvalitet i praksis i lærar-, helse- og sosialfagutdanning, auka tverrfagleg samarbeid, digitalisering, studentaktiv læring og mindre fråfall blant studentane. Kvalitetsprogramma har hatt ein stor prosjektportefølje og synest å



I september arrangerte vi ein konferanse om kvalitet og tilgjengelegheit i høgare utdanning saman med UiA. Frå venstre Gunn Mangerud, dekan ved Universitetet i Bergen og Merethe Wedahl Anker-Nilssen, seniorrådgjevar i HK-dir.

ha vore særleg viktige for utvikling av profesjonsutdanningane innan helse- og sosialfag, lærar- og ingeniørfag. Desse fagområda utgjer om lag halvparten av prosjektporteføljen i nokre av dei største tilskotsordningane¹ under kvalitetsprogramma, og blant desse igjen har om lag halvparten ein vidareutdanningsprofil. Om lag 40 prosent av prosjekta er framleis aktive og vil bidra til verdifull kvalitetsutvikling og styrke vidareutdanningskapasiteten i profesjonsutdanningane i fleire år framover. Eit anna viktig resultat av kvalitetsprogramma synest å vere at deltakinga har stimulert til meir samarbeid på tvers av sektorar og betre samspel mellom fagmiljø, disiplinær, arbeids- og samfunnsliv og mellom UH-institusjonar. Sjølv om tilskotsordningane er under utfasing, vil HK-dir halde fram med å systematisk følgje opp prosjekta som framleis er aktive. Vi vil få eit tydelegare bilete av effekten av programma etter kvart som prosjekta blir avslutta og leverer sluttrapportar.

Riksrevisjonen presenterte i juni 2023 rapporten *Universiteta og høgskulane sitt arbeid med å vidareutvikle kvaliteten i studieprogramma*. Blant elementa Riksrevisjonen undersøkte var korleis statlege verkemiddel støttar opp under institusjonane sitt kvalitetsarbeid. Deira hovudkonklusjon for kvalitetsprogramma er at «programma gir merksemd til utdanningskvaliteten, men stimulerer i avgrensa grad til kvalitetsutvikling hos andre enn prosjekta som får støtte».²

Rapporten peikar på at både søknadsaktivitet og tildelingar er ujamt fordelt mellom institusjonane og mellom ulike fagområde, og at ambisjonen om spreiding av kunnskap og ny utdanningspraksis frå prosjekta er vanskeleg å nå. Riksrevisjonen tilrår at det blir arbeidd for å leggje betre til rette for at gode erfaringar og resultat frå utviklingsprosjekta kan spreiest på ein betre måte.

¹ Program for studentaktiv læring, ordning for fleksibel og desentralisert utdanning og tiltak for auka arbeidslivsrelevans

² <https://www.riksrevisjonen.no/rapporter-mappe/no-2022-2023/universiteta-og-hogskulane-sitt-arbeid-med-a-vidareutvikle-kvaliteten-i-studieprogramma/>

HK-dir har hatt stort fokus på spreiking heilt sidan kvalitetsprogramma vart etablerte. Å dele kunnskap, undervisningsmetodar og erfaringar på ein slik måte at andre fagmiljø tar det i bruk er først og fremst institusjonane, fagmiljøa og prosjekta sitt ansvar. Vi ser likevel at dette er eit område der HK-dir kan ta ei sterkare rolle for å bidra til å skape ein delingskultur, og det er eit område vi må jobbe endå betre med framover.

Nokre tiltak for å fremje deling av kunnskap på kvalitetsutviklingsområdet vart gjennomført i 2023. I samarbeid med UiA arrangerte HK-dir i september ein konferanse om kvalitet og tilgjengelegheit i høgare utdanning, og tok opp tema som livslang læring, kunstig intelligens, dimensjonering for kompetansebehova og arbeids og samfunnsrelevans. Deltakarane, som var ei blanding av faglege og administrative leiarar, tilsette i støttemiljøa og undervisarar, gav svært gode tilbakemeldingar på tema og innretning. På bakgrunn av dei gode tilbakemeldingane planlegg HK-dir ein årleg konferanse. I 2024 vil konferansen bli arrangert i samarbeid med OsloMet i slutten av september.

Vidare lanserte vi ei nettseminarrekke i samarbeid med Helsedirektoratet for å fremje spreinga av utviklingsarbeidet i Pilotordninga for kommunal praksis i helse- og sosialfagutdanningane. To nettseminar vart gjennomført i 2023, og desse vekte brei interesse, særleg i universitets- og høgskulesektoren, men også blant tilsette i kommunesektoren, fylkeskommunar, helsetenestene, statleg forvaltning og andre verksemder. Deltakarane evaluerte arrangementa svært positivt.

Bu- og reisestøtte til helse- og sosialfagstudentar i praksis langt unna campus kan utnyttast betre

Sidan 2022 har HK-dir administrert ei søknadsbasert ordning som bidrar til å finansiere bu- og reiseutgifter for helse- og sosialfagstudentar som gjennomfører praksis langt frå studiestaden. Formålet med denne ordninga er å auke praksismoglegheitene, særleg i kommunar som tradisjonelt har vore mindre involverte i å tilby praksisplassar. Dette kan også på sikt føre til at fleire studentar ønskjer å arbeide i desse kommunane etter avslutta utdanning. Det er likevel for tidleg å seie om ordninga har denne effekten, då studentane som har mottatt støtta i liten grad har avslutta utdanninga si.

I 2022 tildelte HK-dir 50 millionar kroner til 17 universitet og høgskular, og i 2023 tildelte vi ytterlegare 51,9 millionar kroner til ti universitet og høgskular gjennom denne ordninga. Dei to tildelingane vil bidra til at potensielt 7200 helse- og sosialfagstudentar kan få praksis i kommunar som ligg langt frå studiestaden.

Institusjonane som fekk tildeling i 2022 har no sluttrapportert, og resultata er blanda. Dei fleste institusjonane har ubrukte midlar, og i gjennomsnitt utgjorde dei ubrukte midlane om lag 43 prosent av tildelingane. Institusjonane oppgir mange ulike årsaker til undiforbruket, men studentfråfall vert oftast nemnt, saman med andre forhold knytt til studentane og deira preferansar og planar. Åtte av dei tolv institusjonane som har undiforbruk, har søkt om å forlenge prosjektperioden. Ved utgangen av 2023 hadde inntil 3716 studentar deltatt i praksis langt frå studiestaden, fordelt på 1104 praksisperiodar. Ordninga er framleis ny. Dersom institusjonane og kommunane får noko meir tid til å organisere arbeidet og informere studentane om denne mogelegheita, har vi tru på at dei tildelte midlane blir betre utnytta i 2024.

Vekst i interessa for ordningar som fremjar norsk fagspråk

Å verne og styrke norsk fagspråk er ein del av samfunnsansvaret til universiteta og høgskulane. HK-dir har medverka til arbeidet med [handlingsplanen for norsk fagspråk i akademia](#) og følgjer opp iverksettinga av planen. I oppfølginga har HK-dir vidareført samarbeidet og dialogen med KD, Språkrådet, og særleg med UHR og deira fagorgan. Dialog med universitets- og høgskulesektoren har vore viktig for å få innspel om institusjonane sine utfordringar i arbeidet med norsk fagspråk og for forankring av tiltaka i handlingsplanen.

HK-dir forvaltar fleire verkemiddel som bidrar til å styrke norsk fagspråk, blant dei Lærebokordninga for høgare utdanning og støtteordninga for norskspråklege tidsskrift innan humaniora og samfunnsvitskap. Begge ordningane bidrar til større mangfald av norskspråkleg pensum og til utvikling av norsk fagterminologi. I 2023 gav HK-dir støtte til 89 lærebokutgivingar. Det er god søking til ordninga. Sjølv om HK-dir i 2023 har mottatt fleire søknader om støtte til utgiving av lærebøker enn det er midlar til, ser vi at dei prioriterte områda, fagområde med domenetap (til engelsk), samisk og nynorsk, har få søknader. Størstedelen av lærebøkene som mottar støtte skal også bli utgitt digitalt.

Tabell 3 Fordeling av tildelte prosjekt i lærebokordninga etter prioriteringane

Utllysning	Søknader	Tildelte prosjekt	Dometap	Nynorsk	Samisk	Digital parallell-utgivelse
Vår	57	44	9	3	1	44
Høst	55	45	7	5	0	36
Sum	112	89	16	8	1	80

Støtteordninga for norskspråklege opne tidsskrift innanfor humaniora og samfunnsvitskap har også ein auke i talet på søknader. I den siste søknadsrunden kom det inn 60 søknader, og 42 tidsskrift fekk tildelt støtte for ein treårsperiode. Dette utgjorde ein kraftig auke frå førre runde i 2021, då det var 42 søknader og 28 som fekk tildeling. Av dei 14 nye tidsskrifta som er inkluderte i ordninga, kjem ein del frå noko smalare og mindre fagfelt enn dei som har fått støtte tidlegare. Av nye tidsskrift kan det samiske tidsskriftet *Sámi diealaš áigeála* nemast, i tillegg til blant anna *Kart og plan*, *Klassisk forum* og *Rhetorica Scandinavia*. Nokre tidsskrift har meldt om at dei er avhengige av denne støtta for å kunne oppretthalde drifta, og ordninga er slik med på å sørge for at ein kan behalde eit mangfald av ope tilgjengelege tidsskrift med høg kvalitet.

Betre kvalitet i norsk- og samfunnskunnskapsundervisninga for nye innvandrarak gjennom etter- og vidareutdanningstilbod

HK-dir held fram arbeidet med å sikre god kvalitet i norskopplæringa ved å tilby etter- og vidareutdanning til lærarar og leiarar. Satsinga på vidareutdanning bidrar til å auka talet på lærarar som oppfyller kompetansekrava til norsk som andrespråk etter integreringslova. I 2023 fekk ni studietilbod støtte. Kommunar og private tilbydarar kan søke om stipend og vikarordning for eigne lærarar. Tildelingane auka betydeleg i 2023, og 160 lærarar fekk støtte gjennom ordninga, mot 78 i 2022. Opinion har på oppdrag frå direktoratet undersøkt omfanget av norsklærarar som fyllar kravet til kompetanse, og sett nærare på leiarane sitt syn på kva vidareutdanninga bidrar med i undervisninga. Foreløpige funn tyder på at fleire lærarar fyller kravet no enn ved førre kartlegging i 2018, og at leiarane er positive til utdanninga.

Eit fleirtal av leiarane meiner at vidareutdanninga har ført til at lærarane har fått auka fagleg og didaktisk kompetanse, og at kvaliteten på opplæringstilbodet har blitt betre. Halvparten av leiarane oppgir dessutan at utdanninga har ført til eit styrkt profesjonsfellesskap og auka kollektiv læring blant lærarane.


På oppdrag frå HK-dir har Drammen kommune gjennomført to rundar med etterutdanning i samfunnskunnskap. Kursa for fleirspråklege lærarar er digitale, og HK-dir held innlegg. Ordninga bidrar til at fleire lærarar får formell kompetanse på feltet, noko som hevar kvaliteten i opplæringa. Dette har vore særleg viktig for å sikre implementeringa av ny læreplan i samfunnskunnskap.

I tillegg får Statsforvaltaren tilskot for å bidra til regional kompetanseutvikling for lærarar og leiarar. Målet er at kompetanseutviklinga skal skje i samarbeid med høgare utdanningsinstitusjonar i regionen. Statsforvaltaren melder om at tilskota er nyttige i kompetansearbeidet, men at det er krevjande å oppnå gode samarbeid mellom vaksenopplæringssentera og høgare utdanning. Dei melder likevel om framgang i samarbeidet og at dette styrkar den samla kompetansen på feltet.

Program for kunstnarleg utviklingsarbeid styrkar kunstfaga som akademisk felt

HK-dir har eit særskild ansvar for å følgje opp kunstnarleg utviklingsarbeid i universitets- og høgskulesektoren, gjennom Program for kunstnarleg utviklingsarbeid (PKU). Programmet markerte 20-årsjubileum i 2023, og har hatt to hovudkomponentar. Den første er tildeling av prosjektmidlar, inkludert midlar til stipendiatar i kunstnarleg utviklingsarbeid. Denne delen av programmet blir fasa ut frå og med 2024, og midlane som låg i programmet blir overført til utvalde utdanningsinstitusjonar. Det har difor ikkje vore utlysing av prosjektmidlar i 2023. Nasjonal forskarskule i kunstnarleg utviklingsarbeid er den andre hovudkomponenten, og her har HK-dir ei viktig rolle som koordinator og tilretteleggjar. Ved å vere ein samlande arena for kunstnarleg utviklingsarbeid bidrar HK-dir til å styrke kunstfaga som akademisk felt, gjennom å leggje til rette for tverrkunstnarleg samarbeid og deling. Talet på stipendiatar i forskarutdanningane og talet på disputasar har auka mykje etter at dei første ph.d.-programma vart etablert i 2018.

Gjennom forskarskulen har HK-dir etablert ein arena for formidling og utvikling av prosjekta til dei enkelte ph.d.-kandidatane.



I 2023 arrangerte HK-dir saman med institusjonane også eit nasjonalt seminar om vurderingskriterium for ph.d.-grader i kunstnarleg utviklingsarbeid. Alle institusjonar som tilbyr ph.d.-grader i kunstnarleg utviklingsarbeid var representerte på seminaret. Gjennom slike tiltak bidrar HK-dir til å styrke forskingskulturen, og til å utvikle kvalitet og kompetanse i institusjonar som tilbyr skapande og utøvande kunstutdanning.

Tabell 4 Opptak og disputasar i den nasjonale forskarskulen i kunstnarleg utviklingsarbeid, 2015–2023

År	Opptak	Disputasar
2015	17	5
2018	25	10
2023	31	19
Totalt	73	34

Samarbeid og partnerskap i universitets- og høgskulesektoren bidrar til kvalitetsutvikling i høgare utdanning

I Erasmus+ finst det ei rekkje former for partnerskap som universitet og høgskular kan søke på. Programmet tilbyr eit økosystem for finansiering, der det er gode moglegheiter for å bruke dei ulike ordningane komplementært. Erasmus+ Samarbeidspartnerskap, som er eit desentralisert tiltak forvalta av HK-dir, har i 2023 opplevd rekordhøge søkjartal og betre kvalitet på søknadane samanlikna med tidlegare år. Dette tyder på at tiltaket treff godt i sektoren og vert opplevd som relevant og nyttig. Prosjekta samarbeider på tvers av landegrenser i Europa og bidrar til å utvikle, utveksle og prøve ut nyskapande praksis, pedagogisk metode og ulike læringsaktivitetar.

Det er eit mål med auka norsk deltaking og konkurranseevne i dei sentraliserte Erasmus+ tiltaka. HK-dir jobbar aktivt for at Samarbeidspartnerskap skal fungere som springbrett vidare til sentraliserte Erasmus+ tiltak for nokre av prosjekta. Høgskulen på Vestlandet er eit godt døme på ein institusjon som har klart dette, der det musikkfaglege miljøet over lengre tid har brukt ulike nasjonale og europeiske utdannings- og forskingsprogram til å bygge ein solid prosjektportefølje. I 2023 har også

det helsevitskaplege miljøet lukkast med å bygge vidare på eit samarbeidspartnerskap som omhandla korleis utdanning av helsepersonell i større grad kan fremje like mogelegheiter og lik tilgang på helse-tenester for alle. Saman med europeiske partnarar utviklar dei ein fellesgrad med støtte under Erasmus Mundus Design Measures. Dette prosjektet har som mål å lage ein felles mastergrad i «Health Equity» basert på tematikken og kunnskapen utvikla i samarbeidspartnerskapet. Eit anna døme på synergiar mellom ordningar er å finne hos UiT – Norges arktiske universitet. Under paraplyen CloudEarth har dei som mål å bygge innovasjonskapasitet i utdanningane for eit meir inkluderande og berekraftig samfunn ved bruk av store datamengder, KI og «djup-teknologi». Under denne paraplyen har universitetet fått støtte til prosjekt både under Erasmus+ Samarbeidspartnerskap og det såkalla HEI Initiative under European Institute of Technology, der målet er å auke kapasiteten for innovasjon og entreprenørskap i høgare utdanning.

Det mest prestisjefylte tiltaket for høgare utdanning under Erasmus+ er Europeiske universitet. Etter to pilotutlysingar i 2018 og

2019, vart tiltaket innlemma i Erasmus+ frå og med oppstarten av den noverande programperioden i 2021. Europeiske universitet skil seg frå dei fleste andre finansieringsordningar ved at dei innvilga prosjekta ikkje rettar seg mot eit bestemt fagområde eller eit bestemt tema, men har eit institusjonsperspektiv. Innanfor dette tiltaket skal ein utvikle eit tett samarbeid, som i prinsippet skal femne heile institusjonen. Etter at Norges musikkhøgskole kom med i 2023, er det no 10 norske høgare utdanningsinstitusjonar som deltar i tiltaket, det vil seie nær halvparten av dei offentlege institusjonane. NMH er også den andre norske institusjonen som koordinerer eit konsortium; UiO har vore koordinator for CircleU-alliansen sidan 2020.

For HK-dir er det viktig å ha ein tett dialog med dei norske deltakarane i Europeiske universitet ettersom dette er eit tiltak som potensielt vil ha stor påverknad på norsk høgare utdanning i åra framover. Tiltaket står heit sentralt i policy-dokument frå Europakommisjonen og kan seiest å i aukande grad danne ei ramme for høgare utdanningssamarbeid i Europa. Det er viktig at også Noreg er tett kopla på utviklinga under framveksten av nye samarbeidsformer i Europa. Difor har vi jamleg kontakt med dei

norske deltakarane, og i 2023 arrangerte vi ei nettverkssamling for dei og bidrog også på eit seminar ved UiO som alliansane sjølv organiserte. Vi gjennomførte også ein studie av dei norske deltakarane sin erfaringar frå dei første åra. Denne er nærare omtalt i kapittel 3.5.5..

Også på europeisk nivå har HK-dir tatt ei aktiv rolle når det gjeld Europeiske universitet. Saman med nasjonalkontora i Austerrike, Tyskland og Ungarn arrangerte vi i 2023 ein internasjonal konferanse i Bergen, med om lag 150 deltakarar frå 19 land. Tema for konferansen var spreining av resultat og erfaringar frå alliansane, noko som er særleg viktig i lys av posisjonen dei har og det avgrensa talet på universitet og høgskular som faktisk deltar. Konferansen samla deltakarar frå universitets- og høgskulesektoren, nasjonalkontora, nasjonale utdanningsstyresmakter og Europakommisjonen, og la såleis til rette for dialog mellom interessentar på fleire nivå. Samarbeidet mellom dei fire nasjonalkontora vil halde fram dei kommande tre åra med eit møte for alle nasjonalkontora i 2024 og neste store konferanse i 2025. På det tidspunktet vil alle dei 60 alliansane som det er finansiering til, vere operative.



Å auke deltakinga i Erasmus+ er ei viktig satsing for HK-dir. Det er sett ei rekkje kvan- titative mål for den norske deltakinga, og desse er nærare omtalt i kapittel 3.5.5. Med den gode søkinga til dei desentraliserte tiltaka ligg potensialet for auka deltaking først og fremst i å få fram fleire søknader til dei sentraliserte tiltaka. I samband med utfasing av kvalitetsprogramma for høgare utdanning vil HK-dir styrke innsatsen inn mot fagmiljøa i universitets- og høgskulesektoren for å bidra til betre og breiare deltaking i dei dei sentraliserte tiltaka.

HK-dir forvaltar to nasjonalt finansierte inter- nasjonale partnarskapsprogram. *NORPART* støttar langsiktig samarbeid og gjensidig studentutveksling mellom høgare utdan- ningsinstitusjonar i Noreg og utvalde partnerland i det globale sør, og *UTFORSK* støttar internasjonale partnarskap på område av felles interesse mellom høgare utdan- ningsinstitusjonar i Noreg og landa som er omfatta av Panoramastategien, det vil seie prioriterte samarbeidsland utanfor EU/EØS.

Det var 79 UTFORSK-prosjekt og 53 NOR- PART-prosjekt som var aktive ved utgangen av 2023. Rapportar frå prosjekta tyder på at det tverrsektorielle og breie internasjo- nale samarbeidet som pregjar dei globale

partnarskapa, bidrar til kvalitetsutvikling i utdanninga ved institusjonane både i Noreg og partnerlanda, og til å auke læringsutby- tet for studentane. Kopling av forskings- og utdanningsaktivitetar er svært vanleg både i UTFORSK- og NORPART-prosjekta, noko som bidrar til at nyare forskning blir integrert i kursa utvikla gjennom dei globale partnarskapa, og det bidrar til at fleire studentar får høve til å delta i forskingsaktivitetar. Arbeidslivspart- narar deltar i om lag 70 prosent av prosjekta, og over halvparten av desse meiner at slikt samarbeid har ført til auka læringsutbyte for studentane og auka arbeidslivsrelevans i kursa og programma dei har utvikla saman.

Nedanfor går vi nærmare inn på korleis samarbeid med arbeids- og næringsli- vet bidrar til kompetansebygging på ulike utdanningsnivå, både i ein nasjonal og inter- nasjonal kontekst.

Kompetansebygging i samarbeid med arbeids- og næringslivet

HK-dir er utnemnd av KD til å vere nasjonalt koordineringspunkt for *Det europeiske kom- petanseåret* som varer frå mai 2023 til mai 2024. Innsatsen skal styrke Europas konkur- ransekraft, auke deltakinga i arbeidslivet og betre folks ferdigheiter og kompetanse. Frå norsk side håpar vi at kompetanseåret sær-

leg vil bidra til god tilgang på god opplæring og utdanning av høg kvalitet i heile landet, for slik å sikre arbeidslivets behov for kompetanse og sørge for at fleire får tilgang til utdanning der dei bur. I tillegg håpar vi på auka mobi- lisering av arbeidskraftreserven ved at fleire med lite formell kompetanse får høve til å ta fagbrev eller anna utdanning som styrkar sjansane for ei varig tilknytning til arbeidslivet.

Høgare yrkesfagleg utdanning er viktig for å bygge kompetanse som arbeids- og næringslivet treng. Sektoren har vakse mykje dei siste åra, mykje på grunn av auka løyvin- gar til nye studieplassar frå regjeringa. «[Tabell 5](#)» viser utviklinga for offentleg finansierte utdanningstilbod på 30 studiepoeng. Veksten på 11 prosent frå 2022 til 2023 heng saman med dei 500 studieplassane som vart fordelte til fylkeskommunane i februar 2023. Helse- og velferdsfag, tekniske fag og økonomi- og administrasjonsfag aukar mest.

Tabell 5 Prosentvis vekst i talet på studentar i offentleg finansierte utdanningstilbod på 30 studiepoeng eller meir i høgare yrkesfagleg utdanning, 2018–2023. Ikkje fullstendige tal for 2023

Relativ vekst studentar	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Relativ vekst fra året før	-	10 %	23 %	16 %	4 %	11 %
Relativ vekst fra 2018	-	10 %	35 %	56 %	63 %	80 %

Kjelde: DBH-F

Det er dei fleksible utdanningstilboda som har auka mest. Andelen studentar på deltidsutdanningar auka med 12 prosent frå 2022. Frå 2018 er auken på heile 103 prosent. Vi ser den same utviklinga når det gjeld utdanningsform. Talet på studentar på nett- og samlingsbaserte utdanningstilbod har auka med 25 prosent frå 2022, og heile 186 prosent frå 2018.

Tabell 6 Utvikling i andel studentar i høgare yrkesfagleg utdanning frå 2018–2023, og frå 2022–2023, etter studiebelastning og utdanningsform. Berre for offentleg finansierte utdanningstilbod på 30 studiepoeng og meir. Ikkje fullstendige tal for 2023

Fleksibilitet i utdanninga	Relativ vekst frå 2018–2023	Relativ endring frå 22–23
Deltid	103 %	12 %
Heiltid	23 %	7 %
Nett- og samling	186 %	25 %
Stadbasert	11 %	-7 %

Kjelde: DBH-F


Utviklinga viser at det er høg grad av samsvar mellom vekst i offentlege studieplassmidlar og utviklinga i studiepoengproduksjon. Dette tyder altså at veksten i studieplassmidlar har blitt godt utnytta.

25 %
auke i nettstudier
frå 2022

186 %
auke i nettstudier
frå 2018



Figur 1 Studiepoengseiningar i offentleg finansierte utdanningstilbod, 2018–2022



Kjelde: Tilstandsrapporten for høgare yrkesfagleg utdanning 2023

Merknad: Desse tala viser studentar ved heilt og delvis offentleg finansierte utdanningar med unntak av fagskulane som er finansierte direkte over statsbudsjettet. Dette er gjort for å isolere effekten av auken i studieplassar frå 2018 som ikkje gjekk til dei statlege fagskulane. I berekninga av forventa SPE har vi lagt til grunn at det tar eitt år frå nye studieplassmidlar blir innført til vi kan sjå resultat i dei innrapporterte tala for studiepoengproduksjon.

Tal frå SSB viser at andelen uteksaminerte studentar frå høgare yrkesfagleg utdanning som er sysselsett same året som dei er ferdige med utdanninga, har auka med tre prosentpoeng, til 88 prosent sidan 2018.³ NIFU si kandidatundersøking viser samstundes at det er skilnader mellom dei ulike fagområda. Fagområda med høgast yrkesdeltaking etter fullført utdanning er tekniske fag og helse- og velferdsfag.⁴ Det er også i desse fagområda vi ser størst vekst i talet på studentar. Dette er blant fagområda som Utsynsmeldinga varslar at skal prioriterast.

I sluttrapporten frå Deloitte for evalueringa av fagskolemeldinga, kjem det fram at tilskotsordninga *Utviklingsmidlar til høgare yrkesfagleg utdanning* er viktig for kvalitetsarbeidet i høgare yrkesfagleg utdanning, og at ordninga i stor grad fungerer i samsvar med intensjonen. 91 prosent av respondentane i ei undersøking meiner at det er føremålstenleg at det er etablert ei eiga, søknadsbasert ordning for utviklingsmidlar.⁵ Gjennom ordninga får fagskulane midlar til å 1) utvikle nye utdanningar i samarbeid med arbeidslivet, 2) få på plass nødvendig utstyr, som til dømes simulatorar, for å kunne tilby utdanningar som gir kompetanse og ferdigheiter som arbeidslivet treng, 3) utforske og ta i bruk digital teknologi i læring og undervisning for slik å auke læringsutbyttet til studentane, og 4) tilby kompetanseheving for lærarar for å sikre undervisning av høg kvalitet. I 2023/24 gjer HK-dir eit analysearbeid for å sikre at ordninga er innretta slik at ho treff behova i sektoren.

3 SSB, tabell 13675: [Studenter som har fullført høgere yrkesfaglig utdanning. Kjønn, innvandringskategori og sysselsettingsstatus samme høst 2018-2019 – 2021-2022.](#)

4 Alne, R., Vika, K., Høst, H. (2023): *Høy arbeidsmarkedsrelevans i fagskoleutdanningene. Kandidatundersøkelse for fagskoleutdannede i 2019 og 2020*, NIFU-rapport, 2023:3.

5 Deloitte (2022): *Evaluering av fagskolemeldingen. Måloppnåelse og virkninger av tiltak i fagskolemeldingen – sluttrapport*. Desember 2022.



Oddmund Løkensgard Hoel, dåverande stassekretær i Kunnskapsdepartementet på Fagskulekonferansen 2023.

Data frå ein gjennomgang av 300 prosjekt som hadde midlar frå tilskotsordninga i perioden 2017–2023, har blitt brukt til å leggje betre til rette for spreing av erfaringar og resultat frå prosjekt. På Fagskulekonferansen 2023 delte utvalde prosjekt erfaringar og resultat frå arbeid med å auke kvaliteten i nett- og samlingsbasert undervisning. HK-dir vil halde fram arbeidet med datainnsamling og leggje til rette for arenaer for spreing av erfaringar og resultat frå prosjekt som har fått midlar.

I 2023 har konsortiet i *Program for maritim kompetanse* samarbeidd om 20 tiltak for å

styrke maritim utdanning i Noreg. Samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon har vore berande prinsipp. Fokuset var særleg retta mot digitalisering og grøn omstilling i maritim sektor, men også likestilling og mangfald. Eit av tiltaka var Maritim utdanningskonferanse, der fagskular, høgskular og universitet saman med næringa og arbeidstakar- og arbeidsgivarorganisasjonar delte erfaringar og drøfta framtidens kompetansebehov i maritim sektor og korleis ein kan møte desse behova. Konsortiet jobbar med korleis dei kan vidareføre det etablerte samarbeidet, etter at ordninga blir avvikla frå 2024.

Senter for framifrå høgare yrkesfagleg utdanning (SFY) vart etablert med to forsøksenter i januar 2023. Sentera har knytt til seg 31 nasjonale og internasjonale aktørar som arbeidar for auka kvalitet og rekruttering til høgare yrkesfagleg utdanning. Dette gir eit godt grunnlag for at sentera skal få nasjonal verknad og komme store delar av sektoren til gode. Eit døme på dette er eit pedagogisk «førstehjelpskurs» for nye lærarar i høgare yrkesfagleg utdanning. Første kurs blei gjennomført hausten 2023 med tilsette frå tre fagskular og fire ulike fagområde.



Studentar frå Bårdarakademiet
på Fagskulekonferansen

Som ei oppfølging av *Meld. St. 9 (2016–2017) Fagfolk for fremtiden* har sju prosjekt fått støtte til å utvikle gode overgangsordningar mellom høgare yrkesfaglege utdanningar og relevante utdanningar i universitets- og høgskulesektoren. Prosjekta har resultert i auka kjennskap til og forståing av dei respektive utdanningane, og det er etablert lokale avtalar for overgangsordningar mellom dei samarbeidande institusjonane. For å etablere føreseielege overgangar på nasjonalt nivå, vil det vere nødvendig med endringar i lov og forskrift, knytt til opptak og godkjenning. Prosjekta har dermed svara på delar av oppdraget, og peikt på utfordringar som det må arbeidast vidare med for å nå målet om gode overgangar i utdanningssystemet.

To fagskular, AOF og Fagskulen Diakonova, har gjennom ei pilotordning fått midlar for

å tilpasse *høgare yrkesfaglege utdanningar til flyktningar* med sikte på å bidra til at dei skal komme seg raskt ut i arbeid. Arbeidet skjer i samarbeid med relevante offentlege instansar og private og ideelle aktørar. Utdanningane er delt inn i mindre modular, inneheld praksis i bedrift og kombinerer praksis med språktrening. Rekrutteringa til begge prosjekta er gjort i samarbeid med NAV og med ein prekvalifiseringsperiode. Utfordringar har vist seg å vere i form av korleis norskopplæringa skal organiserast, korleis få godkjent utlandsk utdanning og ulik tolking av regelverket for introduksjonsprogrammet mellom ulike kommunar. For å løyse utfordringane er det nødvendig med god kontakt mellom ulike offentlege aktørar. Prosjekta startar kvar sin klasse med studentar våren 2024.

Det er tydeleg at prioriteringane i *Erasmus+*,

som inkluderer berekraft og det grønne skiftet, digitalisering, og inkludering, appellerer til næringslivet og industrien. Prioriteringane reflekterer sentrale samfunnsutfordringar, og HK-dir ser ein aukande tendens til at aktørane drar nytte av Erasmus+ for å knyte saman utdanning og arbeidsliv innanfor desse felta.

I 2023 sette HK-dir i gang eit målretta arbeid for å gjere internasjonalisering til ei viktig kraft for kompetanseutviklingsinitiativ i regionane. Erasmus+ spela ei nøkkelrolle ved å tilby mogelegheit for samarbeid med internasjonale partnarar som har liknande utfordringar. Eit eksempel er Alver kommune som gjennom sitt Erasmus+ samarbeidspartnarskap søker å skape symbiose mellom industrien, yrkesretta utdanning, og elevane sine karriereval, med vekt på den grønne omstillinga.

I løpet av dei siste åra har lærlingmobilitet vore ei viktig satsing i Erasmus+ og vi observerer ein jamn straum av lærlingmobilitet frå institusjonane, og da særleg frå fylkeskommunane. Dei fremste bidragsytarane i 2023 var Trøndelag fylkeskommune, Viken, Vestland og Innlandet. Gjennom Erasmus+ initiativet *Nasjonalt ekspertteam i Fag- yrkesopplæringa* vart det i 2023 ved Senter for yrkesfag hos UiA starta eit prosjekt med utvikling av modular som skal heve kompetansenivået blant instruktørar i lærebedrifter, med fokus på internasjonale moglegheiter i Erasmus+, innovasjon og entreprenørskap. Målet er å auke talet på lærlingar med internasjonal erfaring, for slik å styrke næringslivet i å møte utfordringane på den skiftande arbeidsmarknaden. Dette arbeidet skal vidareutviklast i 2024 og spreia ut til ulike nettverk nasjonalt som har ansvar for opplæring av lærlingar i bedrift.

NHO sitt kompetansebarometer for 2022 viste at 65 prosent av bedriftene opplever eit udekt kompetansebehov. Totalt sett er behovet for nye tilsette estimert til rundt 38 000, med betydeleg mangel innan handverksfag og ingeniør- og tekniske fag, særleg i Nord-Noreg og Agder. Rundt 51 prosent av bedriftene er lærebedrifter, men det er anslått ein mangel på 2 600 lærlingar. Opp-

læringskontora, som har ei nøkkelrolle for å løyse denne situasjonen. Sidan 2021 har HK-dir opplevd ein tydeleg auke i talet på opplæringskontor som deltar i ulike Erasmus+ konsortium, og då hovudsakleg hos fylkeskommunane. Nokre opplæringskontor er også akkreditert. Totalt deltar no 39 opplæringskontor i Erasmus+. HK-dir har medverka til å opne dører for internasjonalt samarbeid for opplæringskontora, men ser eit potensiale til å i endå større grad imøtekomme kompetansebehovet, eksempelvis ved å introdusere nye perspektiv og kompetansar frå internasjonale partnarar. HK-dir vil støtte opplæringskontora i deira strategiske innsats mot næringslivet for å handtere den stadig skiftande kompetansesituasjonen.

HK-dir er vertsnasjon for det norske koordinatorteamet for det nordiske nettverket for vaksne si læring (NVL). I denne rolla har HK-dir bidratt til utvikling og formidling av ny kunnskap, og nettverket har vore ein arena for erfaringsutveksling og nettverksbygging for styresmaktene og partane i arbeidslivet i dei nordiske landa. NVL sitt digitale arbeidslivnettverk publiserte i 2023 forskingsrapporten *Morgendagens arbeidsliv i den digitale omstilling*. Funn og tilrådingar i rapporten vart formidla nasjonalt. Gjennom ulike arrangement har NVL også delt tilrå-

dingar, rapportar og praksis eksempel med andre nordiske land. Realkompetansevurdering var eit tema på den årlege konferansen Læring i Nord, der det blant anna vart formidla døme på realkompetansevurdering på ulike utdanningsnivå, i arbeidslivet og i ulike nordiske land.

3.1.2 Internasjonalisering i heile utdanningsløpet

Internasjonalisering er avgjerande for kvaliteten i høgare utdanning. I 2023 ser vi ein del positive trendar og resultat, medan det også har vore utvikling i negativ retning på enkelte område.

Det er stort samanfall mellom nasjonale prioriteringar og prioriteringar i dei internasjonale programma. Når det gjeld Erasmus+-strategien særskild, er det stor grad av måloppnåing på dei kvantitative måla og det er auka deltaking i dei prioriterte områda inkludering, digitalisering og berekraft. I grunnutdanninga brukar lokale styresmakter i større grad programmet strategisk til å auke kunnskaps- og kompetansenivået og til å betre samarbeidet mellom utdanning og arbeidsliv. Framover blir det avgjerande for HK-dir å jobbe endå

meir systematisk opp mot opplæringskontora og rekruttere relevante aktørar som har reell påverknadskraft i sektoren.

Talet på innreisande utvekslingsstudentar til Noreg synest å ha stabilisert seg på eit høgt nivå, og talet på norske studentar som reiste på utveksling var også rekordhøgt i 2023, og høgare enn dei siste åra før pandemien. Vi ser også at dei norske studentane i aukande grad vel å reise til enkelte prioriterte samarbeidsland i og utanfor Europa, som Frankrike, Japan og Sør-Afrika. Utvekslinga med Europa går litt ned etter rekordtala i 2022, kanskje fordi studentane i større grad har byrja å velje fjernare reisemål igjen, utan at dette nødvendigvis er land som er prioritert av styresmaktene. Det er difor ei stadig utfordring for HK-dir og institusjonane å stimulere til meir utveksling med dei prioriterte landa.

Digitale løysingar kan vere gode supplement til fysisk mobilitet, og saman med nokre institusjonar har vi gjennomført eit pilotprosjekt for å prøve ut nye metodar for dette i samarbeid med institusjonar i USA og Japan.

Frå og med hausten 2023 innførte Noreg studieavgift for gradsstudentar frå land utanfor EU/EØS, og dette har påverka samansetjinga av dei internasjonale studentane i Noreg.

På grunn av den geopolitiske situasjonen i verda har samarbeid og studentutveksling med land utanfor Europa til dels blitt vanskelegare. HK-dir har i samarbeid med Forskingsrådet, og i tett dialog med sektoren, utvikla retningslinjer og verktøy for ansvarleg internasjonalt samarbeid for å rettleie institusjonar som ønskjer å samarbeide med land Noreg ikkje har tryggleikspolitisk samarbeid med. Retningslinjene er nærmare omtalt i kapittel 3.5.5.

Internasjonalisering i høgare utdanning – veksten etter pandemien held fram

Meld. St. 7 (2020–2021), En verden av muligheter – Internasjonal studentmobilitet i høyere utdanning stiller høge forventningar til universiteta og høgskulane om blant anna å gi rom for utveksling i studieplanane for alle studieprogram. HK-dir har sett i gang tiltak for å følgje opp meldinga, som til dømes ei meir samla tilnærming til informasjon til studentane, og støtte til prosjekt retta mot særlege utfordringar i korte profesjonsutdanningar. I 2023 tildelte vi midlar til 13 nye prosjekt i denne porteføljen, som betyr at totalt 29 prosjekt på 11 ulike høgare utdanningsinstitusjonar kjem til å gjere ein ekstra stor innsats for å auke mobiliteten i desse fagfelte dei neste fire åra. Fleire av fagmiljøa skal lage nødvendige strukturar og arbeide

for å skape ein kultur for utveksling. Det vil ta ei stund før effekten av tiltaka viser seg i nasjonal statistikk.

I tillegg til forvaltning av tilskotsordningar arbeidar HK-dir for at institusjonane skal nå sine internasjonaliseringsmål ved at vi gir rådgiving og legg til rette for erfaringsutveksling og nettverksbygging mellom institusjonane. Vi bygger også kunnskapsgrunnlag og bidrar til at gode praksisar blir speidde i formelle og uformelle møte og felles samlingar for heile sektoren.. Erasmus+, Nordplus og dei nasjonale ordningane for internasjonalt kunnskapssamarbeid som HK-dir forvaltar, bidrar til å stimulere til studentmobilitet, både inn og ut av Noreg. Vi jobbar aktivt for at institusjonane skal kunne bruke ulike verkemiddel i lag for å oppnå best mogeleg resultat. Nordplus og Erasmus+ kan til dømes brukast komplementært for å auke mobiliteten mellom dei nordiske landa. Slik bidrar vi til at institusjonane får gode føresetnader for å jobbe for betre med studentutveksling.


Sjølv om det er eit godt stykke att til norsk universitets- og høgskule-sektor når målet om 50 prosent mobile studentar, er studentmobiliteten generelt i ei positiv utvikling. Tendensen frå 2022 med ein sterk auke i

talet på utvekslingsstudentar samanlikna med botnnivåa under pandemien, forsterka seg ytterlegare i 2023, og vi ser rekordhøge mobilitetstal for studentane ved dei norske institusjonane. Også talet på innreisande utvekslingsstudentar auka, og ser ut til å stabilisere seg på eit høgare nivå enn før pandemien.

Når det gjeld internasjonal studentmobilitet er det ikkje berre volum som tel, men ulike tiltak skal også stimulere til at studentane reiser til prioriterte regionar og land i og utanfor Europa, og på bakgrunn av institusjonelle avtalar og samarbeid. HK-dir stimulerer til utveksling med prioriterte land gjennom dei internasjonale tilskotsordningane vi forvaltar.


Erasmus+ er det største tiltaket HK-dir har for å stimulere til meir mobilitet. Rett etter pandemien opplevde vi stor interesse hos institusjonane for Erasmus+ mobilitet til og frå Europa. Søknadstala har gått noko ned i 2023, og mobilitetstala viser same tendens. I 2023 har mobilitetstala til Europa gjennom Erasmus+ gått noko ned i høve til 2022, men held seg framleis høgare enn før pandemien. Talet på innreisande studentar gjennom Erasmus+ auka i 2023 samanlikna med førre år, men verkar å flate noko ut.

Figur 2 Utvikling i studentmobilitet i høgare utdanning (3 mnd. eller meir), 2019-2023



Kjelde: DBH

Figur 3 Utvikling i Erasmus+-mobilitet i høgare utdanning (3 mnd. eller meir), 2019-2023



Kjelde: DBH

Den generelle trenden vi ser i Erasmus+ innanfor Europa finn vi også når det gjeld dei prioriterte samarbeidslanda Tyskland og Frankrike. Færre norske studentar var på utveksling i desse landa samanlikna med 2022, men særleg for Frankrike er det ein ganske solid auke dersom vi samanliknar med tala før pandemien. Også for Tyskland er tala tilbake på 2019-nivå i 2023.

Når det gjeld innreisande studentar til Noreg, kjem det flest studentar frå Tyskland, og dernest frå Frankrike. Det er ein føresetnad for utveksling at institusjonane har gode avtaler og samarbeid med franske og tyske partnerar. HK-dir har også i 2023 arrangert møteplassar der norske institusjonar kan møte franske og tyske partnerar og diskutere felles problemstillingar. Eit døme er den tysk-norske nettverksmottakinga i samband med EAIE-konferansen i Rotterdam i fjor, med nærare 200 deltakarar. Desse arrangementa gjer HK-dir saman med samarbeidspartnarane våre i Tyskland og Frankrike, og bidrar slik til auka dialog, samarbeid og mobilitet mellom landa.

Tabell 7 Utvikling i studentmobilitet med Tyskland og Frankrike, 2019–2023

År	Frankrike		Tyskland	
	Innreisande	Utreisande	Innreisande	Utreisande
2019	1 200	365	1 860	290
2020	725	195	870	195
2021	1 170	295	1 800	165
2022	1 485	565	2 285	330
2023	1 490	515	2 230	295

Kjelde: DBH



Vi ser altså at utveksling til europeiske land i 2023 var noko mindre enn i 2022, som var det første året etter pandemien. Dette skjer samstundes som tala totalt går opp, og det er mogeleg å tenkje seg at studentane brukar mogelegheita til å dra til land lenger borte, noko som kanskje var opplevd som utrygt, eller for nokre land umogleg, i kjølvatnet av pandemien. Vi følgjer utviklinga i statistikken over utvekslingsstudentar til Europa og vil vurdere fortløpande om det er nødvendig å setje i gang særlege tiltak.

Søkjartal til Erasmus+-tiltaket *Global mobilitet* viser at norsk universitets- og høgskule-sektor har høge ambisjonar for internasjonalt samarbeid utanfor EU/EØS. I 2023 søkte 21 institusjonar om til saman 6,7 millionar euro til å finansiere student- og tilsettutveksling mellom Noreg og land utanfor Europa. Det er ein auke på meir enn 1,5 millionar euro samanlikna med 2022, og mykje meir enn budsjetttramma på 2,7 millionar euro. Ser ein på talet på mobilitetar det vert søkt om, auka det med 67 prosent frå 2022 til 2023, frå 1083 til 1807. Fleire av søkjarane grunngav denne auken med at dei ville bruke Erasmus+-midlar til å kompensere for bortfall av studentar frå utanfor EØS/Sveits etter innføringa av studieavgift.


Mobilitetstala frå DBH frå 2023 viser at norske studentar framleis aller helst reiser til Australia når dei reiser på utveksling utanfor Europa, og at blant desse landa tok Noreg i mot flest utvekslingsstudentar frå Nord-Amerika. Det kjem også fram ein sterk nedgang i talet på norske utvekslingsstudentar til USA. Det siste har truleg samanheng med auken til andre land og endra vilkår for helseforsikring i USA.

Nedgangen i utveksling til USA påverka likevel ikkje det overordna biletet, som viser at utvekslinga med både samarbeidslanda i det globale sør og landa som er omfatta av Panoramastategien har

auka vesentleg etter koronapandemien. Mobilitetstalla viser at mobiliteten til og frå fleire av landa no er tilbake på nivå med mobilitetstala frå før 2020. Samla gjenstår det likevel ein del for å nå 2019-nivået.

Dette er også den generelle tendensen når det gjeld utveksling til dei ikkje-engelskspråklege landa som er omfatta av Panoramastategien. Det generelle nivået kan ikkje måle seg med 2019, men det var ein vesentleg auke i både inn- og utmobilitet for mange av landa frå 2022 til 2023. Det er lettast for norske studentar å reise til engelskspråklege land når dei reiser på utveksling. I Panoramastategien er eit av delmåla at fleire studentar skal velje studiar i dei prioriterte land som ikkje er engelskspråklege, sidan dette kan gi perspektiv og kompetanse frå viktige kunnskapsnasjonar som det norske samfunnet og arbeidslivet vil ha bruk for. Vi merkar oss særleg at utvekslinga med Japan aukar sterkt, og at tala for Sør-Korea og India heldt seg relativt høge. Endeleg viser tala at kinesiske studentar på nytt kom til Noreg på utveksling i 2023, men at norske studentar foreløpig ikkje reiser til Kina i særleg grad, noko som står i sterk kontrast til situasjonen i 2019.

Figur 4 Studentutveksling mellom Noreg og prioriterte samarbeidsland utanfor EU/EØS, 2019–2023



Kjelde: DBH

Land	2019		2020		2021		2022		2023	
	Innreisande	Utreisande	Innreisande	Utreisande	Innreisande	Utreisande	Innreisande	Utreisande	Innreisande	Utreisande
Brasil	36	68	22	33	21	3	32	41	48	48
Canada	172	201	71	144	17	19	132	164	177	167
India	46	166	31	98	33		55	76	62	104
Japan	126	136	100	100	4	14	77	61	139	183
Kina	202	246	99	70	32	9	62	10	112	16
Russland	154	72	76	25	141	26	62	17	17	0
Sør-Afrika	34	242	21	107	3	9	19	87	60	212
Sør-Korea	72	90	31	41	18	46	48	91	65	106
USA	313	930	127	404	66	230	197	987	219	771
SUM	1 155	2 151	578	1 022	335	356	684	1 534	899	1 607

Tabell 8 Studentutveksling mellom Noreg og landa som er omfatta av NORPART-programmet, 2019-2023

Land	2019		2020		2021		2022		2023	
	Utreisande	Innreisande	Utreisande	Innreisande	Utreisande	Innreisande	Utreisande	Innreisande	Utreisande	Innreisande
Bangladesh		15				15				5
Colombia	5	5		10				15	5	20
Cuba	55			5			5	15	60	5
Etiopia		45		25		10		60	5	30
Ghana	50	20	10	15	5		15	20	40	5
Guatemala		5						5		5
Indonesia	25	5	5			5	5	25	20	5
Kamerun		5		15		10		5		10
Kenya	20	10	5			10	5	10	10	15
Malawi	5	10	5	10			5	5	5	15
Mali										5
Mozambique										5
Myanmar								5		5
Nepal	25	5	10	5			10	20	15	20
Nicaragua			5							
Pakistan		5						5		10
Palestina	15	5	5	5		5		5		10
Peru	10		5				5	5	5	5
Rwanda								5		5
Sri Lanka	5	30	15	20		10		20		20
Sudan										
Tanzania	220	25	40	10	5	15	120	30	240	40
Uganda	40	15		10	5	5	5	30	25	25
Vietnam	25	20	20	5		10	5	15	40	15
Zambia	50	15	15	5			20		35	5
Zimbabwe		5								

Kjelde: DBH

Norske studentar som reiser på utveksling gjennom NORPART, reiser gjerne på kortare opphald i partnerlanda, i samband med feltarbeid, kortare forskings- og praksisopp- hald, eller sommarskule. Til samanlikning kjem studentane som reiser til Noreg oftast på lengre opphald, gjerne eit semester eller meir. NORPART har som mål at dei fleste av utvekslingsopphalda skal vere lengre enn tre månader. Den noko ubalanserte mobiliteten skuldast truleg at norske studentar har utfordringar med å integrere lange mobilitetsperiodar i studieplanane sine. Norske studentar oppgir også bekymringar knytt til økonomi, til dømes at dei mistar arbeidsinn- tekt eller vil ha høge bustadutgifter i Noreg medan dei er på utveksling, som årsak til at dei vel kortare framfor lange utvekslingsopp- hald.

Krig og konflikt i nokre nøkkelland gir negative utslag på mobilitetsstatistikken. Dette gjeld mellom anna borgarkrigen i Etiopia, som er det landet med flest NORPART-finansi- erte prosjektsamarbeid, men sjølv sagt også Russland sitt åtak på Ukraina, som har ført til at studentmobiliteten mellom Noreg og Russland har blitt redusert til eit minimum.

Over tid har HK-dir hatt fokus på at studentar som ikkje kan reise på lengre utvekslingsopp-

hald skal kunne få internasjonale element inn i utdanninga si, og reiserestriksjonane under pandemien forsterka arbeidet vårt med slike tiltak. Særleg har vi prøvd ut korleis digitale løysingar kan stimulere til internasjonalisering ved norske høgare utdanningsinstitusjonar. Slike løysingar finn vi til dømes i Erasmus+, der det ei av dei nye mogelegheitene i pro- grammet, Blanda intensivprogram, nådde studentane i 2023. Dette er eit tilbod som kombinerer kortare mobilitet med ein digital komponent, og som såleis passar til å inklu- dere studentar som ikkje har moglegheit til lengre opphald i utlandet.

I 2023 har HK-dir også samarbeida med American Association of Colleges and Universities (AAC&U) om å tilby eit kurs i korleis ein utarbeidar og gjennomfører eit COIL-samarbeid. *COIL – collaborative online international learning* – er ei arbeidsform som kombinerer internasjonalt og virtuelt samarbeid. Åtte norske høgare utdanningsin- stitusjonar og deira partnerar i USA og Japan deltok i kurset *Norwegian Panorama Virtual Exchange/COIL Partnerships*, der målet var å utvikle og gjennomføre COIL-modular med tett oppfølging frå AAC&U.


Kurset har gitt dei norske institusjonane tettare samarbeidsrelasjonar til dei ameri-

kanske og japanske partnerane sine, og dei har tileigna seg ny kompetanse om COIL. For HK-dir har det vore viktig å følgje opp korleis dei norske institusjonane kan bruke erfa- ringane frå kurset til å spreie COIL-arbeidet vidare ut på kvar enkelt institusjon. Vi erfarer at engasjementet og interessa for COIL er stort, og at dei positive erfaringane frå kurset med AAC&U gjer at det er høg etterspur- nad etter meir samla ressursar og arenaer for erfaringsdeling på dette feltet. Kurset blir avslutta våren 2024 og vil bli evaluert av del- takarane og AAC&U. I forlenginga av kurset har deltakarane etablert eit institusjons- nettverk for erfaringsdeling. På bakgrunn av evalueringane og i samarbeid med dette COIL-forumet, vil HK-dir i 2024 opprette ei nettside som skal fungere som eit kontakt- punkt og ressurside for institusjonar og fagmiljø som vil utvikle COIL-samarbeid.

Tal på utanlandske gradsstudentar frå land utanfor EØS og Sveits (tredjeland) minka i 2023, i samband med at det vart innført studieavgift for studentar i denne gruppa.⁶ Ein auke i talet på studentar frå EØS og Sveits har på langt nær vore nok til å utlikne nedgangen. Samanlikna med haustsemesteret 2022 har talet på gradsstudentar frå tredjeland nesten blitt halvert året etter. Nedgangen i talet på internasjonale studentar har hatt størst konsekvensar for studieprogram på masternivå. Nedgangen er samanliknbar med tilsvarende nedgang i nordiske naboland etter at dei innførte studieavgift.

Hausten 2023 varsla regjeringa at ho ville opprette ei stipendordning for studentar frå utanfor EØS og Sveits, finansiert over bistandsbudsjettet. Norad fekk i oppdrag frå UD å saman med HK-dir å utvikle eit forslag til innretting av eit slikt stipendprogram. Forslaget vart levert til UD i november, med forslag om at ordninga skal omfatte studentar frå dei same landa som er omfatta av NORPART og NORHED programma. Stipendmottakarar skal rekrutterast innanfor rammene av institusjonelle samarbeid, og takast opp til studieprogram som er tematisk relevante for sentrale bistandsprioriteringar. Stipendordninga skal forvaltast av HK-dir, som vil utarbeide administrative rammer for ordninga.

Figur 5 Utvikling i talet på utanlandske gradsstudentar i Noreg, 2014–2023



⁶ Utanlandske studentar er definert som personar som studerer ved universitet og høgskular i Noreg, og som har utanlandsk statsborgarskap. Alle utanlandske borgarar som er registrerte som studentar blir telt med i denne statistikken, uavhengig av grunnen til at dei oppheld seg i Noreg.

Stor interesse for internasjonalisering i grunnopplæringa

Samla tildelte HK-dir i 2023 nær 210 millionar norske kroner til internasjonalt samarbeid gjennom Erasmus+ i grunnopplæringa. Grunnopplæringa inkluderer her barnehage, grunnskule, vidaregåande skule og vaksenopplæringa. HK-dir ser ei auka interesse og eit jamt tilsig av institusjonar som er nye i programmet. Dette er i tråd med målet i Erasmus+ strategien om at programmet skal nå breitt ut. Av 507 innvilga mobilitetsprosjekt i grunnopplæringa i den nye programperioden, er 166 frå nye søkjarar. Det er totalt komme inn 28 nye institusjonar som koordinerer eit partnerskapsprosjekt og av desse kjem 17 frå grunnopplæringa.

Den auka interessa for programmet gjer at det er stor oversøking til dei fleste tiltaka. Difor har vi i 2023 retta mobiliseringsarbeidet mot søkjarar med god relevans for programmet og fokusert på å auke kvaliteten på eksisterande aktivitet. Kommunar og fylkeskommunar er drivkrefter for meir strategisk bruk av internasjonalt utdanningssamarbeid på lokalt og regionalt nivå, og er difor særleg prioriterte målgrupper. I perioden 2023–2024 vidarefører vi kursrekka *Kompetanseheving for auka internasjonalisering i utdanning og*

opplæring i kommunesektoren, etter modell frå ei pilotordning frå 2021–2022. Målretta arbeid er avgjerande for å aktivisere denne delen av sektoren. Vi ser frå ordninga at ei strategisk forankring av internasjonalisering knytt opp mot pågåande satsingar på kommunalt nivå bidrar til kvalitet, og gjer det lettare for einingane å prioritere internasjonalt utdanningssamarbeid. For fylkessektoren har ei prioritering i 2023 vore å leggje til rette for at fylka skal kunne utforske korleis dei i større grad kan bruke Erasmus+ som verktøy i regionalutviklinga og i arbeidet med å møte framtidas kompetansebehov. Ved å setje dette på agendaen har HK-dir medverka til nytenking og erfaringsdeling, som på sikt kan føre til at fleire fylke vel å bruke programmet breiare og meir strategisk



210 mill.

til internasjonalt samarbeid i grunnopplæringa gjennom Erasmus+

HK-dir har eit godt samarbeid med nasjonale og internasjonale aktørar innanfor grunnopplæringa. I 2023 vart samarbeidet mellom Udir og HK-dir utvikla vidare gjennom faste møtepunk, og konkrete samarbeidstiltak. Vi har særleg lagt vekt på felles informasjon om moglegheitene i Erasmus+, og ser gode effektar av at Udir bidrar til å spreie informasjon gjennom sine kanalar. Vi var også vertskap for fleire møte med nordiske nasjonalkontor i Erasmus+. Desse møta er viktige for erfaringsutveksling og deling av konkrete tiltak og prosedyrar, og vi ser også at meir samla og samkøyrta påverknad opp mot EU-kommisjonen bidrar til auka gjennomslagskraft.

Allereie tre år ut i den nye programperioden kan vi slå fast at vi ligg godt an til å nå alle dei kvantitative måla som vart sett i Erasmus+-strategien for mobilitet i grunnopplæringa. I alle dei tre sektorane ser vi ein kraftig auke i talet på søkte og tildelte Erasmus+ mobilitetar frå 2021 til 2023. Talet på søkte mobilitetar auka med så mykje som mellom 420 og 640 prosent. Det er særleg akkrediteringstiltaket og moglegheitene for å bruke Erasmus+ langsiktig og strategisk som treff sektoren godt. Erasmus+-strategien har eit mål om at alle fylke skal vere akkreditert i minst to sektorar. Dette målet er i stor grad nådd. Som eit resultat frå kompetansehevingstiltaket for kommunesektoren fekk vi i 2023 dei første akkrediterte kommunane i programmet.

Ei utfordring er at tilgjengeleg budsjett er betydeleg lågare enn etterspurnaden. Låge tildelingar kan påverke motivasjonen til institusjonane over tid. Sjølv ein forventa auke i budsjettet fram mot slutten av programperioden vil truleg ikkje kunna absorbere etterspurnaden.


Tabell 9 Utvikling i talet på søkt og tildelt mobilitet i grunnopplæringa, 2021-2023

Utdanningsnivå	2021		2022		2023	
	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt
Skule og barnehage	1 683	1 675	5 809	3 968	10 787	4 197
Fag- og yrkesopplæringa	956	926	2 575	2 195	5 396	2 612
Vaksæring	193	190	412	402	819	761

Kjelde: EU-kommisjonen

I Erasmus+ strategien er det eit mål om auka mobilitet til dei prioriterte samarbeidslanda Frankrike og Tyskland, mellom anna som følgje av at Storbritannia ikkje lenger deltar i Erasmus+. HK-dir har jobba aktivt for å leggje til rette for dette og med å fremje verdien av mobilitet for framandspråkundervisninga generelt. Her er det også viktige koplingar mellom Erasmus+ og nasjonale tilskotsordningar for studieopphald i utlandet for grunnopplæringa. Heile 16 prosent av mobiliteten i grunnopplæringa gjekk til dei britiske øyane i førre programperiode, men tala så langt i programperioden viser at ein har lukkast med å vende denne mobilitet til andre land. Mobilitet til Frankrike og framfor alt Tyskland har den største auken om ein samanliknar noverande med førre programperiode.

Figur 6 Mobilitetsdestinasjonar i grunnopplæringar, prosentfordeling mellom topp-ti mottakarland av norske deltakarar, 2014–2020 og 2021–2023



Satsinga på samarbeid med Frankrike og Tyskland kan ein også sjå resultat av i eTwinning. Fleire av dei aktive eTwinning-ambassadørane har bakgrunn frå framandspråkundervisning i tysk eller fransk. Heile 33 prosent av alle nye registreringar på plattforma i 2023 var lærarar med bakgrunn frå framandspråkundervisning. Dette viser at eTwinning er eit tilbod som er særleg interessant for framandspråklærarar.

HK-dir forvaltar også andre ordningar for mobilitet i grunnopplæringa, blant anna tilskotsordningar for utveksling i utlandet. Det er viktig å sikre at ordningane er best mogleg innretta, og som svar på oppdrag frå KD, gjennomførte HK-dir i 2023 en brei vurdering av fleire av desse tilskotsordningane (oppdrag 2022–25). HK-dir har ei rekkje tilrådingar med tanke på administrasjonen av ordningane, og foreslår også å utvikle ei ny felles språkordning med satsing på fransk og tysk som framandspråk.

Totalt er det få elevar som vel å reise på Vg2-utveksling. Berre 1,6 prosent av elevmassen på Vg2 fekk støtte gjennom Lånekassen til utveksling i skuleåret 2022–23. Ei undersøking frå HK-dir som vart gjennomført i 2023, viser at talet er halvert frå skuleåret 2013–14 til 2022–23. Særleg går talet på elevar som reiser med ein utvekslingsorganisasjon ned. Ei brukarundersøking frå 2023 viser at utviklinga kan ha samanheng med ein usikker politisk og økonomisk situasjon globalt, men også at meir lokale og individuelle årsaker kan verke inn. For å auke rekrutteringa har det for HK-dir vore viktig å bidra til å sikre kvalitet i ordninga, blant anna gjennom å skjerpe krava i ny forskrift, og gjennom rettleiing og hyppigare brukarundersøkingar.

Erasmus+ småskalapartnerkap, samarbeids-partnerskap og Senter for framifrå fag- og yrkesopplæring (CoVE) støttar opp under EU sine politiske mål og skal bidra til å møte måla om meir innovativ, inkluderande og berekraftig økonomi og samfunnsutvikling. Gjennom å ta i bruk programma, er norske deltakarar med på å styrke norsk grunnopplæring.

Interessa for desse tiltaka har auka. Det vart i 2023 søkt om 433 partnerskapsprosjekt mot 232 i 2021. På grunn av betydeleg reduksjon i budsjetta har talet på innvilga prosjekt likevel gått ned. Samstundes er det særst positivt at vi ser god deltaking i det sentraliserte prestisjetiltaket CoVE frå norske aktørar dei siste åra, og måлтаlet i Erasmus+ strategien er allereie nådd.

I 2023 var hovudmålet for rekrutteringsarbeidet vårt kvalitet framfor kvantitet, gjennom å rekruttere norske deltakarar som har ei strategisk tilnærming til kvalitetsutvikling i opplæringa. For å auke merksemda rundt CoVE og samarbeidspartnerskap arrangerte HK-dir internasjonale Erasmus+ seminar for kvart tiltak. Gjennom målretta arbeid i ulike fora har HK-dir gitt institusjonane hjelp slik at dei kan utvikle prosjektidear som kan fremje entreprenørskap og innovasjon og bygge på god infrastruktur og eit støttande nettverk. På len-

gre sikt ønskjer vi å skape prosjekt som gir ein berekraftig samfunnsgevinst med auka aktivitet, samarbeid og sysselsetjing i regionane. Prosjekta skal også vere inkluderande og nå ut til underrepresenterte grupper og landsdelar.

Mellom 2021 – 2023 vart det utvikla fleire gode prosjekt med fokus på regional utvikling. Eit eksempel er Fagskulen i Rogaland som gjennom eit CoVE-prosjekt arbeider mot å verte eit fagleg senter som skal sikre utvikling av yrkesopplæringa for å støtte marknaden for offshore fornybar energi. Vi ser også fleire gode prosjekt der samarbeid på tvers av utdanningsnivå skal bidra til ei betre opplæring. Eit døme på dette er UIS, som saman med sine skulepartnarar brukar kunstig intelligens for å motivere til kreativ skriveopplæring på mellomtrinnet.

3.1.3 Samordning og iverksetting av digital omstilling i universitets- og høgskulesektoren

Endringar i samstyringsmodellen og tilstandskartlegging for digital omstilling er gjennomført

HK-dir spelar ei nøkkelrolle som samordnar og pådrivar for digitalisering i universitets- og høgskulesektoren, noko som delvis blir utført gjennom samstyringsmodellen for digitalisering i høgare utdanning og forskning. Denne modellen, som vart revidert hausten 2022 og innført i 2023 i nært samarbeid med Sikt, sikrar at institusjonane i sektoren får kontinuerleg medverknad og innverknad på forvaltninga og utviklinga av felles tenester.

Digitaliseringsstyret, som er det øvste nivået i samstyringsmodellen, heldt fram arbeidet sitt i 2023. HK-dir overtok sekretariatsansvaret frå Sikt ved inngangen til året, og det vart oppnemnt eit nytt styre. Styret har behandla og vedteke langtidsplan for felles tenester og ei vidareført ramme for felles investeringsmidlar. Dei har også gitt råd til HK-dir og diskutert konsekvensane av inntoget til kunstig intelligens. På nivå to i samstyringsmodellen er det oppretta tre porteføljestyre som prioriterer og styrer felles tenester innanfor definerte produktområde, der Sikt har sekretariatsansvaret. HK-dir har observatørar i alle porteføljestyra.

I 2023 gjennomførte vi ein første tilstandskartlegging av universitets- og høgskulesektoren sitt arbeid med digital omstilling. Denne kartlegginga gir institusjonane og departementet oversikt over arbeidet med digital omstilling i sektoren, og vil danne grunnlag for nye prioriteringar og revisjon av strategi og handlingsplan. Kartlegginga peikar på funn og tilrådingar for vidare arbeid, som vi har tatt opp med Digitaliseringsstyret for å få innspel til tema dei ser det kan være aktuelt å gå djupare inn i. Blant desse er behovet for å styrke den digitale kompetansen, og behovet for å styrke arbeidet med fagnær digital omstilling. Kartlegginga viser at institusjonane generelt har ei positiv haldning til samarbeid i sektoren og deling av tenester, løysingar og praksisar. Dette skaper eit godt utgangspunkt for vidare samarbeid om digital omstilling i sektoren, noko som støttar arbeidet med å vidareutvikle kvaliteten i utdanning, forskning og innovasjon. Vi har opplevd stor interesse frå sektoren rundt arbeidet i 2023. Resultata frå kartlegginga blir publiserte i ein eigen rapport tidleg i 2024.



Oppdrag 2023-006

Etablere og drive Etatsgruppe for digital transformasjon i utdanningssektoren

HK-dir og Udir har saman oppretta [Etatsgruppe for digital transformasjon i utdanningssektoren](#) som eit svar på felles oppdrag frå mars 2023. Grappa samlar toppleiarar frå HK-dir, Udir, Sikt, Statped, NOKUT og Lånekassen for å utvikle ei felles retning for innovative digitale brukarreiser på tvers av etatane sine ansvarsområde. Digdir er med i grappa for å sikre samanheng med digitaliseringsarbeid i offentleg sektor, og KD deltar som observatør.

Etatsgruppa starta opp i juni og har hatt fleire møte. Dei har sett i gang tiltak for å etablere oversikter og eit

analysegrunnlag som utgangspunkt for vidare arbeid. Utviklinga av eit rammeverk for eit felles vegkart er starta, med viktige diskusjonar om fokusområde, kriteria for felles prioriteringar og problemstillingar relatert til finansiering av felles digitaliseringstiltak. I 2024 vil ein første versjon av det felles vegkartet vere eit sentralt arbeid for etatsgruppa. Dei har også avgjort å samarbeide om ein eigen utdanningsdel på dag to av den årlege Digitaliseringskonferansen for leiarar i offentleg sektor, som finn stad i juni 2024.

3.1.4 Inkluderande og universelt utforma læringsmiljø

Auka merksemd og kunnskap om inkludering, universell utforming og tilrettelegging i høgare utdanningssektoren


Arbeidet med inkludering, universell utforming og tilrettelegging for studentar med funksjonsnedsettingar har fått auka merksemd i universitets- og høgskulesektoren. HK-dir har vore ein viktig bidragsytar til dette gjennom å være ein aktiv pådrivar og tydeleg fagleg rettleiar for institusjonane på desse fagområda. Fleire aktørar i sektoren har tatt initiativ til å setje denne tematikken på dagsordenen i 2023. Til dømes hadde den *Nasjonale studierettleiarkonferansen* 380 deltakarar og sette av ein heil dag til temaet tilrettelegging. *Kompetansenettverket for studentars suksess i høgare utdanning* brukte to dagar på universell utforming, som resulterte i ein rettleiar om psykososialt, pedagogisk og organisatorisk læringsmiljø. UHR Utdanning og HK-dir arrangerte eit webinar om universell utforming av IKT for leiarar. HK-dir bidrog med innhald, faglege råd og kunnskapsoverføring i alle desse arrangementa, noko som førte til direkte førespurnader til direktoratet om individuell oppfølging av enkelte institusjonar.

HK-dir har også oppretta ein digital møteplass for institusjonane, som har blitt ein viktig arena for kunnskapsdeling, med over 200 deltakarar og 21 offentlege utdanningsinstitusjonar representerte. Temamøte og Teams-grupper fører til gjensidig erfaringsutveksling og kunnskapsoverføring både frå direktoratet, institusjonane og andre samarbeidspartnarar. Tilbakemeldingane er positive, og tema for møta er styrt av institusjonane sine behov.

Vi ser at det er ei reell kunnskapsheving blant institusjonane, men tematikken er framleis kompleks, med behov for juridiske avgrensing-

gar og forståing av institusjonelt handlingsrom. Det er behov for meir systematisk planarbeid og støtte frå direktoratet.

Utdanningsinstitusjonane arbeider i ulik grad systematisk med universell utforming, funksjonsnedsetting og tilrettelegging. Berre 10 av 21 offentlege universitet og høgskular har aktive handlingsplanar på området, med konkrete tiltak og aktivitetar. Handlingsplanane er i varierende grad forankra i leiinga eller andre overordna styringsverktøy, men mange læringsmiljøutval har vore aktive i prosessen med å utforme planarbeidet. Av dei 11 institusjonane utan aktive handlingsplanar, hadde seks institusjonar utgåtte planar tilgjengelege på nettet.



Positiv utvikling for universell utforming av digitalt utstyr, digitale tenester og læringsformer

Frå 1. februar 2023 fekk offentlege utdanningsinstitusjonar plikt til å lage ei tilgjengeligheitserklæring for nettløysingar som blir brukt av studentane. Per 6. desember var det publisert 290 tilgjengeligheitserklæringar i høgare utdanningssektor, fordelt på 24 universitet, høgskular og vitskaplege høgskular. Data frå tilgjengeligheitserklæringane viser at 24 institusjonar hadde laga erklæringar for nettstaden sin, og nettstadane var i samsvar med 77 prosent av krava.

For nokre utvalde typar av undervisningstenester, vart det rapportert om følgjande:


- 66 prosent samsvar for læringsplattforma Canvas (16 erklæringar)
- 59 prosent samsvar for digital eksamen i løysingane Inspira Assessment og WISEflow (til saman 7 erklæringar)
- 92 prosent samsvar for videotenesta Panopto (11 erklæringar)

Dei vanlegaste brota er relaterte til innhaldsprodusentar, forelesarar og oppgåveforfattarar som produserer og legg ut innhald i løysingane. Dette gjeld til dømes teksting av video, tekstskildringar av lydklipp, skildring av bilete, skriving av gode lenketekstar og formatering av tekst.

Tilgjengeligheitserklæringane gir data som HK-dir brukar som grunnlag i rettleiings- og pådrivararbeidet innan universell utforming av IKT. Kravet har ført til konkretisering av arbeidet og målbare positive endringar. Kravet har også utløyst eit behov for sektorspesifikk fagleg rettleiing og hjelp til prioriteringar innan eit breidt spekter av tenester som studentane har tilbod om.

HK-dir har i oppdrag å hjelpe institusjonane med universell utforming av digitalt utstyr, digitale tenester og læringsformer, og lovkrava i webdirektivet (WAD) og tilgjengeligheitsdirektivet (EAA). Eit godt samarbeid mellom HK-dir, Sikt, UU-tilsynet i Digitaliseringsdirektoratet og fleire institusjonar har danna grunnlag for ein meir målretta og effektiv innsats for å hjelpe institusjonane med å oppnå krava i lov og forskrift.

Figur 7 Grad av samsvar med krav til universell utforming hos høgare utdanningsinstitusjonar i 2023



Tjeneste	Prosent samsvar	Prosent brudd	Antall
Videotjeneste	92 %	8 %	11
Institusjonens nettsted	77 %	23 %	24
Læringsplattform (LMS)	66 %	34 %	16
Digital eksamen	59 %	41%	7

3.2 Mål 2

Den enkelte har god kunnskap om og tilgang til utdanning, karriererettleiing og livslang læring

3.2.1 Effektivt og brukarvennleg opptak til høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning

HK-dir har ansvar for å sikre eit forsvarleg opptak til høgare yrkesfagleg utdanning og høgare utdanning, medan ansvaret for dei tekniske systema for dei samordna opptaka og av Nasjonal vitnemålsdata-base (NVB) ligg hos Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør. Samla sett var opptaket til høgare utdanning mindre effektivt og brukarvennleg i 2023 samanlikna med dei føregåande åra. Årsaka til dette var feil i IT-systema levert av Sikt, og det var hovudsakeleg brukarane på lærestadane som vart ramma. I 2023 har det vore ei prioritert oppgåve for Samordna opptak å samarbeide med Sikt for å modernisere og oppdatere opptakssystema. Ein felles plan for prosjektet Fremtidens opptak vart overlevert til KD, etter at regjeringa løyva midlar til å utvikle nytt opptakssystem over statsbudsjettet. Med unntak frå dei tekniske utfordringane i 2023, gir lærestadane tilbake-melding om at dei er nøgde med organiseringa og gjennomføringa av opptaka. Opptaka vert gjennomført så effektivt som mogeleg med dagens regelverk og teknologi, og lærestadane ønskjer ei tilnærma tilsvarande organisering av opptaket til masterutdanningane.

Opptaket til høgare yrkesfagleg utdanning og høgare utdanning i 2023 var vellukka og arbeidskrevjande

Opptaket til grunnutdanningar ved universitet og høgskolar var i 2023 prega av at systema for kontroll og behandling av vitnemål ikkje var oppdaterte i samsvar med endringane i vidaregåande opplæring (Fagfornyelsen). Dette førte til mange manuelle saksbehandlingsprosessar for opptakskontora ved universitet og høgskolar. Dei manuelle

prosessane var ei nødløysing for å kunne gjennomføre opptaket som planlagt, og utan vesentlege feil. Mykje av arbeidsbyrda vart lagt på lærestadane, og arbeidsprosessane vart mindre automatiserte, mindre effektive og mindre brukarvennlege enn dei har vore tidlegare år. HK-dir kan i denne situasjonen berre vidareformidle tilbagemeldingane frå brukarane ved lærestadane til Sikt, medan det er Sikt som bestemmer korleis dei skal rette feil eller handtere endringar i grunnlaget for systema dei har ansvar for. Fagskolane vart gjennom opptaket til høgare yrkesfagleg utdanning også påverka av desse feila, men i mindre grad enn universitet og høgskular.

Søklar- og opptakstal til høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning er publisert på nettsida <https://www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall/>

Regelverket for opptak og tolkinga av denne teksten legg til rette for likebehandling, rettferd og korrekt fordeling av studieplassar. Rutinar, prosedyrar og saksbehandling held god kvalitet, noko det låge talet klagesaker stadfestar. I 2023 vart følgjande to vedlegg formelt knytt til forskrifta; «Generell studiekompetanse for søklarar med utanlandsk utdanning – GSU-lista (vedlegg I)» og «Liste over tabellar for omrekning av karakterar frå

utanlands vidaregåande opplæring (vedlegg II)». Denne endringa gjer det mogleg for ulike interessentar å kome med innspel til vedlegga i samband med forskriftshøyringane.

Klagesaker til Nasjonal klagenemnd

Talet på klagesaker til den Nasjonale klagenemnda for opptak til universitet og høgskular auka noko frå 51 klager i 2022 til 58 klager i 2023. Den nasjonale klagenemnda for opptak opprettheldt opptakinstansens vedtak i 51 av desse sakene. I tre av sakene fekk klagarane delvis medhald, to saker vart avvist fordi dei var sende til feil klageinstans. Få klagesaker er ein indikasjon på at få søklarar er ueinige i resultatet av saksbehandlinga som vert gjort av lærestadane.

2019: 74 klager
2020: 84 klager
2021: 86 klager
2022: 51 klager
2023: 58 klager

Felles klagenemnd behandlar klager over enkeltvedtak truffet med hjemmel i universitets- og høyskoleloven (uhl.) § 3-7 (8), §§ 4-7 til 4-10 og § 7-9. Hk-dir har sekretariatsansvar for Felles klagenemnd. Aktiviteten til Felles

klagenemnd omtales i en egen årsrapport og er difor ikke nærmere beskrevet her.

HK-dir har ei rettsleg plikt til å politimelde søklarar som sender inn falske dokument, jf. universitets- og høgskulelova § 3-6 (7), fagskulelova § 7 og opplæringslova § 23-4.1. Samordna opptak meldte seks søklarar for bruk av forfalska dokumentasjon. Politiet la bort tre av desse sakene, medan tre er under etterforsking. Ei sak vart avslutta fordi den meldte vart registrert som utvandra frå Noreg. I 2023 vart det gjennomført tre rettsaker knytte til forfalsking av norskprøven i samband med opptak til høgare utdanning. I alle sakene var utfallet fengsel i 15-18 dagar, anten på eller utan vilkår.

Bidrag til prosjektet «Fremtidens opptak»

Mot slutten av 2022 vart det etablert ei intern prosjektgruppe i Samordna opptak som skal følgje opp og bidra inn i prosjektet «Fremtidens opptak» i Sikt. I 2023 har prosjektgruppa bidratt med domenekunnskap inn i arbeidet med kvalitetssikring av allereie eksisterande system hos Sikt, og har delt annan nødvendig kunnskap når det har vore etterspurt. Døme på slike bidrag er kartlegging av enkelte opptaksprosessar og bidrag i testinga av ein prototype av søkjarportalen. Det har vore noko uvisse rundt Sikt sine planar og vår rolle

i prosjektet. Det interne prosjektet har difor jobba med å fremje nokre behovskrav. Vi har gjennomført ei behovskartlegging, og ein oversikt over dei ulike behova våre for eit nytt opptakssystem vart formidla til Sikt medio desember 2023. Slik ønskjer vi å bidra til ei raskare framdrift i «Fremtidens opptak».

Samordna opptaks informasjon på nett

Samordna opptak har i 2023 starta arbeidet med ei brukarundersøking av nettsidene. I løpet av siste halvår 2023 har over 4000 brukarar gitt tilbakemelding på kva dei kom til nettsidene for å gjere. Nærare 500 av desse har også tatt seg tid til å gi utfyllande tilbakemelding om kva som eventuelt kunne vore betre. I tillegg ønskjer HK-dir i samarbeid med Sikt å komme i kontakt med brukarar som kan teste nye konsept og løysingar. Tilbakemeldingar og undersøkingar er ein viktig del av å gjere tenesta Samordna opptak betre etter innspel frå brukarane. God brukarretta informasjon til dei som brukar nettsidene og tenestene til Samordna opptak er vidare viktig for å imøtekomme forventninga frå KD om effektive og brukarvennlege opptak til høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning.

Bruk av realkompetansevurdering ved opptak til høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning

Innanfor høgare yrkesfagleg utdanning fekk 17 prosent av studentane i 2023 opptak basert på realkompetanse, ein auke på tre prosentpoeng frå året før. For tilbod under bransjeprogrammet var andelen endå høgare, med 21 prosent. I høgare utdanning er datagrunnlaget ikkje like detaljert, men ved lokale opptak (som ofte omfattar vidareutdanningar og masterprogram) ved dei enkelte institusjonane, er andelen studentar tatt opp gjennom realkompetanse under 1,5 prosent, med ein svak nedgang dei siste åra. HK-dir har i 2023 arbeidd for å fremje bruken av realkompetansevurdering i vidareutdanningar. Vi har arran-

gert sesjonar om emnet på Fagskolekonferansen, Nasjonalt EVU-forum og EVU-konferansen, noko som har bidratt til deling av erfaringar og kunnskap. Vi har også publisert ein rapport om realkompetansevurdering i bransjeprogrammet, basert på tretti intervju med ulike utdanningsinstitusjonar.

3.2.2 Effektive og brukarvennlege norskopplæringstilbod for vaksne innvandrarar

HK-dir forvaltar og bidrar i fag- og politikikutvikling innan norsk- og samfunnskunnskap for innvandrarar gjennom å auke kunnskapsgrunnlaget og å utvikle nye måtar å organisere opplæringa på. Det har i 2023, i tillegg til å forvalte læreplanane, vore særleg fokus på kartlegging, digital opplæring i norsk og samfunnskunnskap og påfølgjande arbeid med å etablere eit nasjonalt digitalt tilbod om norskopplæring for flyktningar.

På oppdrag frå HK-dir har Proba gjennomført ei kartlegging for å vurdere og foreslå bruk av digital opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Rapporten *Digital fjernundervisning ved opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter integreringsloven*, publisert i september, viser at vaksenopplæringssentera med få unntak ikkje jobbar systematisk og målretta med digital fjernundervisning for vaksne innvandrarar. Trass i klare fordelar, understrekar informantane at digital opplæring bør vere eit supplement til fysisk undervisning. Nokre stader er slik opplæring særleg utfordrande, og deltakarane har ulike føresetnader for å følgje digital opplæring. Proba finn at det er behov for meir kompetanse i digitalt læringsdesign og pedagogikk, og at det er nødvendig med god leiarforankring og ei heilskapleg satsing for å lukkast.

Proba kjem med fem tilrådingar for vidare arbeid:

1. Etablere ei prøveordning med senter for digital fjernundervisning
2. Styrke støtteordningar for vaksenopplærings-senter som arbeidar systematisk med utvikling av digitale vaksenopplæringstilbod
3. Utvikle alternative sosiale og gode hybride løysingar
4. Etablering av ein kursportal for digitale fjernundervisningstilbod
5. Auka fokus på forskning på effektane av digital fjernundervisning for vaksne innvandrarar

For å fremje arbeidsmarknadsintegreringa av flyktningar frå Ukraina fekk HK-r i oppdrag å foreslå og etablere eit nasjonalt digitalt tilbod om norskopplæring for flyktningar. Målet med tilbodet er å hjelpe flyktningar til raskt å komme ut i arbeid eller annan aktivitet, og samstundes styrke kommunane sitt tilbod om fleksibel norskopplæring. I desember 2023 vart det utlyst ein konkurranse for å etablere tilbodet, som kommunane skal kunne nytte seg av innan april 2024. Det vil bli tilbydd ulike kurs med opplæring frå nivå A1 til B2 på begge målformene. HK-dir arbeidar med ein kommunikasjons- og tiltaksplan for rettleiing og bruk av tilbodet. Tilbodet skal følgjeevaluerast for å vurdere ei mogeleg permanent ordning.

Innhald i og rammer for opplæring i norsk og samfunnskunnskap

Læreplanane i norsk og samfunnskunnskap etter integreringslova vart innført i 2021. Arbeidet med å forvalte læreplanane bør intensive- rast i 2024 på grunn av fleire og omfattande oppdrag i 2023 som har komme som ei følgje av Ukraina-krigen. Dette gjeld særleg oppfølging av kommunane.

Kompetansepakkane blir framleis brukt i sektoren, med nær 42 500 sidevisningar i 2023. Det er ein forventet nedgang frå 2022, ettersom læreplanane har vore i bruk i to år. Podkastserien «Læreplanpodden» inngår i kompetansepakkane. Serien har seks episodar om læreplanane, med eit gjennomsnitt på 1 050 nedlastingar per episode. Lyttinga bidrar til fagleg påfyll for leiarar og lærarar, og til auka kvalitet i opplæringa i norsk og samfunnskunnskap. I 2023 har vi utvikla nye kompetansepakkar i samarbeid med IMDi om fleksibel og arbeidsretta norskopplæring. Innhaldet speglar faglege tilrådingar frå HK-dir. Vi har også oppdatert faglege tilrådingar på nettsidene, inkludert tilrådingar om nettbasert opplæring.

Oxford Research og NTNU Samfunnsforskning følgjeevaluerer arbeidet med læreplanane i norsk og samfunnskunnskap frå 2021. Evalueringa går over ein periode på fire år fram til 2025, og forskarane undersøker utviklinga av læreplanane, implementeringa av læreplanane og verknadane av læreplanane. Formålet er å få kunnskap om korleis læreplanane fungerer som styrings- og arbeidsverktøy, og om opplæringa blir endra i tråd med intensjonane. Funna frå evalueringa vert brukt til å avdekke behov for støtte og gjere justeringar undervegs i innføringsarbeidet. I 2023 har forskarane undersøkt korleis skuleleiarar og lærarar oppfattar læreplanane, korleis implementeringa har gått, kva støtteressursar som vert brukt og korleis læreplanane blir nytta i praksis.

Evalueringa viser så langt at skuleleiarar og lærarar generelt er nøgde med læreplanane, men at det er utfordrande å skilje mellom endringar som følge av nye læreplanar og endringar som følgje av ny integreringslov. Det ser ut til at undervisningspraksis har blitt endra i liten grad, og endringane som har skjedd kan i hovudsak koplast til nye føringar som følgje av integreringslova. I tillegg vert opplæringa påverka av kompetansen til lærarane, prøvane i norsk og samfunnskunn-

skap og tilgjengelege læremiddel. Ein stor del av opplæringsstadane meiner det er stort behov for digitale opplæringstilbod og digital støtte i samfunnskunnskap. Ansvaret for kvalitetsutvikling blir handtert ulikt av skuleeigarar og skuleleiing. Skuleeigarar er i lita grad involvert i implementeringa, men i dei tilfella der skuleeigar engasjerer seg, fører det til ei merkbar endring i praksis hos skuleleiarane.

3.2.3 Tilgang til fleksible utdannings- og opplæringstilbod heile livet

Direktoratet har ei heilskapleg tilnærming til kompetansefeltet, innan arbeidet med grunnleggjande ferdigheiter og relevante støtteressursar retta mot kommunane, og i grunnopplæringa gjennom arbeidet med å utvikle og leggje til rette for å iverksette meir fleksible, tilpassa og effektive opplæringsløp. Gjennom store tilskotsmidlar til utvikling av nye fleksible og desentraliserte studietilbod i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning har HK-dir bidratt til at relevante studietilbod har blitt tilgjengelege for folk i alle aldrar nært der dei bur. Studiesentera som fekk driftsstøtte i 2023 har bidratt til å rekruttere nye grupper av studentar til fleksible og desentraliserte studietilbod. HK-dir

har gjennom utvikling av skreddarsydde utdanningstilbod for arbeidslivet og gjennom tett dialog med partane i arbeidslivet om kartlegging av kompetansebehov, bidratt til å utvikle kvaliteten i utdanninga og opplæringa for vaksne.




Tilskot til utvikling av fleksibel og desentralisert utdanning gir fleire tilgang på relevant høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning

Totalt vart det tildelt 199,6 millionar kroner til desentraliserte og fleksible utdanningar i 2023, fordelt på 34 studietilbod for fleksibel og desentralisert utdanning i fagskolar, høgskolar og universitet og driftstilskot til 27 studiesenter. Søkinga til tilskotsordninga for fleksibel og desentralisert utdanning har auka år for år. Ordninga kan ha bidratt positivt til auka merksemd og satsing på denne typen utdanningar. Søknadane til ordningane var gjennomgåande av svært høg kvalitet og godt forankra i behov hos aktuelle målgrupper og i regionale tilhøve.

Formålet med begge tilskotsordningane er å bidra til at utdanning blir meir tilgjengeleg for folk i heile landet som av ulike årsaker ikkje kan følge ordinære utdanningsløp. I tildelinga av midlane var det difor prioritert at kvart enkelt fylke (med kvalifiserte søkarar) fekk minst eitt studietilbod. Studiesentera har god kjennskap til eigen region og tilpassar tilboda sine slik at dei når ei meir mangfaldig studentgruppe enn dei som vanlegvis søker seg til studietilbod på campus. Tildelingane gjennom ordningane har skjedd med utgangspunkt i kompetansebehov, anten regionalt eller nasjonalt. Søknadane viser at det er ulike behov i dei ulike regionane, men at det særleg er behov knytt til ulike helse- og lærarutdanningar som går igjen i begge ordningane.

Over 50 prosent av studietilboda som blei oppretta med tilskot frå ordninga for fleksibel og desentralisert utdanning i 2023 er retta mot kompetanseutvikling og/eller kapasitetsutviding for profesjonsutdanningar innanfor helse- og lærarutdanningar. Fleire av prosjekta har som mål å auke rettleiingskompetansen hos praksisrettleiarar. Studiesentera bidrar til fleire tilbod innan profesjonsfaga gjennom innovative samarbeid mellom fagskular, universitet, høgskular, og utvikling av nye praksismodellar i distrikta.

Figur 8 Tildelte prosjekt til fleksibel og desentralisert utdanning i 2023 fordelt på fylke og fagområde



Kjelde: Espresso

Treparts bransjeprogram bidrar til å auke den formelle kompetansen i arbeidslivet


Treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling er ein del av Kompetanseprogrammet. I 2023 lyste HK-dir ut midlar i fem bransjeprogram og tildelte midlar til 63 kompetansetilbod, som samla utgjorde 8256 deltakar plassar. To nye bransjeprogram starta opp – Bransjeprogram for informasjonstryggleik og IKT, og Bransjeprogram for finansnæringa.

Sidan dei første samarbeidsavtalane om bransjeprogram vart signert i desember 2018 og fram til sommaren 2023, har det vore 12 bransjeprogram og tre eittårige kompetanseløft, og det har blitt tildelt litt under 490 millionar kroner. Totalt er det etablert 1214 etter- og vidareutdanningstilbod på ulike utdanningsnivå. Dette har gitt nesten 45 000 påmelde personar høve til å styrke kompetansen sin, slik at dei er betre rusta til å meistre omstillingar og kan bli ståande i arbeid. Av dei påmelde deltakarane har litt under 70 prosent fullført. Bransjane er ulike, og har hatt ulike mål for kva dei ønskjer å oppnå gjennom bransjeprogrammet. Det er difor stor variasjon i tilboda, og tilboda er skreddarsydde etter behova i dei ulike bransjane. Dei aller fleste tilboda i bransjeprogrammet er heilt digitale eller ein kombinasjon av fysisk og digitalt tilbod. Tilbydarane er elles spreidde over heile landet. Dette har medverka til at ledige, permitterte og tilsette over heile landet har kunna delta.

Ei evaluering av bransjeprogrammet gjennomført av Fafo viser at ordninga har gode resultat, og samarbeidet mellom partane har fungert etter intensjonen. Rapporten viser at bransjeprogramma har nådd dei med låg formell kompetanse med kompetansehevande tilbod.

For å styrke og vidareutvikle bransjeprogramma, gjennomførte HK-dir også i 2023 ein bransjeprogramkonferanse med partane i arbeidslivet og sentrale opplæringstilbydarar. Konferansen hadde særleg fokus på erfaringsutveksling og vart godt motteken av deltakarane. Vi planlegg ein liknande konferanse i 2024. HK-dir legg vekt på å nå ut med informasjon til målgruppene for bransjeprogramma. Under bransjeprogramkonferansen vart det gjennomført ein workshop med lærestadar og andre aktørar, der dei gav innspel til forbetring av nettsidene til programmet. HK-dir vil følgje opp dette vidare ved å samarbeide med bransjeprogramstyra om utforming av innhald på sidene.

Figur 9 Talet på opplæringstilbod finansierte gjennom bransjeprogrammet per år, 2019–2023.



Kjelde: Allvis

Innrapporterte gjennomføringer er lågare i 2023 enn for perioden 2020–2022. Dette kjem av at bransjeprogramma under covid-19-pandemien hadde som mål å raskt få på plass kompetansetilbod retta mot mellom anna ledige og permitterte i bransjane. Etter pandemien har målet med ordninga igjen vore å utvikle kompetansetilbod som ikkje har vore tilgjengeleg for bransjane.

Kompetansepluss styrkar grunnleggjande ferdigheiter hos vaksne

Målet med Kompetansepluss er å auke grunnleggjande ferdigheiter blant vaksne som er i arbeid eller deltar i frivillig arbeid. Med grunnleggjande ferdigheiter meiner vi lesing, skriving, rekning, munnlege og digitale ferdigheiter, men også opplæring i norsk og/eller samisk. Ordninga rettar seg først og fremst mot personar med låg formell utdanning. HK-dir fekk nærare 600 søknader om Kompetansepluss-midlar i 2023 og tildelte om lag 124 millionar kroner til over 200 prosjekt. Det betyr at 5600 vaksne får høve til å delta i opplæring i grunnleggjande ferdigheiter. Sidan oppstarten av Kompetansepluss i 2006 har over 100 000 deltakarar fått opplæring gjennom ordninga.

Det er ein tydeleg samanheng mellom grunnleggjande digitale ferdigheiter og arbeidsdeltaking. Gjennom evalueringar veit vi at Kompetansepluss-ordninga har ført til auka kompetanse og positive effektar i bedrifter og offentlege verksemdar. Kurs gitt gjennom Kompetansepluss har ført til at deltakarane har:

- blitt betre til å utføre arbeidsoppgåvene sine og er mindre redde for å gjere feil
- fått nye arbeidsoppgåver og auka omstillingsmotivasjon og omstillingsevne

- auka interesse og høve til å ta fagbrev eller gå vidare på kurs og skule
- blitt flinkare til å meistre sin eigen og familien sin kvardag

I 2023-tildelinga prioriterte vi mellom anna prosjekt som fokuserte på opplæring for å styrke rekneferdigheitene til deltakarane. Vi prioriterte også søknader der undervisaren sette av tid til å bli kjend med arbeidskvardagen og opplæringsbehova til deltakarane i forkant av opplæringa. Vidare vart det sett av øyremerka midlar til prosjekt i det samiske språkforvaltingsområdet.

Tilskot til fylka bidrar til at fleire vaksne får vidaregåande opplæring

Tilskotsordninga for fylka til vidaregåande opplæring støttar opp om etablering av strukturar og førebur fylkeskommunane til innføringa av Fullføringsreforma. Ordninga fokuserer på vidaregåande opplæring for vaksne utan rett som ikkje har fullført og bestått, yrkesfagleg rekvalifisering og fagbrev på jobb. Denne ordninga har ført til auka deltaking i vidaregåande opplæring for vaksne. Opplæringstilboda er tilpassa behova til kvar enkelt søkjar, og varigheita varierer.

Sidan 2020 har 15 401 vaksne deltatt i ordninga. Av desse er det 9307 vaksne utan rett til vidaregåande opplæring, og 1008 har fullført enkeltfag eller ein sluttkompetanse. Fylkeskommunane rapporterer om stor etterspurnad frå arbeidslivet etter fagbrev på jobb. Totalt har 3202 personar deltatt i ordninga, og av desse har 1044 fullført. Mange av dei som byrja er framleis under opplæring. Det er 2892 deltakarar i yrkesfagleg rekvalifisering. Det er

god spreining i aldersfordelinga blant del-takarane i tilbodet, og det er omtrent like mange med bakgrunn i yrkesfag som i allmenne fag.

Tilskotet til fullføringstiltak for avgangskullet er godt mottatt i fylkeskommunane, som har sett i gang mange tiltak for å auke full-føringa i vidaregåande opplæring. Totalt har over 50 000 elevar fått ulike tilbod, anten i enkeltfag, i mindre grupper, eller for heile kullet i form av til dømes ekstra rett-leiingsressursar.

Auka aktivitet i studieforbunda etter pandemien

Studieforbund er ideelle organisasjonar med opplæring av vaksne som hovudformål. Dei er viktige tilbydarar av kurs for vaksne, og HK-dir forvaltar tilskotet til desse. Vaksenopp-læringslova regulerer opplæringsaktiviteten til studieforbunda. Formålet er mellom anna å styrke demokratiet gjennom å engasjere og aktivisere medborgarar, og å styrke det kulturelle mangfaldet. Tilskotet skal bidra til å redusere utanforskap og fremje inkludering blant vaksne.

Talet på kurstimar i studieforbunda har halde seg relativt stabilt sidan 2016, men aktivi-teten i 2020 og 2021 var lågare enn vanleg

på grunn av pandemien. I 2023 rapporterer studieforbunda om at aktiviteten auka i 2022, samanlikna med 2021. Talet på kurstimar auka med 13,9 prosent og talet på kursdel-takarar auka med 7,5 prosent. Tal for 2023 blir rapportert inn og publisert av Statistisk sentralbyrå i april 2024.

Tabell 10 Kurs og deltakarar i studieforbunda under KD, 2016–2022

År	Deltakarar	Kurs	Kurstimar
2016	198 037	14 397	450 280
2017	203 648	13 084	434 697
2018	194 280	12 301	403 865
2019	185 147	11 579	386 296
2020	149 596	9 181	268 759
2021	167 265	8 687	231 516
2022	179 926	9 879	263 715

Kjelde: SSB

I 2023 vart det utbetalt 74 millionar kroner i tilskot til studieforbunda under KD. Tilskotet til studieforbunda vert fastsett etter forskrift frå KD og konkret på grunnlag av eit gjennom-snitt av avhaldne kurstimar i kalenderåret to og tre år tilbake i tid. For å redusere effekten av pandemien har HK-dir også i 2023 brukt alternative berekningsmodellar for forde-ling av tilskotet, og lagt relativt mindre vekt

på aktiviteten i 2020–2021 enn aktiviteten dei føregåande åra (2018–2019).

Modulstrukturert opplæring for vaksne legg til rette for auka gjennomføring

Modulstrukturert opplæring vert innført som hovudmodell i opplæringa for vaksne del-takarar i grunnopplæringa frå august 2024. Endringa er ein del av fullføringsreforma, og målet er meir fleksible, effektive og til-passa opplæringsløp. HK-dir får det faglege ansvaret for opplæringa til vaksne på nivået under vidaregåande. Endringa av modell starta med *Meld. St. 16 (2015–2016) Frå utan-forskap til ny sjanse – Samordna innsats for læringa til vaksne*, der det vart peika på ei rekkje utfordringar med tilbodet til vaksne i grunnopplæringa. Eit av tiltaka var forsøk med opplæring organisert i modular i samarbeid mellom utdannings- og integreringssektoren.

Modulforsøket har verka sidan 2017 og har tre delar:

- Forsøk på nivået under vidaregåande opplæring, kalla førebuande vaksenopp-læring (FVO)
- Forsøk med fag- og yrkesopplæring i utvalde lærefag (MFY)
- Kombinasjonsforsøket, der opplæring i MFY og FVO er kombinert.

Modulstrukturert opplæring



- **Fleksibilitet**
 - Læreplanene er delt inn i moduler
 - Avsluttes med dokumentasjon av kompetansen som er oppnådd
- Både på **grunnskolenivå, videregående nivå, og kombinasjon** av de to
- Opplæring **tilpasset** tidligere kompetanse – realkompetansevurdering
- Opplæring i **norsk** integreres i yrkeskonteksten eller laget som den voksne trenger kompetanse i
- Opplæringen skjer **fortrinnsvis i bedrift**, tilpasses med opplæring i teori



Seniorrådgjevar Hege Medin frå HK-dir held innleiing om modulforsøket på Kunnskapsprat i november.

Forsøk med førebauende vaksenopplæring (FVO) omfatta 41 kommunar og 2900 deltakarar i skuleåret 2022/2023. Deltakargruppa utgjer om lag ein tredjedel av alle vaksne i opplæring på nivået under vidaregåande. SSB si siste evaluering av prøvarapporteringa gir viktig innsikt i demografi og arbeidslivstil-knytning for målgruppa, og tala tyder på at om lag halvparten av målgruppa fekk opplæring hos forsøkslæreplanane⁷. Erfaringar frå forsøka og funn frå prøvarapporteringa tyder på at vi er på rett veg når det gjeld å utvikle betre opplæringsløp for vaksne. Forsøk med modulstrukturert fag- og yrkesopplæring (MFY) hadde nær 490 deltakarar, og kombinasjonsforsøket nær 50 deltakarar. Det er deltakarar i alle dei 13 lærefaga, og flest i helsefagarbeidarfaget. I 2023 ser vi ein merkbar

auke i nye fagbrev. Nær 170 deltakarar i MFY og 20 i kombinasjonsforsøket bestod fag- og sveineprøve i 2023, og så langt har heile 370 deltakarar fått fag- eller sveinebrev. Om lag halvparten fekk resultatet bestått *mykje godt*.

I 2023 har HK-dir følgd opp modulforsøket på fleire måtar. Vi har halde fram samarbeidet med universitets- og høgskulesektoren om pedagogisk utvikling, noko som er viktig for lokal utvikling og for arbeidet vårt med utvikling av vurdering og eksamen, og for utvikling av støtte- og rettleiingsressursar. Resultat er tre MOOCs: «Lsekurs», «Skole-VFL for FVO» og «VFL for MFY». Vidare har vi fokusert på integrert språkopplæring i ein yrkeskontekst, der NAFO – *Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring* ved OsloMet gir fagleg støtte til forsøka. Rapporten frå NAFO om andrespråkslæring i ein yrkeskontekst tilrår mellom anna å styrke arbeidet med og forståinga for

andrespråksopplæring som ein integrert del av fagopplæringa ved å opprette læringsnettverk og nasjonale kompetansepakkar. Vi har også arrangert leiarsamlingar for alle forsøkskommunane og forsøksfylka, og tilbakemeldingar tyder på at samlingane var nyttige for kompetansepåfyll og -deling.

Ideas2Evidence (I2E) evaluerer modulforsøket og kjem med sluttrapport i februar 2024. Evalueringa vurderer om opplæringa har vorte meir relevant, meir fleksibel og meir samordna, og kva som har vore barrierar og suksesskriteria for å lukkast med modulstrukturert opplæring. Evalueringa av FVO viser at deltakarane utgjer ei svært samansett gruppe. Forsøket har lagt til rette for auka deltaking i formell opplæring, og fleire får opplæring som ein del av introduksjonsprogrammet. Deltakarane har fått betre, meir relevante og tilpassa opplæringsløp,

⁷ Evensen, Andre Ihler (2023). [Hvem er deltakerne i grunnskoleopplæring for voksne?](#) SSB: 29. august 2023.

og brukar kortare tid. Blant anbefalingane er meir tilpassa læringstrykk i faga, særleg i dei lågaste modulane, eit tydelegare språklærings-perspektiv og meir arbeidsretta kompetansemål. I2E finn også at MFY har nådd ut til ei breitt samansett gruppe. Av deltakarane kjem 40 prosent frå NAV, 30 prosent frå bedrift og 15 prosent frå introduksjonsprogrammet. Ein tredel har tatt fag- eller sveineprøve så langt. Opplæringsløpet, tilpassa etter realkompetansevurdering, tar i gjennomsnitt to år. Funna tyder på at MFY bidrar til effektive, gode og relevante opplæringsløp for vaksne. I kombinasjonsforsøket finn I2E at nær 10 prosent har oppnådd fagbrev så langt, og på merkbart kortare tid enn i sekvensielle løp. Opplæringsløpa er relevante og tilpassa, men kan bli meir yrkesretta slik at overgangen mellom opplæringsnivåa vert redusert. Elles anbefaler evalueringa tiltak for gode samarbeidsmodellar og forankring lokalt og regionalt, gode oppfølgingsmodellar for deltakarane, og understrekar at inntektssikring er sentralt. HK-dir følgjer opp anbefalingane i utforminga av dei nye læreplanane og i implementeringa.

Erfaringar frå modulforsøka legg no grunnlag for tre nye opplæringsmodellar, førebuande vaksenopplæring (FOV), vidaregåande vaksenopplæring (VOV) og kombinasjonen av

desse, som trer i kraft i august 2024. HK-dir utviklar nye nasjonale læreplanar for FOV som vil erstatte dagens forsøkslæreplanar i FVO og grunnskulelæreplanane for vaksne. Utkast var både på innspelsrunde og på høyring i 2023, og innspela vil verte brukt til å ferdigstille nye læreplanar i samråd med læreplangruppene i 2024.

Vi samarbeider med Udir i implementeringa av den nye hovudmodellen i heile grunnopplæringa. Overgang frå forsøk til ny nasjonal hovudmodell inneber fleire risiko knytt til forseinkingar, gjennomføring og kvalitet. Bland dei risikoreduserande tiltaka er innføring av hyppige leiarmøte mellom direktorata, tett dialog med og oppfølging av sektor samt støtteressursar basert på identifiserte behov. Overgang frå forsøk til ny nasjonal hovudmodell inneber risiko knytt til forseinkingar, gjennomføring og kvalitet. Bland dei risikoreduserande tiltaka er innføring av hyppige leiarmøte mellom direktorata, tett dialog med og oppfølging av sektor, og støtteressursar basert på identifiserte behov. Erfaringar frå forsøk og utviklingsarbeid, innspel og høyringssvar har vore særskilt viktige for utvikling av støtteressursar og formidling frå direktorata for å førebu innføringa. HK-dir har også samarbeidd med IMDi og AV-dir i innføringsarbeidet.



Seks nye episodar i serien «Læreplanpodden» knytt til modulstrukturert opplæring vart laga i 2023. Tre episodar kom ut i mai med rundt 1 000 nedlastingar kvar, og tre nye episodar i november. «Læreplanpodden» vert brukt av vaksenopplæringssentera til kompetanseheving av lærarar og leiarar lokalt og regionalt. Vi har også laga rettleingsfilmar om koplinga av fag- og språkopplæring, som vert lanserte i 2024.

Vi erfarer at det er eit stort informasjons- og avklaringsbehov om modulstrukturert opplæring for framtida i fleire sektorar. Vi arrangerer difor nasjonale samlingar, og deltar på fleire nasjonale og regionale kompetansehevingsarenaer i regi av direktorata, statsforvaltarane og fylka. Her møter vi leiarar og nøkkelpersonar i forvaltinga og arbeidslivet som har viktige roller i innføringa. Samlingane er viktige for informasjonsdeling om reforma og for å innhente innspel. Eit eksempel på innspel som vert følgt opp er at det vert oppretta eit nasjonalt nettverk for modulstrukturert opplæring for vaksne, som skal vere med på å førebu implementeringa i fylkeskommunane.

Tiltak for å auke lærarkompetansen i arbeid med grunnleggjande ferdigheiter

Lærarkompetanse er viktig for kvaliteten i opplæringa, og HK-dir støttar difor eit vidareutdanningstilbod på Høgskolen i Innlandet (INN) som er retta mot lærarar i ordninga og andre lærarar som underviser vaksne i grunnleggjande ferdigheiter. Det er lite merksemd og forskning på utdanning for vaksne med svake grunnleggjande ferdigheiter, og tildelinga kan bidra til å synleggjere denne gruppa. I 2023 fullførte 26 lærarar vidareutdanninga, og HK-dir erfarer at tilbodet har høg studiekvalitet.

HK-dir tilbyr også 30 profilar for grunnleggjande ferdigheiter knytt til ulike jobbar og frivillig arbeid. Profilane blir brukt i opplæringa og er retta mot ei brei målgruppe som inkluderer lærarar i grunnopplæringa, rettleiarar i NAV og andre undervisarar. Profilane er tilgjengelege på nynorsk, bokmål, engelsk og ukrainsk, og enkelte er også tilgjengeleg på nord-, sør- og/eller lulesamisk. Profilane vart besøkt om lag 13 700 gonger i 2023.



3.2.4 Tilgang på og bruk av karriererettleiingstenester av høy kvalitet

HK-dir har det nasjonale systemansvaret for offentlig karriererettleiing for unge og voksne, og forvaltar nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriererettleiing på tvers av alle sektorar. Ei rekkje tiltak er i gang for å styrke kvaliteten i karriererettleiingstenestene. Nokre av tiltaka ser vi fører raskt til utvikling og utbytte, medan andre må vi sjå i eit meir langsiktig perspektiv. I 2023 har vi levert fleire oppdrag knytt til *Fullføringsreforma* og *Strategi for forskar-rekruttering og karriereutvikling*. Vi vurderer at dette på sikt vil gi både betre karriererettleiing og auka tilgang, gjennom å tydeleggjere rammer og innhald og å styrke kompetansen. Samstundes får det kontinuerlege arbeidet vårt med kvalitetsrammeverket, digitale støttetenester, kunnskapsbygging, nettverk og internasjonale verkemiddel gode tilbakemeldingar frå mellom anna fylkeskommunane. Bruken av dei digitale støttetenestene har hatt ein god auke i 2023. Ei utfordring i arbeidet er ressursituasjonen ute i praksisfeltet og hos leiarar, som gjer at dei ofte har lite tid til å arbeide med kvalitets- og kompetanseutvikling. Vi vil i 2024 ha dialog med sektorane om kva dei treng frå HK-dir i denne situasjonen, og sjå på korleis vi kan finne nye måtar å gjere kompetanseheving og bruk av kvalitetsrammeverket tilgjengeleg.

HK-dir har det faglege ansvaret for karriererettleiing i grunnopplæringa og gir råd og støtte til fylkeskommunane om karriererettleiing i opplæringslova og integreringslova. Vi treng meir systematisk kunnskap om kva utbytte unge og voksne har av tenestene og kva som fungerer godt. Foreløpig har vi berre slik kunnskap om karrieresentera og HK-dirs eigne tenester. Fleire av målgruppene får karriererettleiing hos ulike offentlege tenester som HK-dir ikkje har styring med, og dette gjer det utfordrande å skaffe brei kunnskap på nasjonalt nivå. Dersom ein til dømes skal etablere nasjonal statistikk som omfattar elevar i grunnopplæringa, studentar og flyktningar, treng HK-dir eit breitt samarbeid både på direktoratsnivå og med underliggende etatar, men dette har foreløpig ikkje vore mogeleg å få til.

Brukarane er svært nøgde med dei digitale karriererettleiingstenestene til HK-dir, både Karriereveiledning.no og Utdanning.no. Bruken av tenestene aukar, men det er framleis eit potensiale for å gjere tenestene endå meir kjende i befolkninga og blant dei som jobbar med rettleiing av unge og voksne i ulike sektorar. Den digitale transformasjonen, og særleg kunstig intelligens, representerer

spanande mogelegheiter for karriererettleiingsfeltet, og HK-dir vil bruke nye digitale løysingar til vidare utvikling av Karriereveiledning.no og Utdanning.no. Samstundes kan den digitale utviklinga medføre truslar mot tenestene som HK-dir må vere merksame på. HK-dir vil følgje utviklinga nøye slik at vi kan omstille oss for å møte utfordringane framover.



Tiltak for kvalitetsheving av karriererettleiinga i skulen

I 2023 heldt HK-dir fram med å utvikle karriererettleiinga i skulen, i dialog med skuleeigarar, skuleleiarar og karriererettleiarar/rådgivarar. Ein viktig del av dette arbeidet var formidling av kunnskap og ressursar, inkludert bidrag på regionale samlingar og konferansar. Eit sentralt arrangement var Kunnskapspraten *Nye ambisjoner for karriereveiledning i skolen*, basert på eit forskingsoppdrag frå 2022. Arrangementet hadde svært god deltaking, og i evalueringa kom det fram at 99 prosent av respondentane var nøgd eller svært nøgd med innhaldet.

To viktige prosjekt i 2023 omhandla karriererettleiing i Fullføringsreforma:

- Forslag til kompetansestandardar for karriererettleiing i skulen, basert på det nasjonale rammeverket
- Utgreiing av korleis utdanningstilbodet for dei som arbeider med karriererettleiing og utdannings- og yrkesretteiing i skulen kan vidareutviklast og verte meir tilgjengeleg.

I arbeidet med kompetansestandardar har vi samarbeida tett både med skulesektoren og med USN og INN, som har bidratt inn i arbeidsgrupper og i innspelsrundar fysisk og digitalt. Vi har utvikla forslag til kompetansestandardar både for karriererettleiarar og lærarar i faget «Utdanningsval». Forslaga vektlegg kor viktig kompetanse og profesjonalitet er i desse rollene. Med god spreining og implementering, vil standardane kunne bidra til kvalitetsheving av karriererettleiinga i begge skuleslag, og dermed auka utbyte for elevar som skal ta gode og velinformerte utdanningsval. Vidare vurderer vi at er det behov for eit betre og meir differensiert utdanningstilbod og gode ordningar for å sikre deltaking i vidareutdanning i karriererettleiing. Med innføringa av ny opplæringslov vil også læringar ha tilgang til karriererettleiing. Behovet for kompetente karriererettleiarar i fylkeskommunen er dermed større enn nokon gong, og dei mogelege positive samfunnsmessige verknadene tilsvarande omfattande.

Kvalitet i karriererettleiinga til vaksne frå fylkeskommunane

Fylkeskommunane er sentrale for tilbod til vaksne om karriererettleiing, med lovpålagde oppgåver i karriererettleiing både etter opplæringslova og integreringslova.

Dei fylkesvise karrieresentera har levert 1373 grupperettleiingar og kurs til 21913 personar i 2023, og årsstatistikken viser i tillegg at 27114 personar har fått individuell rettleiing dette året. 5275 av desse er nykomne flyktningar. Brukarundersøkinga for sentera viser at 95 prosent av respondentane er ganske eller svært nøgde med rettleiinga dei får hos karrieresentera, og av desse er 71 prosent svært nøgde. Dette stadfestar at tenesta har både høg kvalitet og er nyttig.

HK-dir støttar og rettleiar fylkeskommunane i arbeidet med karriererettleiing for vaksne. Kartlegging av erfaringane deira viser at HK-dir lukkast i å heve kompetansen og kvaliteten på karriererettleiingstenestene, blant anna gjennom fagsamlingar, konferansar, utvikling av kvalitetsrammeverket og bygging av kunnskapsgrunnlag. Vidare har HK-dir i følge respondentane lukkast særleg godt med utviklinga av dei digitale tenestene og dei seier at dei har stor nytte av desse. Respondentane ser på HK-dir som ein sentral aktør i profesjonaliseringa og utviklinga av karriererettleiingsfeltet i Noreg.

«Vi har stort utbytte av HK-dir sine støtte- og veiledningstjenester. Både kunnskapsdeling og erfaringsdeling i nettverk og konferanser bidrar til at vi utvikler tjenestene våre. Det fører også til at vi føler at vi har en stemme inn i utviklingen av karriereveiledningstjenesten nasjonalt.»

«Deltakelse i nettverk og møteplasser bidrar til at terskelen for mer interaksjon med andre blir lavere. Det er lett å ta kontakt med dere i HK-dir, det samme gjelder de andre fylkeskommunene og FOU-miljøene.»

Sitat frå ein av respondentane

Når det gjeld utfordringar, peikar over halvparten av respondentane på samarbeid og organisering som vanskeleg. Om lag halvparten nemner også at avgrensa ressursar eller økonomiske rammer er utfordrande. Andre kjende problemstillingar, som manglande kompetanse og tid til kompetanseheving, vert også trekt fram. HK-dir arbeidar langsiktig for å utvikle tiltak og verkemiddel for redusere desse utfordringane, mellom anna ved å utvikle supplerande digitale tenester, kompetansehevande tiltak, nettverksarbeid og kunnskapsutvikling om tenestene, som igjen kan danne grunnlag for vidare politikikutvikling.

Tabell 11 Omfang av karriererettleiing ved dei fylkesvise karrieresentera, 2021-2023

	2021	2022	2023
Grupperettleiing og kurs	1 964	693	1 373
Personar som har deltatt på grupperettleiing og kurs			21 913
Personar som har fått individuell karriererettleiing	23 392	23 400	27 114
Nye flyktningar som har fått individuell karriererettleiing	4 452	4 854	5 275
Veisøkjarar som er nøgde eller svært nøgde med karriererettleiinga	94 %	94 %	95 %

Press på karriererettleiingstenestene til flyktningar

Karrieresentera i fylka gir karriererettleiing, individuelt eller i gruppe, til alle nykomne flyktningar som kommunen bestiller rettlege til. I 2023 vart det gjennomført totalt 425 individuelle karriererettleiingssamtalar med flyktningar ved dei to integreringsmottaka i Kristiansand og Steinkjer og det vart gjennomført til saman 72 grupperettleiingar. Karriererettleiingstilskotet til fylkeskommunane har blitt sterkt redusert dei siste åra. Dette har ført til ei reduksjon i tilbodet ved integreringsmottaka i 2023, og ein planlegg ytterlegare reduksjonar i 2024. Fylkeskommunane har informert HK-dir om at dei i løpet av 2024 vil vurdere om det i det heile tatt er grunnlag for å oppretthalde tilbodet. Dersom karriererettleiingstilbodet vert avvikla vil det kunne bli utfordrande for dei andre aktørane å oppretthalde eit godt fulltidsprogram ved integreringsmottaka.

Den store tilstrøyminga av flyktningar frå Ukraina har også i 2023 lagt eit betydeleg press på karrieresentera. Trass i at ukrainarar ikkje er pålagt å gjennomføre karriererettleiing, nyttar svært mange tilbodet. Dette skaper ein utfordrande ressursituasjon for karrieresentera og ukrainarar får i hovudsak karriererettleiing i grupper og ikkje individuelt. Karrieresentera rapporterer til HK-dir at til saman 5275 flyktningar har fått individuell karriererettleiing i 2023. Sentera rapporterer ikkje tal på kor mange flyktningar som får grupperettleiing, men i 2023 har HK-dir vidareutvikla rapporteringsløysinga slik at vi frå neste år vil få meir statistikk om karriererettleiing for nykomne flyktningar.


Tverrsektorielt samarbeid om utvikling av karriererettleiingstenestene for flyktningar og for ledige og utsette grupper/NAV-brukarar er omtalt under mål 4.

Bruken av kvalitetsrammeverk for karriererettleiing aukar

Det nasjonale kvalitetsrammeverket for karriererettleiing er ein fagleg standard som gjeld på tvers av sektorar. Merksemda er særleg stor i fylkeskommunane sine karriererettleiingstenester, men rammeverket blir også implementert i høgare utdanning, mange arbeids- og inkluderingsbedrifter og nokre kommunar. Den pågåande innsatsen med utvikling av innhald, spreiding og marknadsføring ser ut til å vere vellukka, noko besøkstal og sidevisingar indikerer med nesten 12 prosent auke i sidevisingar på nettstaden Kvalitet i karriererettleiing og over seks prosent auke i sidevisingar på dei digitale verktya knytt til Kvalitetsrammeverket.

Kvalitative og kvantitative brukarundersøkingar vi har gjennomført etter lanseringa av kvalitetsrammeverket, viser at rammeverket er opplevd som svært nyttig. Undersøkingane viser samstundes eit behov for meir konkrete ressursar som kan støtte og inspirere til bruk av dei ulike delane av rammeverket. I 2023 har vi difor arbeidd med å utvikle ei ressurssamling kalla Kvalitetslaboratoriet, der brukaren kan finne fram til konkrete og relevante ressursar ved å søke på eigen sektor og rolle (praktikar eller leiar av teneste). Ein første versjon blir lansert tidleg i 2024.

Figur 10 Utvikling i sidevisingar for dei digitale verktøya knytt til det nasjonale kvalitetsrammeverket for karriererettleiing, 2021–2023



Gradvis profesjonalisering av karriererettleiingsfeltet

Mastergraden i karriererettleiing, etablert i 2014, held fram med å styrke karriererettleiingstenestene på tvers av sektorane med høgt kvalifiserte fagfolk. I 2023 fullførte totalt 40 kandidatar mastergraden, 20 ved INN og 20 ved USN. Dette er ni fleire enn i 2022. Ei undersøking på oppdrag av HK-dir og studentevalueringar ved USN, viser at studentane har fått nye perspektiv på eigen praksis, og kan sjå kritisk og analytisk på konteksten dei er ein del av. Teoretisk innsikt og auka kunnskapsgrunnlag gjer at dei kan løyse komplekse utfordringar på ein meir profesjonell måte. Dei har også utvida sin metodiske verktøykasse, noko som er nyttig i møte med vegsøkarane.

Mastergradsmiljøa ved USN og INN bidrar til ei gradvis profesjonalisering av karriererettleiingsfeltet i Noreg. Dette skjer gjennom utdanningstilbod, forskingsinnsats og vitskapleg samarbeid, både nasjonalt og internasjonalt. HK-dir har også det siste året samarbeida med institusjonane om faglege bidrag til oppdrag, kunnskapsgrunnlag og kurs, blant anna for rettleiarar i fylkeskommunar og kommunar innan fleirkulturell karriererettleiing og karrierekompetanse.

Rammeverk for karriererettleiing for forskarar i tidleg karrierefase er levert

I 2023 har HK-dir levert eit første utkast til eit rammeverk for karriererettleiing for forskarar i tidleg karrierefase. Rammeverket er tenkt som eit verktøy for universitet, høyskolar, helseføretak og instituttsektoren for å gi målgruppa tilgang til god karriererettleiing. Utviklinga av rammeverket, basert på dialog med sektoren og europeisk kunnskapsgrunnlag, bekreftar ønsket om eit betre og meir tilgjengeleg karriererettleiingstilbod. Det vart også tydeleg at

forståinga av kva eit karriererettleiingstilbod er og kan innehalde, varierer. Mange peika på behovet for tilpassing til ulike fagområde og at både institusjonane og forskarane vil kunne ha avgrensa ressursar og tid til å tilby og delta i karriererettleiing. I tillegg framheva fleire behovet for samarbeid mellom fleire aktørar for å sikre eit godt og heilskapleg tilbod. Rammeverket skal fremje god organisering, arbeidsdeling, høg kvalitet og eit likeverdig tilbod av slike tenester for alle forskarar i tidleg karrierefase. God karriererettleiing kan støtte gjennomføringa av forskarløp, gi støtte i utfordrande fasar og hjelpe til med ein god overgang til vidare arbeid og bruk av forskarkompetansen, både innanfor og utanfor akademien.

Formidling av kunnskap, ressursar og informasjon om karriererettleiing

I 2023 arrangerte HK-dir ein nasjonal konferanse om samanhengen mellom karriererettleiing og FNs berekraftsmål. Målet var å auke kunnskapen om berekraft og inspirere karriererettleiingstenestene til å arbeide målretta og systematisk med berekraftsmåla. Om lag 400 deltakarar var med på konferansen, som fekk positive tilbakemeldingar i evalueringa. I tillegg til konferansen publiserte vi seks fagartiklar skrivne av europeiske forskarar om berekraft på [Veilederforum.no](https://veilederforum.no).

Nettstaden [Veilederforum.no](https://veilederforum.no) har eksistert i ti år og er den faglege møteplassen for alle som jobbar med karriererettleiing. Statistikk for 2023 viser auka besøk frå 46 600 i 2022 til 48 500 i 2023, til trass for at statistikken for 2023 av tekniske årsaker ikkje inkluderer tal for januar og februar. Podcasten til Veilederforum hadde 22 450 økter i denne perioden. Nettstaden fremjar profesjonalisering og kvalitetsutvikling av feltet gjennom formidling av forskning og erfaringsbasert kunnskap. Samarbeidet om nettstaden med andre direktorat, regionale styresmakter og praksisnivået styrkar dialogen og felles målforståing med resten av feltet. Facebook-gruppa «Faggruppe for karriererettleiarar» veks kontinuerleg og har no 4300 medlemmer, og er ein viktig kanal for HK-dir for å formidle kunnskap og informasjon.

Internasjonal karriererettleiing og utdanningsinformasjon

I 2023 hadde Europass si europeiske nettside over 13 millionar besøk, og over 1 million Europass-profilar vart oppretta. HK-dir har vore aktiv i nettverkssamarbeidet blant europeiske nasjonalkontor og har i periodar vore med i styringsgruppa for nettverket. For å sikre heilskapleg nasjonal implementering av Europass, har HK-dir fokusert på samarbeid med relevante nasjonale aktø-

rar, inkludert deltaking i rundt 30 dialogmøte med interessentar. Vidare har vi nådd ut til over 700 karriererettleiarar med informasjon om europeisk mobilitet og godkjenning av kompetansar på tvers av europeiske landegrensar.

[Euroguidance](https://euroguidance.no) arbeidar for å styrke europeiske karriererettleiarar sin kompetanse og for å nå måla i [Fullføringsreforma](https://fullforingsreforma.no), om at internasjonalisering skal vere ein integrert del av norsk utdanning på alle nivå. Euroguidance Noreg har i 2023 bidratt med foredrag og panelsamtalar på store internasjonale konferansar som ICDE-konferansen på Lillehammer, OEB i Berlin og den europeiske karriererettleiingskonferansen i Stockholm, i tillegg til fylkesvise og nasjonale seminar og konferansar for karriererettleiarar og internasjonale koordinatorer. Dei internasjonale konferansane har i stor grad handla om systemnivå og ny teknologi, mens nasjonalt har vi jobba mykje med mobilitetsretteiing. I 2023 meldte Euroguidance Noreg seg som partner i Academia-programmet, som er eit utvekslingsprogram for karriererettleiarar. Seks karriererettleiarar er valde til å reise på utveksling til europeiske land i første pulje, medan tolv europeiske karriererettleiarar kjem til Noreg for å lære om kvalitet og likeverdig tilbod innan livslang karriereveiledning. Gjen-

nom å bidra til internasjonalt samarbeid og erfaringsdeling både på systemnivå og blant karriererettleiarar, vil vi styrke dei norske karriererettleiingstenestene og auke talet på elevar, studentar og tilsette som drar ut på mobilitetsopphald.

3.2.5 Tilgang på og bruk av nøytral og kvalitetssikra informasjon om kvalifikasjonar, utdanning og arbeidsmarknad

Bruken av HK-dir sine digitale karriererettleiingstenester er stabilt høg

Den nasjonale digitale karriererettleiingstenesta, [Karriereveiledning.no](https://karriereveiledning.no) hadde i 2023 i overkant av 16 000 førespurnader. 14 000 av desse vart gjennomført som karriererettleiing via chat og telefon. Tidvis er det kø på tenesta på grunn av stor pågang. Nettsida hadde nær 500 000 sidevisingar i 2023. For både karriererettleiinga via chat og telefon og trafikken til nettsida har det vore betydeleg auke frå året før. Tilbakemeldingane frå brukarane er generelt svært god. I 2023 arrangerte karriereveiledning.no webinar og nettmøte med nær 5 000 deltakarar til saman. Opptak fra webinar og filmar produsert i samband med innhald på nettsida vert lagra på YouTube-kanalen til tenesta. I 2023 var det totalt 10 000 visningar på denne kanalen.

Dagens organisering av tenesta er vurdert som kompleks og sårbar med tanke på stabilitet og framtidig drift. I 2023 bestemte difor regjeringa at samarbeidsavtalane med fylka skal fasast ut og at bemanninga i HK-dir i Tromsø skal styrkast gradvis over dei neste to åra.

I 2023 vart tenestene *Få hjelp til å skrive jobbsøknaden* og *Øv deg på intervju spørsmål* lansert. Begge desse tenestene er basert på

ChatGPT, og pedagogisk ramma inn med retningslinjer for bruk. Tenestene vart godt mottatt på tvers av alders- og målgrupper, og fekk merksemd i fagmiljøa trass ei «stille» lansering. Brukartestar har vist at innhaldet på nettstaden ikkje i tilstrekkeleg grad når personar med praktisk utdanning eller bakgrunn. I 2023 vart det difor utvikla innhald retta mot denne målgruppa, avgrensa til dei under 30 år. Ein innsiktsfase inkluderte intervju med gutar som tar praktiske utdanningar og fagfolk som arbeider med denne målgruppa. Resultata frå intervjuet vart brukt til å utforme innhald for ungdomsskuleelevar som er interesserte i yrkesfag. Brukartestane gav positive tilbakemeldingar frå både ungdom og fagpersonane som rettleiar dei. I tillegg vart det i 2023 utvikla innhald på nettsida for nyutdanna jobbsøklarar, omval, etter- og vidareutdanning, og ressursar for foreldre med ungdom som skal velge vidaregåande opplæring. Karriereveiledning.no har også starta eit samarbeid med Buskerud fylkeskommune for å integrere tenesta meir i karriererettleiinga for både ungdom i grunnopplæringa og vaksne ved karrieresentera.

Sidan oppstarten av Karriereveiledning.no i september 2020, har det vore klart at brukarane finn det utfordrande å identifisere interessene sine i samband med jobb- og utdanningsval. Undersøkingar viser at interesse er eit avgjerande element i desse vala. I 2023 gjennomførte HK-dir ein innsiktsfase for å belyse ulike dimensjonar ved utforsking av interesser. Dette arbeidet førte til tre eksternt leverte rapportar som til saman dannar eit solid grunnlag for utviklinga av eit framtidig verktøy for interesseutforsking. Dette utviklingsarbeidet vil starte i 2024, i samarbeid med Utdanning.no.

Nettstaden [Utdanning.no](https://utdanning.no) er den nasjonale kjelda for informasjon, rettleiing og sjølvbeteningsløyser relatert til utdanning, karriere og arbeid. Nettressursen dekkar både ungdomstrinnet og vidare-


gåande opplæring, med særleg vekt på lærlingar og lære plassar, overgangen til høgare utdanning og fagskuletilbod. Utdannings- og arbeidsmarknadsinformasjon spelar ei nøkkelrolle i det heilskaplege karriererettleiingstilbodet. Ikkje berre er dette viktig for å sikre tilgang til utdanning og karriererettleiing, men tenestene knytt til Utdanning.no er også avgjerande for enkeltpersonar og styresmaktene for å ta informerte avgjerder om utdanning og kompetanseutvikling.

I 2023 hadde Utdanning.no om lag 8,8 millionar besøk og 26,3 millionar sidevisningar, noko som er ein liten nedgang frå året før. Denne tendensen er også observert på andre offentlege nettstader med store brukartal og same målgruppe. Ein del av forklaringa kan vere at søkemotorar no genererer så mykje innhald at brukarar ikkje treng gå direkte til kjelda. Vidare har strengare personvernreglar som tillèt brukarar å slå av informasjonskapslar, ført til mindre registrering av besøk. På grunn av EU-regulativ for personvern skifta Utdanning.no også måleverktøy i 2023, frå Google Analytics til andre verktøy.

Det mest populære innhaldet på Utdanning.no er yrkesskiltringar og informasjon om arbeidsmarknaden på kommunenivå. Yrkes-

skiltringane vert kvalitetssikra av fag- og bransjeorganisasjonar og hadde 7,5 millionar sidevisningar i 2023. Skiltringane inneheld opplysningar om kva jobben inneber, krav til personlege eigenskapar, kva utdanningar som fører til yrket, og kva bedrifter på kommunenivå som har tilsette i yrket. Ved å bruke offentleg statistikk og registerdata, presenterer utdanning.no arbeidsmarknaden (bedrifter) på kommunenivå for om lag 400 yrke, i tillegg til lønnsinformasjon fordelt på sektor og kjønn. Vi viser også arbeidsmarknadsutfall av relevante utdanningar for yrket. For nokon utdanningar og yrke viser registerdata at utdanninga ser ut til å ha svak kopling til arbeidsmarknaden. Intervju med yrkesutøvarar kjem i tillegg til statistikk og registerdata. Til saman gir dette verdifull informasjon til brukarar som vurderer utdanninga eller yrket. Nettstaden Sammenlign.utdanning.no hadde 322 000 visningar i 2023, og gjer det lett for brukarane å samanlikne utdannings-, lønns- og arbeidsmarknadsstatistikk for dei 400 vanlegaste yrka og 300 vanlegaste utdanningane i Norge.

I 2023 svarte om lag 17 300 personar på Utdanning.no si årlege nettbaserte brukarundersøking. Undersøkinga hadde ein responsrate på ca. 2 prosent, noko som i



følgje Norstat, som gjennomførte undersøkinga, er normalt for slike kartleggingar. Resultata viser at 96 prosent av brukarane finn nettstaden svært nyttig eller nyttig, mot 72 prosent året før. Av desse rekna 63 prosent nettstaden som svært nyttig, mot 37 prosent i 2022. Resultata for 2022 kan vere påverka av pandemien og dei gjeldande koronatiltaka.

Tabell 12 Utvikling i tilfredsheit blant brukarane av utdanning.no

I kva grad finn brukarane utdanning.no nyttig?	2020*	2021	2022**	2023
Svært nyttig	62 %	41 %	39 %	63 %
Nyttig	22 %	41 %	37 %	33 %
Totalt	84 %	82 %	76 %	96 %

* Målinga i 2020 fann stad i januar og februar, pandemien i mars.

** Målinga i 2022 under siste nedstenging under pandemien.

To andre store brukarundersøkingar utført av Opinion på vegne av HK-dir i 2023 støtta opp om desse positive resultata. I den yngste målgruppa (15–25 år) har 96 prosent av respondentane kjennskap til Utdanning.no og 92 prosent av desse seier at dei har brukt nettsida. 82 prosent av dei som har brukt nettsida er svært nøgde med nettsida. For den vaksne målgruppa (25 år og eldre) er kjennskap, bruk og tilfredsheit meir variert. I aldersgruppa 26 til 29 år kjenner 90 prosent av respondentane til Utdanning.no, og 88 prosent brukar nettstaden. 75 prosent i denne gruppa er nøgde med tenesta. Kjennskap, bruk og tilfredsheit minkar med aukande alder. Blant dei som er 50–60 år, er kjennskapen lågast, med berre 42 prosent, og blant desse er bruken 44 prosent. Av alle brukarane i aldersgruppa er mellom 65 og 72 prosent nøgde. At eldre aldersgrupper ikkje er like kjent med Utdanning.no er ikkje overraskande, sidan dei ikkje har blitt introdusert for nettstaden gjennom skule og utdanning, og innhaldet ikkje har vore spesielt tilpassa denne målgruppa.

I 2024 vil Utdanning.no lansere innhald og tenester retta mot vaksne som skal ta fagbrev eller vidaregåande utdanning. I 2023 vart det gjennomført ein prosess i samarbeid med fleire fylkeskommunar for å forbetre informasjonen om vidaregåande tilbod for vaksne, men

lanseringa skjer først i 2024. Prosjektet er ein del av eit samarbeid med, AV-dir og IMDi.

[Finnlærebedrift.no](https://finnlærebedrift.no) er ein teneste som både rettar seg mot sluttbrukarar og fungerer som eit kunnskapsgrunnlag for sektoren. Den første tenesta, *Læringer i Norge*, tilbyr oppdaterte data om talet på lærlingar i ulike statlege verksemder, kommunar, fylke og bransjar, i samsvar med sektorvise mål for talet på lærlingar. Den andre tenesta, *Hvor er det enklest å rekruttere lærebedrifter*, gir høve til å kartleggje kor mange lære plassar som er tilgjengelege i prosent av årsverk i kommunen, regionen eller fylket, per sluttkompetanse. Data i desse tenestene vert oppdaterte basert på registerdata frå NAV sitt arbeidstakarregister, Brønnøysundregisteret og fylka sine egne tal gjennom Vigo.

I 2023 lanserte Utdanning.no nye tenester, inkludert betre funksjonalitet på finnlærebedrift.no med elevtilpassa innhald og forenklingar i tenesta. Vanlege funksjonar er gjort meir synlege, og det er no lettare å finne godkjente lærebedrifter utan lærlingar. Informasjonen om godkjenning av lærebedrifter er meir tilgjengeleg og presis. Dette hjelper til med å forstå godkjenningsstatusen til underreiningar av godkjente lærebedrifter. Det er framleis utfordringar med å identifisere alle godkjente bedrifter, men forslaget i ny opplæringslov rundt godkjenning av lærebedrifter kan forenkle prosessen.

Finnlærebedrift.no har også utvida innhaldet under Ledige lære plassar, noko som er eit resultat av eit samarbeidsprosjekt med Udir. I tillegg vart støtteressursen Yrkesfaghandboka retta mot yrkesfagelevar lansert. Formålet med denne ressursen er å styrke karrierelæringa til elevane, vise mogelegheitene i yrkesfag og førebu dei til deltaking i arbeidslivet. Mange yrkesfagelevar er usikre på krava



for å få lære plass, innhaldet i faga eller eigne mogelegheiter. I Yrkesfaghandboka får elevane vite «alt» som er verdt å vite om skulekvardagen, læretida og arbeidslivet. Som ein del av støttes-sursane vart [Jobbkartet.no](https://jobbkartet.no) lansert. Jobbkartet er eit verktøy som viser utviklinga i talet på tilsette i 300 yrke i alle fylka og kommunane i landet for kvart år etter 2016. Tenesta kan også vise kva yrke som er i vekst eller nedgang i kvar kommune, eller samanlikne tal mellom kommunar. Samarbeidet med Utdir var svært vellukka. Prosjekt-gruppa hadde komplementær kompetanse, med kunnskap om fagopplæring og sektorkompetanse hos Udir og kompetanse på digitalisering og registerdata hos HK-dir.

Det har lenge vore eit mål i norsk politikk at fleire studentar skal ha eit studieopphald i utlandet i løpet av studiane. Studentane sjølve seier at informasjonen er mangelfull og vanskeleg å finne. Difor har HK-dir utarbeidd nye landingssider for [utdanning i utlandet](https://utdanning.no/utland) på Utdanning.no. Desse sidene vart lansert i oktober 2023, og vil bli utvida med innhald til fleire målgrupper i 2024.

I 2023 byrja fleire universitet og høgskular å informere om [fleksible utdannings- og opplæringstilbud](https://utdanning.no/fleksible-utdannings-og-opplæringstilbud) gjennom Utdanning.no. Ein ny landingsside for desse tilboda vart utvikla og skal lanserast i 2024. Eit utfordrande aspekt er at dei studieadministrative systema (FS), forvalta av Sikt, har utdaterte og ufullstendige studieformer i sine system, og informasjonen er ikkje alltid tilgjengeleg for Utdanning.no. Lærestader som kan levere informasjon gjennom andre løysingar, får presentert både vidareutdanningar, einskildemne, desentraliserte studiar og kurs på Utdanning.no. Studiar og kurs for arbeidslivet i bransjeprogramma blir no automatisk overført til Utdanning.no, noko som bidrar til at informasjonen blir raskare tilgjengeleg og av høgare kvalitet.



I 2023 utvikla Utdanning.no saman med fylkeskommunane eit felles indikatorsett for måling- og samanlikning av kompetanse mellom fylka, med indikatorar for arbeidsstyrke, arbeidsmarknad, tilgang på formell kompetanse, behov for etter- og vidareutdanning og svak tilknytning til arbeidslivet. Indikatorsettet danner grunnlag for vidare analysar, dialog og felles forståing av kompetansestatus i regionane. Tenesta vart utvikla og lagt ut på nett i 2023, men vert lansert først i 2024.

3.3 Mål 3

Dokumentasjon av utdanning, kompetanse og kvalifikasjonar gir den enkelte tilgang til utdanning og arbeid

3.3.1 Kvalitet i innhald og rammer for gjennomføring av prøvar i norsk og samfunnskunnskap og statsborgarprøve, retta mot vaksne innvandrarar

Innkjøp av ny prøveteneste vil sikre kvaliteten på prøvane

Etter ein innkjøpsprosess med konkurranseprega dialog, har HK-dir no inngått avtale med Open Assessment Technologies (OAT) om å levere ei ny prøveteneste for utvikling og gjennomføring av prøvar i norsk, samfunnskunnskap og statsborgarprøven. Den nye tenesta vert sett i drift i mars 2025 og vil erstatte gjeldande avtale. For at HK-dir også i framtida skal kunne leggje til rette for prøvegjennomføringar i samsvar med lov og forskrift, inkludert informasjonstryggleik og personvern, og følge gjeldande arkitekturprinsipp for digitale tenester i offentlig sektor, er vi avhengige av ei solid prøveteneste. Den nye tenesta skal også leggje til rette for betre arbeidsprosessar og oppretthalde god kvalitet på prøvane til det beste for sluttbrukarane.

Kvalitetssikra og trygge prøvar

På grunnlag av kontinuerleg og systematisk arbeid med å ivareta personvernet i tråd med GDPR, mellom anna i form av ROS-analyse, revisjon av avtalar og iverksetjing og oppfølging av aktuelle tiltak, har vi lagt til rette for at kandidatane med avlagde prøvar i norsk og samfunnskunnskap har gjennomført trygge og stabile prøvegjennomføringar i 2023.

For norskprøven har HK-dir i 2023 fullført og tatt i bruk reviderte vurderingskriterium for delprøven i skriftleg framstilling og delprøven i munnleg kommunikasjon. Formålet har vore å gjere skilnaden mellom

nivåa tydelegare og å oppdatere kriteria ut frå endringar i læreplanen og Det europeiske rammeverket for språk. Det har vore gjort ein stor innsats for å gi sensorar på munnleg og skriftleg norskprøve opplæring i bruk av dei reviderte kriteria. Sensorane på skriveprøven fekk høve til å vurdere dei reviderte kriteria gjennom ei spørjeundersøking, og tilbakemeldingane var positive.

Samlingar for sensorar bidrar til at vurderingsarbeidet knytt til norskprøvene er samordna og av høg kvalitet. Vi arrangerer samlingar for sensorar på munnleg prøve ein gong i året, og på skriftleg prøve 1-2 gonger i året. For Norskprøven C1 – høgare akademisk nivå blir det arrangert sensorsamling to gonger i året. Tilbakemeldingane frå sensorane som har deltatt, er at dette bidrar til å heve kvaliteten på prøvegjennomføringa. Det blir også gjennomført eit årleg vurderingsseminar for teiknspråklærarar og -sensorar. Deltakarane på seminaret gir tilbakemelding om at seminaret gir auka vurderingskompetanse og betre kjennskap til norskprøven og rammeverksnivåa.

Sidan hausten 2021 har vi hatt utprøving av nye oppgåver til lytte- og leseprøvene, nivå A1-B2, med tilbakemelding til prøvestadane om resultata til kandidatane. Analysar viser at det er godt samsvar mellom resultata kandidatane får på pilotering og på reelle prøvar. Utprøving av oppgåver er ein føresetnad for å lage gyldige og pålitelege prøvar. Det er difor viktig å halde oppe motivasjonen hos prøvestadane til å delta i pilotering. Tilbodet om å få resultat på piloteringsprøvene har auka oppslutninga.

Kvalitetsstempelet frå den europeiske språktestorganisasjonen ALTE vart fornya i 2023. Dokumentasjonen som vart lagt fram for ALTE inkluderer mellom anna statistiske analysar som viser at sensorane på den skriftlege prøven i høg grad er einige over tid, og at det er

sikkert at lytte- og leseprøvene måler det same i kvar prøveperiode.

Ny Ssamfunnskunnskapsprøve og statsborgarprøve er tatt i bruk

Den gamle prøven i samfunnskunnskap og nettressursen samfunnskunnskap.no (2012) vart avvikla frå og med juli 2023. Kurset i samfunnskunnskap er utvida og utgjer no 75 timar. Prøven er erstatta av ein oppdatert prøve, som er tilgjengeleg på 24 språk. Pilotering av nye oppgåver under prøvegjennomføringa på alle språk prøven er omsett til, gir betre og meir omfattande data enn vi har hatt tidlegare. Effekten av dette gir eit godt grunnlag for psykometrisk analyse, som igjen er avgjerande for kontinuerleg forbetring av kvaliteten og relevansen av prøven. Som følgje av den nye læringsressursen samfunnskunnskap.no (2021), lanserte HK-dir 1. januar 2023 ein ny statsborgarprøve basert på innhaldet i den nye ressursen.

Solid auke i prøvegjennomføringa i kommunane

I 2023 var det om lag 250 prøvestadar som gjennomførte prøvar i norsk og/eller samfunnskunnskap. Av dei prøvestadane som gjennomførte prøvar i norsk, representerte dei ti største prøvestadane 39 prosent av alle kandidatane. Meir enn halvparten av kandidatane gjennomførte prøvar i norsk ved dei 20 største prøvestadane.

«[Tabell 14](#)» og «[Tabell 15](#)» nedanfor viser ein oversikt over talet på kandidatar som har gjennomført delprøvar i norsk på nivå A1-C1 i 2023. Tala viser kor mange kandidatar som har avlagt minst éin delprøve i norsk, og talet på kandidatar som oppnår dei ulike nivåa på delprøvene, fordelt på prøveperiodar og kalenderåret. Det var 24 640 unike kandidatar som avla minst éin delprøve i norsk på nivå opp til B2 i kalenderåret 2023. Det vart til saman avlagt 74 462 delprøvar i norsk i 2023 (inkludert C1-delprøvar). Med dette auka talet på gjennomførte delprøvar i norsk med heile 22 prosent i 2023 samanlikna med 2022.

Tabell 13 Resultat på norskprøvar fordelt på tidspunkt og delprøve, 2023

Tidspunkt	Prøvetype	IGFV*	Under A1**	A1**	A2**	B1**	B2**	Kandidatar
Vår	Lytt		1,4	15,6	29,9	22,7	30,4	3 190
Vår	Les		1,8	19,3	26,2	25,1	27,6	3 323
Vår	Skriftleg	2,7	0,8	9,7	34,4	40,1	12,3	3 699
Vår	Muntleg	0	0,3	7,6	32,3	35,7	24,1	4 576
Sommer	Lytt		1,8	19,4	38,8	20,8	19,2	6 626
Sommer	Les		2,6	23,6	31,3	24,3	18,3	6 779
Sommer	Skriftleg	3,6	0,9	12	41	35	7,5	7 118
Sommer	Muntleg		0,7	10,2	38,1	33,4	17,6	8 516
Høst	Lytt		0,8	13,4	31,4	23,6	30,8	2 356
Høst	Les		1,1	16,4	27	27,4	28,2	2 422
Høst	Skriftleg	1,8	0,4	6,8	38,6	41,9	10,6	2 735
Høst	Muntleg		0,4	6,7	33,8	36,5	22,7	3 891
Vinter	Lytt		1,4	23,1	34,9	19,9	20,6	4 329
Vinter	Les		2,8	22,9	27,7	24,1	22,4	4 400
Vinter	Skriftleg	3,3	1	10,8	41,1	35,7	8	4 691
Vinter	Muntleg	0	0,6	7,6	36,8	35,9	19,1	5 811

*IGFV – Ikkje grunnlag for vurdering

** prosentdel av kandidatar som har bestått delprøven på ulike nivå

Tabell 14 Gjennomførte norskprøvar på nivå C1, 2023

Tidspunkt	Prøvetype	Kandidatar	Prosentdel kandidatar bestått
Sommar	C1 - Delprøve i lytteforståing og skriftleg kommunikasjon	90	39
Sommar	C1 - Delprøve i leseforståing og muntleg kommunikasjon	94	56
Vinter	C1 - Delprøve i lytteforståing og skriftleg kommunikasjon	70	39
Vinter	C1 - Delprøve i leseforståing og muntleg kommunikasjon	63	51

«Tabell 16» viser talet på avlagde delprøvar i norsk frå 2015 til og med 2023. I perioden mellom 2015–2018 ser vi ein auke avlagde prøvar hovudsakleg som ein konsekvens av det høge talet på innkomne flyktningar i 2015 på grunn av konflikten i Syria. Dei påfølgjande åra viser ein fallande tendens fram til og med 2022 og ein betydeleg auke på 22 prosent i 2023 samanlikna med året før. Det er nær- liggjande å tru at auken hovudsakleg skuldast det høge talet på ukrainske flyktningar som kom til Noreg i løpet av 2022 og 2023. Auken i talet på avlagde delprøvar i norsk i 2023 gjorde seg gjel- dande først ved sommargjennomføringa på grunn av at det tar noko tid å avslutte opplæringa i norsk. Basert på UDI sitt mellomscenar- io for tilstrøyming av ukrainske flyktningar frå desember 2023, kan det komme mellom 25 000 og 45 000 flyktningar frå Ukraina i 2024. Det er difor grunn til å tru at vi vil sjå ein liknande tendens i talet på avlagde delprøvar framover som etter den store tilstrøyminga av flyktningar frå Syria i 2015.

For samfunnskunnskapsprøven er nedgangen i 2023 på omtrent 7,5 prosent samanlikna med 2022, noko ein i eit større perspektiv kan sjå som ei relativt ubetydeleg endring. Denne endringa i talet på avlagde prøvar er i tråd med normale årlege variasjonar og indikerer at prø- veaktiviteten ligg stabilt nær nivåa frå føregåande år.

Talet på ukrainske flyktningar har ikkje hatt ein merkbar effekt på talet avlagde samfunnskunnskapsprøvar i 2023, noko som kan skuldast tidsforseinkingar i integreringsprosessen. Vi kan likevel forvente ein potensiell auke i talet på avlagde prøvar i framtida, etter kvart som fleire flyktningar frå Ukraina melder seg til prøven og søker om per- manent opphald.

For statsborgarprøven sin del, observerte vi i 2023 ein markant nedgang på 29 prosent i talet på avlagde prøvar samanlikna med det føregåande året. Denne nedgangen må ein sjå i lys av den betydelege auken i avlagde prøvar vi såg i 2020 og 2021. Denne tendensen kan hovudsakleg tilskrивast innføringa av dobbelt statsborgarskap i Noreg i 2020. Vi reknar med at talet på statsborgarprøvar vil stabilisere seg på nivået som var før denne lovendringa.

Tabell 15 Talet på avlagde prøvar i norsk (alle delpøvar), 2015–2023

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Vår	--	--	--	14 403	16 202	13 303	12 799	13 986	14 788
Sommar	33 071	36 821	51 232	40 878	32 994	18 708	26 833	23 185	29 039
Haust	--	--	--	--	7 928	11 719	11 026	8 873	11 404
Vinter	22 635	26 104	32 356	29 354	19 233	17 548	15 716	15 107	19 231
Totalsum	55 706	62 925	83 588	84 635	76 357	61 278	66 374	61 151	74 462

Tabell 16 Oversikt over talet på kandidatar

	Tal	Prosent
Unike deltakarar som gjennomførte samfunnskunnskapsprøven på norsk	5 911	54%
Talet på kandidatar som består avsluttande prøve i samfunnskunnskap og talet på gjennomførte prøvar i løpet av kalenderåret		
• Talet på kandidatar	10 941	
• Talet på avlagde prøvar (50-timar)	4 200	
• Talet på avlagde prøvar (75-timar)	7 808	
• Talet på kandidatar som har bestått prøven (50-timar)	3 144	75%
• Talet på kandidatar som har bestått prøven (75-timar)	6 184	79%
Talet på kandidatar som består statsborgarprøva og talet på gjennomførte prøvar i løpet av kalenderåret		
• Talet på avlagde prøvar	5681	
• Talet på kandidatar	5333	
• Talet på kandidatar som har bestått prøven	4870	91%
• Prosent av dei avlagde statsborgarprøvene som er bestått		86%

3.3.2 Effektiv og brukarvennleg godkjenning av utanlandsk utdanning og yrkeskvalifikasjonar

Overordna har HK-dir lukkast med mykje på godkjenningsfeltet i året som har gått. Det var knytt stor spenning til overføring av saksbehandlingssystemet og om det ville medføre uventa tekniske problem. I det store har saksbehandlingssystemet vore stabilt sidan overføringa, og vi har kunna få og behandla søknader like effektivt som før overføringa. Dette blir mellom anna vist ved at vi har gjort vedtak i omtrent same talet saker i 2023 som førre år, og ved det at vi har klart å reetablere ei effektiv teneste for godkjenning av utanlandsk utdanning etter overføringa frå NOKUT.

Samstundes har vi hatt vesentlege kapasitetsutfordringar på grunn av ein kraftig auke i talet på søknader. Det betyr at saksbehandlingstida er lenger enn vi ønskjer, og at mange søkjarar må vente unødvendig lenge på å få svar frå oss. Med auka mobilitet og fokus på internasjonalisering i utdanninga, og med mykje uro i verda, må vi forvente at talet på personar som kjem til Noreg med ein utanlandsk kvalifikasjon som dei treng å få vurdert vil halde seg høgt i åra som kjem. Vi ønskjer å utforske om vi kan effektivisere saksbehandlinga ytterlegare, til dømes ved å ta i bruk kunstig intelligens. Det er likevel ei

grense for kor mykje effektiviseringspotensiale som finst, og vi må også sjå på andre måtar for å hjelpe både individ, arbeidsgivarar og samfunnet generelt i å forstå kva ein utanlandsk kvalifikasjon svarar til i det norske samfunnet. Framover meiner vi difor det blir viktig å vidareutvikle informasjonstenestene våre, slik som chatbot, nettsider og rettleiingstenester i meir brukarretta og samanhengande tenester både internt i HK-dir og på sikt også med andre aktørar utanfor HK-dir. Vi meiner vidare at det blir viktig å utvikle ulike sjølvhjelpstenester, som til dømes kvalifikasjonsdatabasar, slik at både enkeltpersonar og arbeidsgivarar kan få svar på kva ein utanlandsk kvalifikasjon svarar til i det norske systemet utan å måtte gå gjennom ein individuell søknadsprosess.


Overføringa av oppgåvene om godkjenning av utanlandsk utdanning var vellukka

HK-dir forvaltar fire godkjenningsordningar for utanlandsk utdanning – godkjenning av fag- og yrkesopplæring, generell godkjenning av fagskule, generell godkjenning av høgare utdanning (både dokumentbasert og intervjubasert godkjenning) og dessutan godkjenning av yrkeskvalifikasjonar for

dei to lovregulerte yrka lærar i grunnskulen og styrar/pedagogisk leiar i barnehage. Forvaltinga omfattar også rettleiings- og informasjonsoppgåver om godkjenning av utanlandsk utdanning i Noreg og om det norske utdanningssystemet gjennom at HK-dir er det norske ENIC-NARIC kontoret, og nasjonalt informasjonssenter for Globalkonvensjonen. I tillegg forvaltar direktoratet rolla som Assistansesenter for yrkeskvalifikasjonsdirektivet.

Alle godkjenningsoppgåvene vart overførte frå NOKUT til HK-dir 1. januar 2023, og rundt 50 medarbeidarar flytta fysisk ut frå NOKUTs lokale til HK-dirs lokale 1. februar 2023. Det vart lagt ned eit stort stykke arbeid med å førebu både den organisatoriske og fysiske flyttinga i 2022, og arbeidet med å etablere godkjenningsordningane i ny organisasjon har halde fram i 2023. Eit stort risikomoment var overføringa av saksbehandlingssystemet eSam, som er heilt avgjerande for behandlinga av søknader i godkjenningsordningane. Overføringa var vellukka, og vi opna opp for mottak av nye søknader i HK-dir 1. februar 2023.

Figur 11 Utvikling i søknadstal for alle godkjenningsordninger



Sterk vekst i søknader om godkjenning av utlandsk utdanning

Som figur 11 viser har det vore ein markant auke i talet på søknader til godkjenningsordningane våre i 2023. Saksmengda auka i hovudsak på grunn av fleire søknader frå ukrainske flyktningar, men som vist i tabell 17 var det også andre årsaker som ser ut til å verka inn på søknadsmengda, som BREXIT og auka mobilitet etter pandemien.

Tabell 17 Oversikt over land vi får flest søknader frå per godkjenningsordning

Fag og yrkesopplæring		Generell godkjenning av utlandsk fagskuleutdanning	
Polen	1326	Ukraina	379
Tyskland	65	Polen	182
Litauen	108	Litauen	65
Latvia	40	Spania	41
Estland	28	Sverige	38
		Storbritannia	37
		Tyskland	37
		India	31
		Russland	31
		Romania	29
		Syria	29

Lovregulerte yrke		Generell godkjenning av høgare utdanning	
Ukraina	263	Ukraina	2637
Polen	111	India	617
Storbritannia	66	Polen	570
Tyrkia	63	Storbritannia	544
(Uspesifisert)	50	Iran	372
Filippinene	44	Pakistan	333
Sverige	36	Filippinene	283
Danmark	34	USA	225
India	33	Russland	222
Spania	33	Serbia	199
Russland	32		


Som følge av den auka saksmengda, i kombinasjon med at saksbehandlingssystemet var stengt i desember 2022 – januar 2023 på grunn av flyttinga, har HK-dir hatt store utfordringar med å handtere og behandle søknadane om godkjenning av utanlandsk utdanning innan rimeleg tid i 2023. Saksbehandlingstida har auka gjennom heile året, og vi tar også med oss ein stor restanse over i 2024. Den mest vesentlege årsaka til den lange saksbehandlingstida er at det tar lang tid frå ein søknad kjem inn til ein saksbehandlar har ledig kapasitet til å behandle han. Som vist i figur 12 gjeld dette særleg for generell godkjenning av høgare utdanning og godkjenningsordninga for dei lovregulerte yrka . HK-dir har vore i jamleg dialog med KD om dette i løpet av 2023, og departementet har løyvd 2 millionar kroner ekstra over 2024-budsjettet for ei mellombels styrking av saksbehandlingskapasiteten.

Ukraina har gått frå å vere eit marginalt søkarland til godkjenningsordningane våre, til å vere det desidert største søkarlandet i 2023.

Tabell 18 Utviklinga i talet på søknader frå Ukraina

Type godkjenningsordning	2021	2022	Endring 2021-2022	2023	Endring 2022 til 2023
Høgare yrkesfagleg utdanning	19	122	542%	380	211%
Pedagogiske yrke	13	91	600%	260	186%
Høgare utdanning	110	491	346%	2 639	437%

Figur 12 Gjennomsnittleg ventetid på saksbehandling, utvikling per månad 2023



Som omtalt ovanfor, har dette ført til kapasitetsutfordringar og auka saksbehandlingstid for godkjenningsordningane våre. Til å byrje med var det ikkje knytt særlege utfordringar til sjølve saksbehandlinga av ukrainske kvalifikasjonar, då dei fleste søknadene var komplette. I tillegg har Ukraina vore langt framme i digitaliseringa av studentdata, slik at vi har kunna verifisere om utdanningsdokumenta er ekte i offentleg tilgjengelege databasar. I og med at krigen i Ukraina har trekt ut i tid, ser vi likevel at demografien og utdanningsbakgrunnen til flyktningane byrjar å endre seg, og med det også søknadene vi får inn. Det er no svært mange søknader som manglar dokumentasjon ved søknadstidspunktet, slik at vi brukar stor kapasitet på å hente inn nødvendig dokumentasjon for å kunne behandle dei. Vi får også inn søknader med eldre utdanningskvalifikasjonar som ikkje kan verifiserast i databasane, og der vi må kontakte lærestadane. Dette er utfordrande, særleg i dei tilfella der lærestaden er øydelagt, flytta eller er i eit okkupert område. Samla bidrar dette til at kapasiteten vår blir ytterlegare pressa.


Godkjenningsordningane våre for fag- og yrkesopplæring, fagskule og høgare utdanning er frivillige godkjenningsordningar som er meinte som eit hjelpemiddel for å komme

inn på den ikkje-regulerte arbeidsmarknaden. Tidlegare effektundersøkingar viser at eit godkjenningsvedtak frå oss kan bidra til at personar med utanlandsk utdanning får kvalifisert arbeid og rett løn. I tillegg viser kartlegginga at godkjenningsordninga for fag- og yrkesopplæring blir etterspurd av mange verksemder og offentlege instansar før tilsetjing, mellom anna Mesterbrevnemda, Statsbygg og andre offentlege oppdragsgivarar og byggherrar. For dei lovregulerte yrka lærar og styrar/pedagogisk leiar i barnehage, må ein person med utanlandsk yrkeskvalifikasjon ha ei godkjenning frå HK-dir for å kunne få fast jobb.


Eit godkjenningsvedtak vil dermed kunne bidra til at fleire med utanlandsk utdanning kjem i jobb, at dei får rett type jobb (skills-match), og løn etter kvalifikasjonar. «[Figur 13](#)» viser kor mange godkjenningar vi har vedteke i 2023 samanlikna med talet på søknader vi fekk inn i same periode. Grovt sett kan vi seie at om lag halvparten av søknadene vi får inn fører fram til ei godkjenning.

Automatisk godkjenning er eit alternativ til HK-dirs ordinære godkjenningsordning for høgare utdanning. Dette er standardisert informasjon som viser korleis enkelte grader frå utvalde land normalt blir vurderte

av oss. Informasjonen kan lastast ned som PDF-filer frå nettsidene våre. I 2023 utvida vi ordninga med kvalifikasjonar frå 10 nye land. Tilbodet omfattar no til saman 150 kvalifikasjonar frå 41 land.



Figur 13 Oversikt over talet på søknader og godkjenningar i 2023



HK-dirs godkjenningskompetanse bidrar i internasjonalt arbeid

For å sikre at godkjenningsordningane våre er i tråd med internasjonale standardar og praksis, og at vi også bidrar til fornying og utvikling på godkjenningsfeltet er det viktig at vi er aktivt med i internasjonalt samarbeid på feltet. Dette er også ei formell forplikting vi har i rolla vår som ENIC-NARIC kontor gjennom Lisboakonvensjonen og EUs nettverk på utdanningsfeltet, og at vi er nasjonalt informasjonssenter gjennom Globalkonvensjonen. I 2023 har vi vore koordinator for dei to internasjonale prosjekta BRAVO og EQUAL (finansiert over EUs Erasmus+ program), i tillegg til at vi har deltatt som partner i prosjekta I-AR og AR-25, som begge blir koordinert av det nederlandske søsterkontoret vårt Nuffic.

Kompetansen vår er ettertrakta i det internasjonale godkjenningsnettverket. Vi har mellom anna hjulpet UNESCO med informasjonsarbeid og kapasitetsbygging om Globalkonvensjonen overfor land som er i prosess med å ratifisere konvensjonen, og vi har utarbeida tekstar og rapportar i samband med ratifiseringa og implementeringa. Vi bidrar med saksbehandlarkapasitet til Europarådets EQPR-prosjekt for vurdering av flyktningar sine kvalifikasjonar, og bidrar også med policyutvikling i det europeiske godkjenningsnettverket ved at ein av medarbeidarane våre er vald inn som representant i Naric Advisory Board, og ein annan medarbeidar sit i Working Party on Electronic Communication for Recognition.



3.3.3 Tilbydarane og rettleiingsapparatet sin kunnskap om og bruk av realkompetansevurdering

HK-dir fremjar kunnskap om og bruk av realkompetansevurdering på ei rekkje ulike måtar. I 2023 har vi arbeidd med å fremje bruken av realkompetansevurdering i vidareutdanningar. Vi har publisert ein rapport om realkompetansevurdering i bransje-programmet, basert på intervju med ulike utdanningsinstitusjonar. Dette har gitt HK-dir betre innsikt i status, utfordringar og moglegheiter for realkompetansevurdering i høgare yrkesfagleg utdanning og universitets- og høgskolesektoren. Resultata frå rapporten er delt i ulike forum og arrangement slik at fleire tilbydarar og rettleiingsapparatet no har ei betre forståing for betydinga av og potensialet i realkompetansevurdering.

Informasjon om og arenaer for kunnskapsdeling om realkompetansevurdering er etterspurt. I 2023 har vi difor arrangert sesjonar om realkompetansevurdering på Fagskolekonferansen, Nasjonalt EVU-forum og EVU-konferansen. Dette har bidratt til erfarings- og kunnskapsdeling, og at lovande praksisar og utfordringar knytt til realkompetansevurdering no i større grad blir delt på tvers av ulike institusjonar og sektorar. HK-dir

organiserer også eit nasjonalt læringsnettverk for realkompetansevurdering, og deltakarane gir tilbakemelding om at nettverket gjer at dei både får betre kunnskap og kan lære av kvarandre.

Vidare har HK-dir i 2023 kartlagt praksisar i ordning for realkompetansevurdering i alle landets fylkeskommunar. Gjennom kartlegginga identifiserte vi barrierar for einskapleg og effektiv praksis i dagens ordning for realkompetansevurdering i vidaregåande opplæring for vaksne, og vi utgreidde ulike tiltak for meir einskapleg forvaltning av ordninga på tvers av fylkeskommunane. Vi vil følge opp utgreiinga i 2024 med utvikling av eit nasjonalt rammeverk for realkompetansevurdering for vaksne og andre tiltak for kvalitetssikring og profesjonalisering på feltet. Dette er særleg viktig i arbeidet med innføring av modulstrukturerte læreplanar i ny opplæringslov. Endeleg bidrar HK-dir til at fleire har fått spisskompetanse på fagområdet ved å finansiere eit vidareutdanningstilbod i realkompetansevurdering på OsloMet. I 2023 fullførte 37 studentar denne vidareutdanninga.





3.3.4 Arbeids- og samfunnslivet sin kunnskap om ferdigheitsnivå i norsk språk

HK-dir brukar nettsidene til å informere om prøvane i norsk og samfunnskunnskap. Nettsidene vart revidert i 2023 og har relativt høge besøkstal, noko som tyder på at dei er lett tilgjengelege og nyttige både for prøve kandidat og prøvestarar. Informasjonen blir oppdatert kontinuerleg og medverkar til auka kjennskap til prøvane i norsk og samfunnskunnskap.

Saman med IMDi og AV-dir har vi følgd opp tilrådingane frå ei hurtigarbeidande arbeidsgruppe om tiltak for auka arbeidsmarknadsintegrering bland fordrevne frå Ukraina. Ei spørjeundersøking viste at arbeidsgivarar mellom anna treng betre kunnskap om korleis dei kan leggje til rette for språkutvikling og kompetanseheving i kombinasjon med arbeid. Ei tilråding var eit samarbeid med partane i arbeidslivet for god informasjon retta mot arbeidsgivarar. Direktoratet har saman med KS, NHO og LO utarbeidd ein kampanje som skal inspirere og rettleie arbeidsgivarar i kvar dei kan få rekruttert flyktningar, korleis dei kan leggje til rette for språkopplæring og kva dei ulike norsknivåa betyr. Kampanjen blir lansert i 2024 i form av filmar frå bedrifter, og blir lenka til ein ny nettstad for arbeidsgivarar, mika.no/flyktning-i-arbeid. Her får arbeidsgivarar informasjon om rekruttering av flyktningar, støtteordningar for bedrifter og rettleiing for å gi god språkstøtte til eigne tilsette.

3.3.5 Arbeids- og samfunnslivet sin kunnskap om utanlandsk utdanning

HK-dir rettleiar og informerer breitt og via fleire kanalar om godkjenning av utanlandsk utdanning. Hovudmålgruppa vår er søkerane til ordningane våre, men hjelpeapparatet, utdanningssektoren, arbeidsgivarar og internasjonale aktørar er også viktige grupper å nå ut til.

Nettsidene er svært viktige for nå ut med informasjon til målgruppene. Den mest kritiske leveransen for måloppnåinga vår i 2023 var å flytte informasjonen om godkjenning av utanlandsk utdanning frå NOKUTs nettsider til HK-dirs nettsider, mellom anna fordi inngangsporten til søkjarportalen vår ligg på nettsida. HK-dirs sider om godkjenning av utanlandsk utdanning vart lansert 1. juli 2023. På grunn av knapp tid vart berre det mest kritiske innhaldet overført til nye nettsider ved lanseringa, og arbeidet med å forbetre og utvikle sidene heldt fram utover hausten. Dette er eit kontinuerleg arbeid som held fram inn i 2024. Søkjartrafikken på HK-dirs nettsider viser at over 80 prosent av bruken er knytt til sidene om godkjenning av utanlandsk utdanning.

Workshops, ulike presentasjonar og liknande verkemiddel er også viktige i informasjons- og rettleiingsarbeidet vårt. Vi brukar digitale kanalar som webinar og digitale rettleiingsrom, og gir presentasjonar anten fysisk eller digitalt på oppdrag frå til dømes NAV og fylkeskommunar. I 2023 heldt vi til saman 20 digitale og fysiske presentasjonar med til saman ca. 1500 deltakarar. Tilbakemeldingane frå deltakarane er jamt over positive, og mange etterspør meir av slikt informasjonsarbeid, særleg webinar dedikert til ulike land eller regionar og utdanningssystema deira. I tillegg står vi på stand på ulike utdanningsmesser og karrieredagar, vi held workshops og foredrag

på diverse konferansar og har vore inviterte til å halda ei rekkje presentasjonar både nasjonalt og internasjonalt i løpet av året. Det har også vore utstrekt seminaraktivitet via dei to internasjonale prosjekta vi koordinerer, BRAVO og EQUAL, omtalt under kapittel 3.3.2.

I samband med flyktningstraumen frå Ukraina har det vore behov for meir målretta informasjon om godkjenning av utanlandsk utdanning til flyktningar, men også til hjelpeapparatet og andre personar som jobbar i integreringsfeltet. Vi har mellom anna utvikla informasjon til IMDis nettside [Ny i Noreg](#) og kompetansepakkar om godkjenning som inngår i IMDis digitale fagressurs for programrettleiar i introduksjonsprogrammet. Vi har også bidratt inn i ei referansegruppe for forskingsprosjektet UKRAFLY2 ved OsloMet, som tar for seg ukrainske flyktningar si erfaring med integrering og offentlege tenester i Noreg.

3.4 Mål 4

Kompetansepolicyen er godt samordna og stimulerer til kompetanseutvikling og samarbeid mellom arbeidsliv og utdanning

3.4.1 Arbeidslivsaktørane involvering i utvikling av strategiar og verkemiddel for kompetanseutvikling i arbeidslivet

HK-dir jobbar for å bidra til ein effektiv og heilskapleg kompetansepolitikk. Betre koordinering på feltet er positivt for utvikling, mobilisering og bruk av kompetanse i samfunns- og arbeidslivet.

Som sekretariat for det partssamansette Kompetansereformutvalet er HK-dir ein viktig bidragsytar i kompetansepolicyen. Utvalet skal utgreie korleis partane i trepartssamarbeidet kan leggje betre til rette for omstilling og læring i arbeidslivet, gitt overordna mål om høg stabil sysselsetting, motverke aukande forskjellar og sikre kompetansen arbeidslivet treng. Utvalet skal leggje fram sin NOU i oktober 2024.

HK-dir deltar også i Kompetansepolitisk råd, der politisk leiing i fleire departement og representantar frå partane i arbeidslivet og utdanningssektoren løftar relevante kompetansepolitiske problemstillingar. Vi koordinerer også ein fast arena på nasjonalt nivå for administrative møte med partane i Kompetansepolitisk råd.

God dialog og samarbeid med partane i arbeidslivet bidrar vidare til meir målretta ordningar. Eit felles samarbeidsorgan med representantar frå hovudorganisasjonane er med i treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling, noko som bidrar til å samordne innsatsen og til å løfte problemstillingar på tvers av dei respektive bransjane som er med i ordninga. HK-dir har også vidareutvikla fleire andre tilskotsordningar etter innspel frå partane og utdanningsleverandørar.

Den øyremerka delen av driftstilskotet til fagskulane knytt til frontfagoppgjeret (Industrifagskulen), blir til dømes forvalta i tett dialog med partane i arbeidslivet. For å styrke måloppnåinga innførte HK-dir ei treårig rammetildeling frå og med 2022, i samråd med partane og fagskulane. Det blir også gjennomført årlege samtalar med fagskular og partane om utviklinga. I 2023 ser vi resultat av endringane. Både talet på relevante utdanningstilbod og talet på studentar som brukar tilboda aukar i tråd med forventningane. Det er auke i talet på korte, fleksible utdanningstilbod retta mot fagarbeidarar innan industri og bygg, og talet på studentar som har deltatt i utdanningstilboda som er finansiert gjennom ordninga. I 2023 deltok 864 studentar på tilbod finansiert gjennom denne øyremerkinga.

3.4.2 Vilkår for og deltaking i læring og kompetanseutvikling i heile arbeidslivet

Utgreiing og utprøving av opplærings- og utdanningspolitiske verkemiddel basert på arbeidslivets og befolkningas behov er eit ledd i vidareutviklinga av den norske kompetanse- og integreringspolitikken. I 2023 har direktoratet til dømes utgreia rett til opplæ-

ring for arbeidsinnvandrarar og forvalta ei ordning knytt til regional kompetanseutvikling.

Gjennom samarbeid, oppfølging av prosjekt, kunnskapsutvikling, rettleiing og formidling bidrar HK-dir til å styrke fylkeskommunane i deira arbeid med regional kompetansepolitikk og til å gjennomføre tiltak som bidrar til at fleire vaksne får auka kompetanse sin.

HK-dir har på oppdrag fra KDD forvalta ei ordning med Kompetansepilotar retta mot fylkeskommunane. Kompetansepilotordninga vart avslutta i 2023. Alle fylkeskommunane har vore med, utanom Oslo. Ordninga har hatt som formål å utvikle gode modellar og metodar for mobilisering til kompetanseutvikling, og å støtte fylkeskommunen si strategiske rolle og ansvar for regional kompetansepolitikk. Kompetansepilotprosjekta har gjennomført tiltak i fylkeskommunane som legg til rette for at fleire vaksne får auka kompetanse framover, og har vore ein viktig bidragsytar for fleire av dei kompetansepolitiske fylkesstrategiane som er utvikla under prosjektperioden. Fylkeskommunane har særleg mobilisert små og mellomstore bedrifter i distrikta til kompetanseutvikling. Tilskotsmidlar har gjort det mogeleg å avsetje ein dedikert ressurs som evnar å jobbe

operativt og målretta med å mobilisere dei relevante aktørane. Midlane har også ført til ei sterkare kopling mellom utdanningstilbydarar og næringslivet i regionen.

Arbeidsinnvandrarutvalet kartla i 2022 situasjonen for arbeidsinnvandrarar. NOU 2022:18 teiknar eit heilskapsbilete av at ein stor del av arbeidsinnvandrarane i Noreg opplever store integreringsutfordringar, både i arbeidslivet og samfunnet elles. Utvalet tilrådde dermed ei politikkforsterking for å betre integreringa av arbeidsinnvandrarar i Noreg. Utvalet tilrådde mellom anna at norskopplæringstilbodet til arbeidsinnvandrarar vert styrka og at det vert innført rett til norskopplæring i modular med eigenandel. Utvalet meinte også at eit tilbod om opplæring i samfunnskunnskap for alle arbeidsinnvandrar kan bidra til å dekke behovet for informasjon og kunnskap som igjen kan lette integreringa i Noreg. HK-dir har utgreia fleksible og tilpassa tilbod om norskopplæring og opplæring i samfunnskunnskap som kan gjennomførast delvis digitalt og kombinerast med arbeid. Vi har vidare vurdert korleis ein kan innføre ein rett til undervisning i norsk og samfunnskunnskap for arbeidsinnvandrarar innan rammene av integreringsregelverket, og eit supplerande tilbod gjennom tilskotsordnin-

gar. IMDi gav viktige innspel i utgreiingsarbeidet. Hovudalternativet, med økonomiske og administrative konsekvensar, vart levert til AID i 2023. Heile utgreiinga vert levert i februar 2024.

3.4.3 Tverrsektorielt samarbeid om kvalifisering

HK-dir har bidratt og hatt stor nytte av samarbeidet i eit oppdrag der IMDi hadde hovudansvar, om utgreiing av tiltak for å auke bruken av formell kvalifisering. Formålet var å identifisere årsaker til at så få av deltakarane får formell kvalifisering innanfor rammene av introduksjonsprogrammet, og vurdere behovet for å gjere endringar i integreringsregelverket. Oppdraget gjekk vidare ut på å foreslå tiltak som kunne bidra til at fleire oppnår formell kompetanse på vidaregåande nivå. Utgreiinga identifiserte hinder for deltakarar i introduksjonsprogram til å delta i formell kvalifisering. Integreringslova frå 2021 vart implementert i ein periode prega av pandemi og krig, noko som sette kommunar og fylkeskommunar under sterkt press. Hindringane er knytt til forhold ved individet, tenestetilbodet, tolking av ulike regelverk og inntekstsikring. Utgreiinga tilrådde mellom anna vurdering av endringar i integreringslova, og at rett til sannsynsvurdering ved inntak til vidaregåande vert forskriftsfesta, og dessutan mogelegheit for fritak frå kravet om engelsk. Tilrådingane blir delvis følgd opp som del av HK-dir sitt arbeid med Fullføringsreforma.

For auka arbeidsmarknadsintegrering blant flyktningar frå Ukraina er det nødvendig med tverrsektorielt samarbeid. HK-dir har bidratt inn i fleire felles oppdrag som følgje av krigen i Ukraina. Vi har følgd opp forslag frå hurtigarbeidande gruppe om tiltak for auka arbeidsmar-

knadsintegrering blant fordrevne frå Ukraina i samarbeid med AV-dir og IMDi, og nasjonal plan for mobilisering av ressursar om tiltak for meir effektiv tenesteyting hos kommunar og fylkeskommunar i samarbeid med AV-dir, Helsedirektoratet, IMDi og Udir. Direktoratata har mellom anna greidd ut om det er føremålstenleg å lage korte yrkesretta/bransjeretta kurs på bakgrunn av etterspurd kompetanse i arbeidsmarknaden, og levert forslag til yrkes- og bransjeretta opplæringsløp for deltakarar i introduksjonsprogrammet. Opplæringsløpa er utvikla for at fordrevne frå Ukraina og andre flyktningar med relevant kompetanse, kan jobbe som assistent i helse- og omsorgssektoren og i barnehage- og skulesektoren.

Godt samarbeid med AV-dir og IMDi om gode opplæringstenester for ledige og utsette grupper

HK-dir har i 2023 halde fram samarbeidet med AV-dir og IMDi om å utvikle effektive og gode opplæringstenester for ledige og utsette grupper på arbeidsmarknaden. Oppdraget omfattar både karriererettleiing, realkompetansevurdering og fag- og yrkesopplæring for NAV sine brukarar. Samarbeidet med AV-dir og IMDi har eit langsiktig perspektiv. Direktoratata legg til rette for og stimulerer tverrsektorielt samarbeid på regionalt nivå både gjennom nettverksarbeid og forsøk med samarbeidsmodellar, og jobbar med å gjere tenestene meir brukarvennlege og effektive gjennom utvikling av digitale verktøy og kunnskap. Saman har vi avdekket to viktige hindringar for godt samarbeid. Den eine handlar om utfordringar med å dele personopplysingar på ein forsvarleg måte, og den andre gjeld gjensidig manglande kunnskap om verkemidla og regelverket hos den andre etaten. I 2023 har vi gjort ferdig ei utgreiing av korleis etatane kan dele personopplysingar på ein trygg og lovleg måte. I 2024 vil vi sjå nærare på korleis vi kan møte desse

hindringane gjennom å nå breitt ut til dei tilsette med informasjon og rettleiing. På sikt vil vi også få fleire svar om kva modellar for samarbeid mellom NAV og fylkeskommune som fungerer godt, gjennom følgjevalueringa av de fleirårige forsøka som starta i 2023 på initiativ frå AID.

I 2023 er det sett i gang fleirårige forsøk med samarbeidsmodellar med NAV-fylke og fylkeskommunar. Det er for tidleg å seie noko om resultat frå forsøka, men NAV-rettleiarane i fleire fylke opplever at kompetansen deira om karriererettleiing har auka, og at det er lettare å finne og å rekruttere deltakarar til opplæring og kvalifisering etter at samarbeidet mellom NAV og karrieresenter har blitt tettare som følgje av deltaking i forsøket. Ingen av forsøka har samarbeid om realkompetansevurdering som tema, men det har vore gjennomført ein felles workshop med NAV og fylkeskommunar om slikt samarbeid. Resultat frå dette arrangementet har vore følgd opp i det tverrsektorielle nettverket som direktorata saman har etablert for NAV-fylke og fylkeskommunar. Realkompetansevurdering er framheva som prioritert tema i utlysinga av nye forsøksmidlar i 2024.

Vidare viser evalueringane frå samlingane i det tverrsektorielle nettverket, at 85 prosent av deltakarane er godt nøgde eller svært godt nøgde med utbyttet av samlingane i 2023. Påmeldingane er fulle og det er stort engasjement på samlingane, som har som formål å styrke samarbeidet regionalt, spreie gode eksempel og kunnskap til aktørane.

I 2023 har HK-dir også samarbeida med andre aktørar for å få nyttig kunnskap inn mot arbeidet med innføring av førebuande opplæring for vaksne. Blant anna bidrog vi i eit oppdrag om arbeidsretta tiltak for innvandrarar med svake norskferdigheiter og lite formell kompetanse. Ideas2evidence utførte utgreiinga på oppdrag frå IMDi. I rapporten som blei sendt til AID anbefalte HK-dir og IMDi at innføringa av førebuande opplæring for vaksne blir sett i samanheng med utvikling av arbeidsretta tiltak for målgruppa.



Nettstaden [Digidel.no](https://www.digidel.no)

er finansiert av Digitaliserings- og forvaltingsdepartementet (DFD) og tilbyr ulike verktøy og ressursar for dei som driv opplæring i grunnleggjande ferdigheiter. Nettstaden vert jamleg oppdatert. Bruken er stabil med om lag 27 500 sidevisningar i året, og dei mest brukte ressursane er rettleiing i digitale ferdigheiter og den oppdaterte BankID-simulatoren. I 2023 har vi publisert ein læringsressurs om nettvett, ein animasjonsvideo og ein modul om førebygging og handtering av nettsvindel, simulering for innlogging på offentlege nettstader og ein ressurs om bruk av digitale møteplassar. Ressursane har også blitt omsett til fleire språk i 2023.

HK-dir samarbeider tverrsektorielt for å nå ut med tilbodet. Redaksjonsgruppa er briett samansett og hadde tre møte i 2023. HK-dir, KS, Nasjonalbiblioteket (NB) og Viken fylkeskommune samarbeida om ei nasjonal erfaringssamling i Lillestrøm og ei samling i Sarpsborg med fokus på unge og digital inkludering. KS og HK-dir har også samarbeida om webinar og ei regional samling i Innlandet.

I 2024 planlegg vi å oppdatere fleire ressursar og ha søkelys på å gjere ressursane betre kjent, og vi vil arrangere ei ny nasjonal erfaringssamling. Vi vil samarbeide med KS og Digidir for å lukkast. Samarbeidsmøta med KS, NB, og fylkesbiblioteka i Akershus, Buskerud og Østfold vil også halde fram.

Tverrsektorielt samarbeid og tilrettelegging for karriererettleiing til flyktningar

For å bidra til utvikling av god kvalitet i den lovpålagte karriererettleiinga til flyktningar, har HK-dir i 2023 innhenta kunnskap om korleis karriererettleiinga er organisert og korleis ho fungerer. På oppdrag frå HK-dir har Fafo kartlagt karriererettleiingstilbodet til flyktningar. Kartlegginga tyder på at det framleis er ein veg å gå før samarbeidet mellom fylkeskommunane og alle kommunane flyt godt og det er mogeleg å dra nytte av dei ulike aktørane sin kunnskap og oppgåver. Fafo tilrår at samarbeidet mellom dei fylkeskommunale karrieresentera og kommunane vert vidareutvikla. For å følgje opp tilrådingane har HK-dir tatt initiativ til at fylkeskommunane i 2024 skal arrangere fylkesvise samlingar for kommunane med formål om å betre samarbeidet og auke kvaliteten på karriererettleiingstilbodet til flyktningane. For å auke utbyttet av karriererettleiinga for den enkelte flyktningen, har Fafo vidare tilrådd at karriererettleiinga i større grad bør leggast opp som ein prosess gjennom introduksjonsprogrammet, framfor ein eller to enkeltsamtalar før oppstart i programmet. Dei tilsette i karriererettleiingstenesta vurderer at dette vil auke utbyttet flyktningane har av rettleiinga, men ei slik omlegging er ikkje mogeleg for fylkeskommunane å få til utan auka løyvingar til arbeidet.

For å bidra til best mogeleg organisering og kvalitet i tilbodet, støttar og rettleiar HK-dir fylkeskommunane i arbeidet med karriererettleiing etter integreringslova. Digitale og fysiske nettverkssamlingar med kunnskapsformidling og erfaringsdeling står sentralt, i tillegg til kompetansehevingsprogram i fleirkulturell karriererettleiing. Både fylkeskommunane og kommunane uttrykker i evalueringar at dei er nøgde med kursa, samlingane og støtta dei får frå HK-dir. Skuleåret 2023/24 gjennomfører USN på oppdrag frå HK-dir eit kom-

petansehevingsprogram med kurs i fleirkulturell rettleiing for om lag 25 karriererettleiarar frå fylkeskommunane, og kurs i karrierekompetanse for rundt 65 lærarar frå kommunane som underviser i karrierekompetanse i standardelementet Livsmestring i et nytt land i introduksjonsprogrammet. HK-dir har i tillegg arrangert fleire erfaringssamlingar for karriererettleiarar som jobbar med flyktningar og innvandrarar. Kursa og erfaringssamlingane har gitt rettleiarane auka fagleg kompetanse, mogelegheit til å lære av kvarandre og spreie beste praksis. Meir smidig samarbeid og auka kompetanse i å rettleie målgruppa bidrar til å auke kvaliteten på rettleiinga, som igjen bidrar til at deltakarane tar informerte val om arbeid og utdanning og til at introduksjonsprogrammet blir tilpassa behovane til den enkelte.

3.4.4 Samsvar mellom utdannings- og opplæringsstilbod og arbeidslivets etterspurnad etter kompetanse

I høgare yrkesfagleg utdanning ser vi at talet på utdanningstilbod innan helse- og velferdsfag, dei tekniske faga og økonomi- og administrasjonsfag har auka kraftig sidan 2018, medan dei andre fagområda ligg på same nivå i heile perioden. Saman med utviklinga i talet på studentar innan dei ulike fagområda, viser dette ein klar auke i utdanningar innan område som er relevante for arbeidslivet. Dette er fagområde der Utsynsmeldinga slår fast at vi treng fleire med slik kompetanse. Utviklinga er eit resultat av fagskulane sitt utviklingsarbeid og satsingar, og fylkeskommunane si prioritering av driftstilskot. Veksten speglar også tilskot til utvikling av nye utdanningar gjennom utviklingsmidlar og enkelte bransjeprogram. Til grunn for fordelinga av nye studieplassar i 2023 var det også ei tydeleg satsing på desse fagområda. I grunnopplæringa utviklar direktoratet

i samarbeid med Udir nye læreplanar for vaksne deltakarar baserte på modulforsøket. Det er eit sentralt premiss at store delar av opplæringa skal kunna gjennomførast i bedrift, og gode opplæringsløp fordrar difor nært samarbeid mellom skule, bedrift og kommune. Direktoratet involverer partane i arbeidslivet i utviklingsarbeidet. For utfyllande omtale sjå under 3.2.3.

Gjennom bransjeprogramma har partane i arbeidslivet samarbeidd om å kartlegge kompetansebehova i utvalde bransjar. På bakgrunn av kartlegginga er det lyst ut midlar på alle utdanningsnivå. Dette har bidratt til at det har blitt utvikla skreddarsydde utdanningstilbod for bransjane. For meir utfyllande omtale sjå under 3.2.3.

Kompetansepilotprosjekta har ført til ei sterkare kopling mellom utdanningstilbydarar og næringslivet i regionane, og har lagt til rette for at fleire vaksne får auka kompetanse framover. Kompetansepilotane har også bidratt til at det har blitt utvikla utdanningstilbod særleg retta mot utvalde næringar. Sjå utfyllande omtale om kompetansepilotprosjekta under 3.4.2.

3.5 Mål 5

Styresmakter, institusjonar og aktørane i arbeidslivet har eit godt kunnskapsgrunnlag for sine avgjersler om utdanning, forskning og kompetanseutvikling

3.5.1 Relevante analysar og kunnskapsgrunnlag innanfor ansvarsområda til direktoratet

Det er stor merksemd om mangelen på kompetent arbeidskraft, og dette held fram med å vere eit prioritert tema i arbeidet til HK-dir. Våre berekningar viser at det vil vere ein mangel på kompetanse og folk på viktige område som helse og IT. I tillegg er det stadig viktigare med beredskap på kunnskapsfronten for å handtere både kjente og ukjente utfordringar framover. Avgjerdene som styresmaktene, institusjonane og arbeidslivet tar om utdanning, forskning og kompetanseutvikling, vil difor berre verte viktigare og viktigare. Dette handlar til dømes om kva nivå i utdanningssystemet som skal bidra til å løyse dei ulike kompetansebehova. For å ta gode avgjerder trengst det eit godt kunnskapsgrunnlag.

Strategiplan for kunnskap og formidling 2024–2027

I 2023 har HK-dir utarbeidd ein strategiplan for kunnskap og formidling, heretter kalla kunnskapsstrategien. Kunnskapsstrategien konkretiserer direktoratet sine ambisjonar på kunnskapsområdet, slik dei er formulert i verksemdsstrategien. HK-dirs ambisjon er å fremje kunnskap som styrkar utdanning og opplæring i Noreg, vi vil at våre råd og analysar skal bygge på eit samla og solid kunnskapsgrunnlag og vi vil sjå utdannings- og kompetansepolitikken i samanheng. Vidare vil vi sørge for at data vi samlar inn og forvaltar er lett tilgjengelege, og vi skal vere ein pådrivar for deling av data. Endeleg formidlar vi ny kunnskap til brukarar, avgjerdstakarar og samfunnet.

Dette kan vi ikkje gjere på alle områda samstundes. Kunnskapsstrategien skildrar difor nokre prioriterte tematiske område for perioden. Den tematiske hovudprioriteringa for arbeidet med kunnskapsgrunnlag og analyse er: framtidige behov for kompetent arbeidskraft – utdanning og opplæring som del av tverrsektorielle løysingar.

Kunnskapsstrategien skal bidra til å styrke kunnskapsgrunnlaget på dei prioriterte områda og samstundes bidra til at heile direktoratet arbeider meir strategisk og samla med kunnskapsgrunnlaget. På denne måten er oppfølginga av kunnskapsstrategien både eit verktøy for og ein test på om vi evnar å utnytte fordelane ved å vere eit stordirektorat.

Kunnskapsstrategien peikar framover, men også i 2023 har HK-dir levert ei rekkje analysar og eit relevant kunnskapsgrunnlag innanfor ulike område. Ein del av desse analysane har hatt som formål å bidra inn i utvikling av dei tenestene vi tilbyr. Andre har evaluert tiltak. I tillegg har vi styrkt kunnskapsgrunnlaget for mellom anna høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning som grunnlag for innspel på område der ein skal ta politiske avgjerder.

Prioriteringar i kunnskapsstrategien

1. Kompetanse og utdanning som verkemiddel for inkludering i utdanning, arbeid og samfunnsliv (januar – desember 2024)
2. Kvalitet og tilgjengelegheit i høgare yrkesfagleg utdanning (januar 2024 – juni 2025)
3. Kvalitet og tilgjengelegheit i høgare utdanning (august 2024 – desember 2025)
4. Internasjonalisering i utdanning og opplæring (august 2024 – desember 2025)
5. Søking og opptak til høgare utdanning i Noreg (januar – desember 2026)
6. Norskopplæring og norskprøver (mars – desember 2024)



Kunnskapsgrunnlag om kompetansebehov og dimensjonering er etterspurt

For å kunne ta gode og informerte val om arbeid og utdanning, og for at arbeidslivet og utdanningsinstitusjonane skal kunne planleggje si eiga utvikling, er folk, arbeidslivet og utdanningsinstitusjonane avhengige av informasjon om framtidige kompetansebehov.

I 2023 leverte Kompetansebehovsutvalet sin andre temarapport. Rapporten handla om kompetansebehov i arbeidslivet for grøn omstilling. Kompetanse er avgjerande for å få til den grønne omstillinga vi står overfor. Rapporten har bidratt til å styrke kunnskapsgrunnlaget, ikkje berre for styresmaktene, men også for utdanningsinstitusjonane og aktørane i arbeidslivet. Rapporten vert referert til, og har ført til auka merksemd på kompetansebehov for s omstilling.

Totalt har Kompetansebehovsutvalet levert tre NOU-ar og to temarapportar. I tillegg har det blitt publisert ei rekkje notat med meir avgrensa tema og rapportar med oppdateringar av utvalde område frå NOU-ane. Totalt sett bygger dette eit grundig og overordna kunnskapsgrunnlag om kompetansebehov over tid.

Høgare utdanningsinstitusjonar gir viktige bidrag når det gjeld å løyse noverande og framtidige kompetansebehov. Det handlar mellom anna om å dimensjonere studietilbodet etter søkarane sin etterspurnad og arbeidslivet og samfunnet sine kompetansebehov. Forsking viser at søkarane sin etterspurnad i stor grad styrer dimensjoneringa. HK-dir gjennomførte i 2023 eit forprosjekt der vi kartla institusjonane sine behov for kunnskap i arbeidet med dimensjonering. Institusjonane melder tilbake til oss at det var viktig for dei at utfordringane og problemstillingane dei står overfor, og nyansane i arbeidet med dimensjonering, vart dokumenterte. Rapporten inne-

held ti tilrådingar for vidare oppfølging og har vore brukt i arbeidet med profesjonsmeldinga.

I etterkant av at rapporten vart levert, har vi fått ei rekkje førespurnader om å presentere konklusjonar frå arbeidet, mellom anna for UHR, KDD og KDs samarbeidsarena med departementa om kompetansebehov. Dette tyder på at dimensjonering av høgare utdanning er eit tema som vert diskutert i fleire sektorar, og at kunnskap om dette feltet er etterspurt i fleire delar av forvaltninga. Rapporten har hatt 1084 sidevisingar og 521 unike besøk på nettsida vår, noko som gjer han til ein av dei mest besøkte rapportane i 2023.

Vidare fekk HK-dir i 2023 i oppdrag frå KD å sjå på dimensjonering av sjukepleiarutdanninga. KD ønskjer at utdanningsinstitusjonane skal auke i kapasiteten i sjukepleiarutdanninga, men ei kartlegging som er gjennomført av HK-dir blant utdanningsinstitusjonane, viste at mangel på praksisplassar er ein flaskehals med tanke på å auke talet på studieplassar innan sjukepleie. I tillegg går søkjartala til bachelorutdanninga i sjukepleie ned, og fører til nye utfordringar knytt til det å dekke etterspurnaden etter fleire sjukepleiarar. Kartlegginga er relevant for arbeidet med profesjonsmeldinga og for framtidig dimensjonering av studietilbodet.

Tilstandsrapportane for høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning bidrar til politikkutforming og til utdanningsinstitusjonane sitt utviklingsarbeid

Dei årlege tilstandsrapportane for høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning gir eit samla og kvalitetssikra analyse- og datagrunnlag av utviklinga i sektorane over tid. Rapportane blir brukte av KD som grunnlag for styring og utvikling, medan utdanningsinstitusjonane brukar styringsinformasjonen rapportane tilbyr,



I oktober arrangerte HK-dir eit møte med alle studentorganisasjonane på Sentralen i Oslo. Der blei mellom anna det psykososiale læremiljøet til studentane diskutert.

mellom anna til å samanlikne seg med kvarandre langs ei rekkje dimensjonar knytt til utdanning, forskning, personale og økonomi.

Vi får tilbakemeldingar om at tilstandsrapportane når fram til og blir brukte av relevante brukargrupper i sektorane. Tilstandsrapporten for høgare utdanning (TRHU) hadde 1922 unike besøkande, og tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning hadde 988 unike besøkande på nettstaden vår i 2023. Dette gjer dei til nokre av dei mest besøkte rapportane på nettsida vår, sjølv om tala er lågare enn i 2022. Talet på besøkande til vedlegga til tilstandsrapportane har samstundes auka, noko som kan tyde på at interessa for oppslaga i rapportane er mindre, medan dataa er av høg interesse. I så tilfelle gir dei planlagde grepa for å vidareutvikle rapportane god meining.

Resultata som kom fram i TRHU 2023, viste ei normalisering etter åra med pandemi. Det gjaldt til dømes talet på studentar, som minka litt i 2022 samanlikna med dei to førre åra, og at studentmobiliteten tok seg opp igjen etter pandemiåra.

Temakapittelet til TRHU 2023 om «fleksible profesjonsutdanningar», har vore eit kunnskapsgrunnlag for KD i arbeidet med stortingsmeldinga om profesjonsutdanningane. Rapporten viste at variasjonane er store mellom fag og utdanningar, men også at vi så langt har hatt for dårleg kunnskap om omfanget av fleksible utdanningar, mellom anna som følgje av måten studieprogram blir registrerte på. HK-dir vil i 2024 samarbeide med sektoren om å betre registreringa og styrke kunnskapsgrunnlaget.

For HK-dir er det viktig å spørje seg korleis

TRHU kan bli endå meir nyttig og relevant framover, ikkje minst i lys av nye styringsprinsipp og avviklinga av styringsparameterar. HK-dir og KD har hatt dialog om dette i 2023. HK-dir meiner at ei meir tematisk og analytisk tilnærming, som i noko mindre grad fokuserer på enkeltindikatorar, vil kunne bidra til meir heilskapleg kunnskap om sektoren, til nytte for KD så vel som institusjonar og andre interessentar og aktørar. Vi arbeider også vidare med digitalisering av rapporten, i første omgang publisering i HTML-format.

Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning viser at det i 2022 var 27 972 studentar i høgare yrkesfagleg utdanning. Etter fleire år med auke i talet på studentar ser vi i 2022 ei utflating i talet på studentar. Samstundes er det ein tydeleg vekst i studiepoengproduksjonen.

Tilstandsrapporten vart i 2023 utvida med eigne nøkkeltal for høgare yrkesfagleg utdanning i kvart fylke. Rapporten bidrar også for første gong med ein analyse av utbyttet av den økonomiske satsinga gjennom statlege tilskot til studieplassar. I 2022 ligg rapporterte studiepoengeiningar i den offentleg finansierte delen av sektoren berre 14 prosent under forventninga ved maksimalt utbyte. Alt i alt kan vi seie at utviklinga i den offentleg finansierte delen av sektoren er heilt i tråd med den finansielle satsinga og at den økonomiske satsinga gir den utteljinga vi har forventa. Dette er viktig kunnskap for styresmaktene i arbeidet med å dekke samfunnet sine kompetansebehov. Tilstandsrapporten er også eit viktig bidrag inn i arbeidet med stortingsmeldinga om høgare yrkesfagleg utdanning.

Evalueringa av fagskulemeldinga bidrar til vidareutvikling av politikken for høgare yrkesfagleg utdanning

Deloitte har på oppdrag frå HK-dir evaluert fagskulemeldinga *Meld. St. 9 (2016–2017) Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning*. Etter å ha levert to delrapportar i 2021 og 2022, leverte Deloitte sluttrapport for dette arbeidet i mars 2023. Sluttrapporten har hovudfokus på dei kvalitetshevande tiltaka i fagskulemeldinga og presenterer ei heilskapleg undersøking og vurdering av verknadane av dei 48 tiltaka i meldinga. Deloitte sitt evalueringsarbeid er, saman med HK-dir sitt tilhøyrande notat, bidrag inn i det pågåande arbeidet med ny melding til Stortinget om høgare yrkesfagleg utdanning. Dette er ein sektor som veks raskt og som vil spele ei viktig rolle i å møte kompetansebehova. Rapporten er også ein av direktoratets best besøkte i 2023, med 1105 sidevisingar og 616 unike besøk.

Kunnskap om konsekvensane av koronapandemien for høgare utdanning

For å følgje med på dei langsiktige konsekvensane av koronapandemien for studentar og tilsette i høgare utdanning, har KD i 2023 gitt HK-dir i oppdrag å : 1) Overvake eksisterande statistikk som kan seie noko om konsekvensar, og 2) sette ut eit forskingsoppdrag som går djupare inn i langsiktige konsekvensar i høgare utdanning. HK-dir leverte eit første notat med statistikk til KD våren 2023. NIFU gjennomfører forskingsoppdraget, og dei første resultata er venta i 2024. Resultata vil kunne bli brukt til å anbefale tiltak for å bøte på eventuelle negative konsekvensar av koronapandemien for høgare utdanning.

Breitt kunnskapsgrunnlag på karriererettleiingsfeltet

HK-dir sitt nasjonale systemansvar for karriererettleiing krev arbeid med kunnskapsutvikling om tenesta på tvers av sektorar. I 2023 har vi innhenta kunnskap frå forskingsmiljø knytte til oppdrag frå KD og AID på desse områda:

- Karriererettleiing for flyktningar og samarbeidet mellom fylkeskommunar og kommunar
- Utbyttet av utdanninga til studentar frå skulesektoren som tar høgare utdanning innanfor karriererettleiing
- Ei internasjonal kartlegging av arbeid med karriereutvikling for forskarar i tidleg karrierefase
- I fellesoppdraget med AV-dir og IMDi om utvikling av effektive og gode opplæringstenester for ledige og utsette grupper, er det sett i gang forsøk med utvikling av samarbeid på regionalt nivå. HK-dir samarbeider med AV-dir om følgjeforskning av forsøka.

Kunnskapen vert brukt til å vidareutvikle tiltak og verkemiddel, og til å levere kunnskapsbaserte forslag til departementa. Vi legg dessutan vekt på omfattande formidling av kunnskapen, både til avgjerdstakarar, tenesteeigarar, praktikarar og andre interessentar, mellom anna gjennom Veilederforum.no, sosiale medium, hkdir.no og bidrag på eigne og andre sine arrangement. Fylkeskommunane gir i ei undersøking tilbakemelding om at HK-dir lukkast med å heve kompetansen på fagfeltet og å styrke kvaliteten på karriererettleiingstenesta. Dette skjer mellom anna gjennom at vi bygger og deler kunnskap. Veilederforum.no har hatt ein auke i talet på besøk frå 2022 til 2023. Vi skriv meir om arbeidet med karriererettleiing, kunnskap og formidling i omtalen av mål 2 og 4.

For å vidareutvikle Utdanning.no som ei informasjons-, rettleiings- og sjølvbetjeningssløysing for både unge og vaksne, gjennomfører HK-dir anna kvart år større kartleggingar av brukarbehov på ulike område. Kartleggingar og rapportar for *Unge utdannings og yrkesvalg*, som omfattar målgruppa 15–25 år og *Voksnes utdannings og yrkesvalg*, som omfattar gruppa 25 år og eldre, vart utarbeidd i 2023 og gjennomført av Opnion på oppdrag frå HK-dir. Funna i kartleggingane er grunnlag for å vidareutvikle innhald



Harald Groven arbeidar som senioringeniør i Utdanning.no.

og tenester, både for unge og vaksne. Kartlegginga av vaksne blir no brukt som kunnskapsgrunnlag for tenester for vaksne som skal ta vidaregåande (Fullføringsreforma), men også til etablering av EVU-nettsider for høgare utdanning.

Utdanning.no brukartestar både eksisterande og nytt innhald og tenester. Kvart år i januar og februar gjennomfører vi ei større nettbasert undersøking blant brukarane av nettstaden. Undersøkinga viser kven

brukarane er, kor nyttig dei opplever nettstaden og andre element. I 2023 kom det inn 5000 fritekstsvar som vi går gjennom som grunnlag for forbetringar. Bruk av søkeloggar og ulike typar analyseverktøy inngår også i kunnskapsgrunnlaget for individretta tenester. I tillegg brukar Utdanning.no chatloggane til karriereveildning.no som kunnskapsgrunnlag for å utvikle tenestene.

Eit av oppdraga våre er å drifte og vidareutvikle tenesta karriereveiledning.no. Over tid har chatloggane vist at interesser er viktig

for valet av utdanning og jobb, og at dei som tar kontakt har behov for karriererettleiing for å identifisere interesser. På oppdrag frå HK-dir har ulike fag- og forskingsmiljø gjennomført eit omfattande innsiktsarbeid som kastar lys over kva som er brukarane sine behov og barrierar, kva tilnærmingar fagfeltet brukar til interesseutforskning og korleis omgrepet interesse kan definerast. Innsiktsarbeidet har resultert i tre rapportar:

- Analyse av interesseutforskning i chatloggar på karriereveiledning.no, Computas
- Interesseutforskning i karriererettleiing og karriererettleiingslitteratur, Proba Samfunnsanalyse
- Definere omgrepet interesse i karrieresamanheng, PwC

Kunnskapsgrunnlaget om interesseutforskning vurderer vi som tids-aktuell og relevant for ulike fagmiljø innan karriererettleiing og kompetanseutvikling, og HK-dir vil formidle kunnskapen til desse målgruppene i ulike samanhengar. Endå viktigare blir det å bruke dette kunnskapsgrunnlaget til å utvikle verktøyet «Mine interesser», som skal hjelpe elevar til å bli medvitne om og sortere i egne interesser slik at dei i større grad tar utdannings- og yrkesval som reflekterer deira egne ressursar og ønskje. Dette vil auke ungdomane sine evner til å sjå sine egne preferansar opp mot kompetansebehov i samfunnet.

Arbeidet med innhenting av kunnskap for å utvikle tenestene karriereveiledning.no og utdanning.no har resultert i at direktoratet har styrkt kunnskapsgrunnlaget på området karriererettleiing generelt sett. Dette blir eit viktig grunnlag for både vidareutvikling av tenestene og utvikling av karriererettleiingsfeltet generelt.

Nytt kunnskapsgrunnlag for å styrke integrering og inkludering

Å styrke kunnskapsgrunnlaget på integreringsfeltet er også ei viktig prioritering for HK-dir. Introduksjonsprogrammet og opplæring i norsk og samfunnskunnskap for nykomne innvandrarak er viktige integreringspolitiske tiltak, og skjer i regi av kommunane. På grunn av store variasjonar i talet på deltakarar er kommunane avhengige av ein viss fleksibilitet i tilbodet. I 2023 gjennomførte difor Proba på oppdrag frå direktoratet ei utgreiing om bruk av digital fjernundervisning i norsk og samfunnskunnskap for nykomne innvandrarak. Proba kom også med tilrådingar for korleis digital fjernundervisning kan bidra til å leggje til rette for fleksibilitet. Det vert mellom anna tilrådd å auke fokuset på forskning på effektane av digital fjernundervisning for vaksne innvandrarak, og å styrke støtteordningar for opplæringscenter som arbeider systematisk med å utvikle digitale tilbod. Dette er viktige innspel til styresmaktene for å setje i gang gode tiltak som har effekt. I tillegg styrkar det kunnskapsgrunnlaget til direktoratet og andre offentlege instansar på integreringsfeltet.

I 2023 deltok HK-dir også i eit pågåande arbeid som går ut på å finne gode løysingar på tvers av sektorar for å inkludere fleire born og unge i utdanning, arbeids- og samfunnsliv. I *Meld. St. 5 (2022–23) – Langtidsplan for forskning og høgare utdanning* lanserte regjeringa to målretta samfunnsoppdrag. Eit av oppdraga har som mål å redusere talet unge som står utanfor utdanning, samfunns- og arbeidsliv. HK-dir har sidan oktober 2023 deltatt i operativ gruppe for samfunnsoppdraget. Operativ gruppe er leia av Forskingsrådet, og inkluderer representantar frå DOGA, Udir, Helsedirektoratet, AV-dir, KS, Bufdir, Kulturtanken og HK-dir. Operativ gruppe skal gi regjeringa råd om korleis samfunnsoppdraget kan utformast, og forslag til organisering og konkrete mål for samfunnsoppdraget vart levert i februar 2024.

Data som del av kunnskapsgrunnlaget

Data HK-dir forvaltar utgjør ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget. Det er difor viktig at det er enkelt å finne fram til data og statistikk som interne og eksterne brukarar har behov for.

Database for statistikk om høgare utdanning (DBH) samlar inn og formidlar opne, dokumenterte, kontrollerte og standardiserte data om gjennomført aktivitet i høgare utdanning. På nettsidene <https://dbh.hkdir.no/> publiserer vi statistikk i interaktive kuberapportar. Vi utleier statistikk og bereknar og presenterer styringsparameterar og andre samanstilte indikatorar. Frå DBH produserer vi uttrekk i form av datafiler og statistikk til mellom anna HK-dir sine tilstandsrapportar. Vi produserer nøkkeltal for universitet og høgskular til etatsstyringsmøte, og vi gjer tilgjengeleg økonomidata som inngår i nasjonalrekneskapen.

Data frå DBH vert også brukt i tilsyn og som grunnlag for FOU-statistikk, som datagrunnlag i stortingsmeldingar og utgreiingar med meir. Frå databasen leverer vi også grunnlag til utrekning av resultatbasert utteljing i finansieringssystemet. Lærestadane brukar DBH til å kontrollere sine egne tal, hente ut nøkkeltal, lage egne analysar og for å kunne samanlikne seg sjølve med andre lærestadar. HK-dir leverer også individdata etter faste

avtalar til SSB, NIFU, Lånekassen, Forsvaret og NAV. Vi leverer dessutan jamleg aggregerte datasett til KD, NOKUT (Studiebarometeret), Helsedirektoratet, Riksrevisjonen og fagforeiningar. Utover dette leverte vi i 2023 ei rekkje skreddarsydde datasett på bestilling til KD, UH-institusjonane, forvaltingsorgan, media og til ulike forskingsprosjekt.

HK-dir har i 2023 halde fram arbeidet for å utvikle kvaliteten på data som vert rapportert til DBH og særleg for høgare yrkesfagleg utdanning (DBH-F). Dette gjeld til dømes data om opptaksgrunnlag, avsluttande vurdering/fullføringsdata, registrering av studentar med opptak heile året, betre definering av studentbetaling med utskiljing av skulepengar med meir. Arbeidet er knytt til betre definisjonar, dokumentasjon og kontroll ved innrapportering. Nøkkeltalsvisinga i DBH-UH er også modernisert i 2023, og gir no god og rask tilgang for brukarane. For DBH-F har endringar i innrapporteringssystemet ført til ei meir effektiv rapportering i 2023.

Kanalregistera, som består av [Kanalregisteret](#), [Europeisk register over tidsskrift innan humaniora og samfunnsvitskap \(ERIH PLUS\)](#) og [Norsk publiseringsindikator \(NPI\)](#), forvaltar forskingskvalitet for publisering i forskingssektoren og kan mellom anna fortelje



forskarar i Noreg og Europa kva tidsskrift som har vitskapleg kvalitet for publisering. Moderniseringa av Kanalregisteret og ERIH PLUS er godt i gang. Satsinga til HK-dir på driftssikre og brukarvenlege kanalregistertjenester er i tråd med den merksemda og betydinga desse forskingstenestene får i mellom anna *Strategi for norsk viten-skapelig publisering etter 2024*. Koplinga til Operas sitt systemnettverk innan humaniora og samfunnsvitskap i Europa og andre internasjonale kjelder og tenester i ERIH PLUS og Kanalregisteret, følgjer også måla i strategien. Det er starta eit arbeid for å vurdere utvikling av KI-tenester som kan brukast i samband med registera.

Data frå DBH og Kanalregistera vert brukt i aukande grad. Tidlegare har HK-dir registrert mellom 100 000 og 130 000 besøk årleg på nettsidene knytt til DBH og Kanalregistera. I 2023 var det ein markant auke i talet på besøk på desse nettsidene. Særleg var auken i bruk av DBH og DBH-F stor, og desse nettsidene hadde i overkant av 100 000 besøk i løpet av året, medan nettsidene til Kanalregistera hadde nesten 77 000 besøk totalt.

Det var også ein sterk auke i talet på datatabellar som henta ut frå systema våre. I 2023 vart det henta ut heile 623 611 datatabellar

via API, noko som er ein auke frå 470 000 datatabellar i 2022 frå DBH, DBH-F og Kanalregistera. I tillegg vert Kanalregisteret brukt som metadatakjelde når Sikt hentar ut data i samband med Nasjonalt Vitenarkiv (NVA). Foreløpig er ikkje dette inkludert i tala over. Talet på uthentingar frå DBH-F auka i denne samanhengen frå vel 8000 i 2022 til over 9100 uthentingar i 2023.

HK-dir sitt arbeid med tilrettelegging og tilgjengeleggjering av data går også for seg andre stader enn i DBH. Dei som arbeider med høvesvis karrierettleiing og DBH i HK-dir har i samarbeid revidert og revidert og oppgradert årsrapporteringa frå karrieresentera/fylkeskommunane og etablert ei ny løysing for datainnhenting, med mål om å forbetre data/statistikk om arbeidet med dei lovpålagte oppgåvene ved dei fylkesvise karrieresentera. Det er enno for tidleg å seie i kva grad dette vil gjere arbeidet enklare for karrieresentera.

Samordna opptak gjer søkjar- og opptakstal offentlege etter søknadsfristen og hovudopptaka. Tala gir eit augeblikksbilde av opptaket rundt dei viktigaste hendingane i opptaket, og får stor merksemd i media. I 2023 har vi arbeidd med å gjere rapporteringane meir tilgjengelege og relevante ved å

ta i bruk nettrapportar på Samordna opptak si nettside og i ekstraleveransar til KD. I 2024 vil vi halde fram dette arbeidet.

Samordna opptak hjelper også andre verksemdar med å avgrense og definere datauttrekk av dataa våre i samband med analyse- og forskingsprosjekta deira. I 2023 har vi til dømes rettleia ein fylkeskommune i samband med deira tilstandsrapport. Vidare leverer Samordna opptak data som målgruppe våre brukar i verksemda si. I 2023 har KD mellom anna bestilt data frå Samordna opptak som skal brukast i stortingsmeldingar. Lærestadane brukar datasamanstillingane våre til å samanlikne seg med andre i sektoren og forstå åtferda til søkjarane.

Framover ser HK-dir at det er behov for eit meir dekkande kunnskapsgrunnlag om effektar og konsekvensar av å gjere endringar i opptaksreglane. I 2023 har Samordna opptak arbeidd med eit program for simulering av opptaket, og har spela dette inn som eit behov i behovskartlegginga for nytt opptakssystem som blei oversend til Sikt i desember 2023.

3.5.2 Formidling og bruk av kunnskapsgrunnlaget

Skal kunnskapen vår bli brukt, må han bli formidla til styresmakter, brukarar og ålmenta. I 2023 har HK-dir hatt betydeleg auke i mediesaker, og direktoratet sine oppgåver har dermed også blitt meir synlege. Det er verdt å merke seg at vi framleis er i ein fase der vi bygger ekspertrolle, talspersonar og kunnskapsgrunnlaget vårt. Samstundes tyder den store auken i talet på førespurnader frå media og auken i medieomtale, ved at sakene vi lagar sjølve vert plukka opp, på at vi er godt på veg til å bygge direktoratet sitt omdømme som fagekspert på høgare utdannings- og kompetansefeltet.

- Oppslag med HK-dir 2023: 1168
- Oppslag med Samordna opptak 2023: 1766

Totalt utgjør dette 2934 saker i 2023. Det er ein auke på nesten 400 saker samanlikna med i 2022.

Vi ser også ein stor auke i talet på sidevisningar for rapportane våre på hkdir.no – frå 9808 i 2022 til 14287 i 2023. I 2024 vil vi arbeide for å gjere rapportane endå meir tilgjengelege for brukarane våre. Dette gjer vi mellom anna ved å betre den digitale visinga av rapportane, og publisere meir i HTML-format.

Blant dei ti mest besøkte rapportane på hkdir.no finn vi større rapportar som har stor nytteverdi for målgruppene våre, som *Tilstandsrapporten for høgare utdanning* og *Retningslinjer for ansvarlig internasjonalt kunnskapssamarbeid*. Mindre rapportar og notat med høg aktualitetsverdi ligg også høgt på lista. Til dømes finn vi publikasjonen *Unges utdannings- og yrkesvalg 2023* heilt på topp med om lag 1700 sidevisingar. Truleg har eiga pressemelding og sak på forskning.no medverka til at han fekk flest treff i 2023. Anna type formidling, som til dømes arrangement, gir også auka merksemd om kunnskapsgrunnlaget vårt.



2934

mediesaker, ei auke
på nesten 400 saker
frå 2022



Kunnskapsprat i november med temaet «Korleis kan auka kompetanse få fleire i arbeid?»

I panelet sat Sveinung Skule, direktør HK-dir, Sindre Lysø, statssekretær Kunnskapsdepartementet, Barbro Noss, administrerende direktør Samfunnsbedriftene, Hans Christian Holte, direktør Nav, ordstyrar Asbjørn Støverud, divisjonsdirektør HK-dir

Kunnskapsprat er HK-dir sin viktigaste møteserie for formidling av kunnskapsgrunnlaget, og er ein miks av fysiske frukostmøte og digitale nettmøte. Møteserien skal skape debatt om samfunnsutfordringar og moglegheiter, og bidra til at ny kunnskap blir tatt i bruk. I 2023 gjennomførte vi fire digitale og to fysiske arrangement. I tillegg gjennomførte vi to fysiske arrangement under Arendalsuka. Deltakartala har variert etter tema, frå 160 til 560, der digitale deltakarar utgjør eit klart fleirtal. Vi ser eit potensiale for endå fleire deltakarar, både fysisk og digitalt.

Evalueringane tyder på at vi først og fremst når fram til tilsette ved utdanningsinstitusjonar, deretter andre offentlege organ og til ein viss grad organisasjonar. Prosentdelen frå resten av arbeidslivet er relativt liten. Arrangementa generelt får gode vurderingar. I gjennomsnitt svarar 95 prosent at temaet var relevant, og 71 prosent svarar at arrangementet gav dei ny kunnskap. Vi ønskjer at tema som vi tek

opp i Kunnskapsprat også skal bli omtalte i media og andre kanalar, og vi vil styrke arbeidet med formidling av innhald i fleire kanalar i samband med arrangementa våre i 2024.

Vi brukar også andre kanalar for å formidle kunnskapsgrunnlaget vårt. HK-dir sitt nyhende-brev har om lag 15 000 abonnentar, med ein klikkrate på 30 prosent, noko som vert rekna som bra. Vi brukar også sosiale media. Facebook har om lag 23 000 følgjarar, noko som er om lag det same som i 2022, men vi opplever at engasjementet blant følgjarane er fordobla. LinkedIn er ein stadig viktigare kanal og her hadde vi om lag 7000 følgjarar, dobbelt så mange følgjarar som i 2022, og med potensiale for ytterlegare auke framover.

Den nye kunnskapsstrategien for HK-dir skal gjere arbeidet med formidling av kunnskapsgrunnlag endå meir strategisk og målretta i 2024.

3.5.3 Tilgjengelegheit og gjenbruk av data i kunnskapssektoren

Ei kartlegging som vart gjennomført av HK-dir hausten 2023, viser relativt lågt aktivitetssnivå knytt til deling og gjenbruk av data i sektoren. Om lag halvparten av universiteta og høgskolane som er underlagde KD, oppgir at dei har oversikt over dataa dei handterer. Berre fem svarar at dei har aktivitetar som bidrar til å gjere data tilgjengelege for gjenbruk, og eit fleirtal svarar at dei i liten grad har sett i verk tiltak for å fremje kultur for gjenbruk og deling av data.

HK-dir er gitt ein sentral posisjon når det gjeld å bidra til auka tilgjengelegheit og gjenbruk av data i sektoren, mellom anna gjennom programmet Kunnskapssektorens datafellesskap (KUDAF). KUDAF har i 2023 vidareført oppdraget med fokus på to hovudområde – samordningsaktivitetar og infrastrukturtenester.

Målretta arbeid gjennom ressursteam, fagnettverk og tildeling av midlar til lokale tiltak i verksemdene bidrar til auka merksemd og gradvis auka mognad rundt *Orden i eige hus*. KD har i samarbeid med KUDAF bidratt med tiltak for å auke mognaden for *Orden i eige hus* gjennom ei eiga sak på KDs kon-

sernleiarmøte og gjennom å vere vertskap for eit fagleg seminar om *Orden i eige hus* om verdikjedeanalysar.

Arbeidet med verdikjedeanalysar som er satt i gang gir auka innsikt i behov for data i spesifikke verdikjeder. Eit rådgivande juridisk team er etablert for å bidra med juridiske vurderingar i samband med verdikjedeanalysar og andre juridiske spørsmål knytte til deling av data og utvikling av infrastruktur. Programmet har levert ein første versjon av infrastrukturen for deling av data, i tråd med planane. Infrastrukturen bygger på standardar som understøttar kopling av data på tvers av datatilbydarar og datakjelder. Det er også utarbeidd dokumentasjon som rettleiar datatilbydarar i korleis dei kan leggje til rette for, beskrive og dele data som skal formidlast gjennom KUDAF.

Hovudutfordringane for måloppnåing i KUDAF er at mognaden knytt til *Orden i eige hus* framleis er låg i kunnskapssektoren og at det ikkje er lagt godt nok til rette for å dele og gjenbruke data internt i sektoren. Dette vart stadfesta gjennom ein analyse gjennomført hausten 2023. *Riksrevisjonen sin rapport Til-*

rettelegginga til styresmaktene for deling og gjenbruk av data i forvaltinga, viser til same konklusjonen internt i offentlig sektor, og får karakteren «Ikkje tilfredsstillande».

Det er viktig at HK-dir utnyttar fordelane med å ha KUDAF i eige hus, og sjølv følgjer opp initiativ frå programmet. Vi har etablert eit eige internt *Orden i eige hus*-prosjekt der vi har merksemd på HK-dir som både datatilbydar og -konsument. Vi er i gang med tre konkrete tiltak: to verdikjededeanalysar for høvesvis dimensjonjoneringsprosjektet for høgare utdanning og for universell utforming. HK-dir har også søkt om og fått stimuleringsmidlar for tilrettelegging av data frå DBH gjennom KUDAF.

3.5.4 Informasjonstryggleik og personvern

HK-dir forvaltar KD sin styringsmodell for informasjonstryggleik og personvern. Dette betyr mellom anna at vi årleg kartlegg etterlevinga av KD sin Policy for informasjonstryggleik og personvern hos dei 28 universiteta, høgskulane og forvaltingsorgana som er underlagde styringsmodellen. Resultatet frå kartlegginga vart også i 2023 publisert i HK-dir sin årlege risiko- og tilstandsvurdering for informasjonstryggleik og personvern i høgare utdanning og forskning.

Den positive trenden med betre etterleving av policyen på sektor-nivå og ei auke i talet på årsverk som er øyremerka til arbeidet held fram, og bidrar til å styrke informasjonstryggleiken og personvernet i universitets- og høgskulesektoren-sektoren. Trendane med færre informasjonstryggleiks- og personvernendingar og færre hendingar som blir kategoriserte som alvorlege, er også vidareførte i 2023. Dette tyder på at verksemdene sitt arbeid og prosessane i styringsmodellen har gitt resultat. Samstundes viser Riksrevisjonen sin rapport om informasjonstryggleik i forskning at det gjenstår meir arbeid med informasjonstryggleiken i sektoren.

Som ein del av sektorstyringa utarbeidde HK-dir også i 2023 tilrådingsbrev til kvar enkelt verksemd med konkrete tilrådingar om kva dei bør prioritere i det vidare arbeidet med etterleving av krava som KD stiller på området. HK-dir har også støtta KD i styringsdialogen med underliggende verksemdar, gjennom utarbeiding av framlegg om kva tiltak innan informasjonstryggleik og personvern departementet bør forvente at dei ulike verksemdene gir særleg merksemd i 2024. HK-dir har slik bidratt til at departementet sine prioriteringar blir ivaretekt i sektoren.

HK-dir har hatt ein konstruktiv dialog med Sikt om fellestenester som er sentrale for sektoren sitt arbeid med informasjonstryggleik og personvern. Desse tenestene er viktige for å forebygge, oppdage, og handtere alvorlege hendingar for mange av institusjonane i sektoren.

HK-dir ser eit behov for meir kunnskap om effektar av tiltak for å styrke etterleving av policyen på sektornivå. Direktoratet starta difor eit arbeid i 2023 med å få oversikt over kva utfordringar og tiltak sektoren har arbeidd med dei siste fem åra, for å kunne gi endå meir treffsikre tilrådingar for betre etterleving av KDs policy.

Etablering av fagmiljø for tryggleik og beredskap

Etter oppdrag frå KD tar HK-dir hand om ansvaret for styring og oppfølging av det samla tryggleiksområdet, som omfattar nasjonal tryggleik, informasjonstryggleik og personvern, og samfunnstryggleik og beredskap. I 2023 har HK-dir hatt dialogmøte med store delar av sektoren, og utarbeidd ei tilstands- og risikovurdering av UH-sektoren sitt arbeid med tryggleik og beredskap. Rapporten gir KD konkrete forslag til risikoreduserande tiltak for å bidra til avklaring av roller og ansvar i tryggleiksarbeidet og meir heilskapleg styring av tryggleiksområdet i sektoren. Arbeidet har gitt KD oversikt over utfordringane i tryggleiksarbeidet og eit betre avgjerdsgrunnlag i sektorstyringa. Vidare har HK-dir etablert dialog med tryggleiks- og beredskapsleiarar i verksemdene for å oppnå ei betre situasjonsforståing og gi verksemdene ein arena der dei kan spele inn konkrete behov for tiltak.

3.5.5 Kunnskap om effektane av internasjonalisering, internasjonalt samarbeid og internasjonal utveksling av elevar, studentar og tilsette på alle utdanningsnivå

Gode effektar av den norske deltakinga i Erasmus+ og det europeiske utdanningsområdet

Som nasjonalkontor for Erasmus+ har HK-dir ansvar for å ha oversikt over kunnskapsgrunnlaget og effektane av den norske deltakinga. I 2023 har arbeidet med kunnskapsgrunnlaget omfatta monotorering og vurdering av måloppnåing knytt til regjeringa sin strategi for norsk deltaking i Erasmus+ og det europeiske utdanningsområdet, og analyser av korleis enkelttiltak under programmet blir brukt i norsk sektor.

Strategien for norsk deltaking i Erasmus+ og det europeiske utdanningsområdet er det høge ambisjonar for deltakinga i programmet, både kvantitativt og kvalitativt. Det er mellom anna fastsett ei rekkje kvantitative mål for programperioden, som HK-dir skal rapportere på jamleg til KD. Nedanfor følgjer status for desse måla, oppdatert etter søknadsrunden i 2023, som var den tredje av i alt sju utlysingar i denne programperioden. Ettersom dei første innvilga prosjekta frå denne programperioden er i ferd med å rapportere først no, viser desse tala tildelingar, ikkje gjennomført aktivitet. Unntaket er studentmobilitet i høgare utdanning, der tala er henta frå DBH og viser faktisk gjennomførte utvekslingar til og med haustsemesteret 2023.

Som tala viser, er vi på god veg til å nå måla i strategien, og for fleire er målet til og med allereie nådd. Det er særleg verd å merke seg at interessa for elevmobilitet i skulen er såpass høg, trass i at dette tiltaket vart ganske mykje endra frå førre programperiode. Dette må også sjåast i samanheng med akkrediteringsordninga som vart innført for skulesektoren, fag- og yrkesopplæringa og vaksne si læring frå og med 2021. Sjølv om det framleis står att litt før måla på

akkreditering for fylka er nådde, er vi særst nøgde med responsen, og mykje av den auka interessa for mobilitet kan tilskrivast denne ordninga. For å bli akkreditert må ein ha ein fleirårig plan for deltakinga i Erasmus+, og ein skal også knyte aktivitetane i programmet opp mot eigne prioriteringar og mål for å sikre ei meir strategisk og heilskapleg tilnærming. På denne måten aukar ein kvaliteten på utvekslinga, og ordninga gjer det også lettare å søke midlar, slik at ein får ein positiv effekt på kvantiteten.

Vidare viser tala at dei fleste prosjekta tar dei tverrgåande prioriteringane på alvor, noko vi er godt nøgde med. Å definere prioriteringar på samfunnsnivå var ei nyvinning i denne programperioden, noko som synleggjer relevansen av programmet på ein god måte, og samstundes gjer deltakarane meir medvitne om korleis ein kan bruke programmet kvalitativt best mogleg.



Tabell 19 Status per 2023 for måltala for norsk deltaking i Erasmus+

Mål 2021 – 2027	Status per 2023
30 000 studentar i høgare utdanning på utveksling	9 385
8 500 tilsette i høgare utdanning på utveksling	3 294
10 000 elevar og lærlingar i fag- og yrkesopplæringa på utveksling	4 016
7 000 elevar i skulen på utveksling	7 988
3 500 lærarar i skulen på utveksling	1 817
1 250 tilsette og deltakarar i vaksenopplæringa på utveksling	1 357
Alle fylkeskommunane skal vere akkrediterte i minst to sektorar	8
Norske institusjonar skal delta i 1 000 partnerskap	450
75 norske institusjonar som ikkje har deltatt i Erasmus+ tidlegare, skal koordinere eit partnerskap	62
15 prosent av alle norskkordinerte prosjekt skal involvere aktørar frå arbeids- og næringslivet	32,9 %
70 norske organisasjonar frå idrettssektoren skal delta i samarbeidsprosjekt	36
Minimum 25 prosent av alle norskkkoordinerte partnerskapar har berekraft som tema	28,9 %
Minimum 20 prosent av alle norskkkoordinerte prosjekt har fått stønad til grønne reiser	13,6 %
Minimum 25 prosent av alle norskkkoordinerte partnerskap har inkludering/integrering som tematikk	44,9 %
Minimum 20 prosent av alle norskkkoordinerte prosjekt har fått ekstra midlar til inkludering	32,5 %
Minimum 25 prosent av alle norskkkoordinerte partnerskap har digitalisering som tema	42 %
Minimum 20 prosent av alle norskkkoordinerte prosjekt har kombinert fysisk og digital mobilitet	19,3 %
I løpet av programperioden skal norske institusjonar koordinere eller vere partner i minimum 15 Erasmus Mundus-samarbeid	4
I løpet av programperioden skal norske institusjonar koordinere eller vere partner i minimum 10 innovasjonsalliansar	8
I løpet av programperioden skal norske institusjonar koordinere eller vere partner i minimum fem Erasmus+ lærarakademi	6
I løpet av programperioden skal norske institusjonar koordinere eller vere partner i minimum fire senter for framifrå fag- og yrkesopplæring	5
I løpet av programperioden skal norske institusjonar koordinere eller vere partner i minimum 7 europeiske universitetsalliansar	10

Tidleg i 2023 utarbeidde HK-dir ein intern handlingsplan for oppfølging av strategien fram til 2027 for å sikre ei systematisk tilnærming over tid. Noko av det viktigaste HK-dir skal gjere, er å analysere verknader av og formidle resultat frå programmet. I handlingsplanen er det difor definert fleire studiar og analysar som skal gjennomførast i programperioden. I 2023 ferdigstilte vi ein studie av erfaringar med deltaking i dei europeiske universitetsalliansane og ein annan studie om erfaringar med tilsettmobilitet i høgare utdanning.

Notatet *Norske erfaringer med deltagelse i Europeiske universitetsallianser (EUI)* summerer opp erfaringane til dei første norske deltakarane i prestisjetiltaket *European Universities*. Dette er eit tiltak med ambisjonar om å ha stor innverknad på samarbeidskonstellasjonar i det europeiske universitetslandskapet. Erfaringane frå den første pilotperioden viser at ein stor del av den første perioden handla om å gjere tiltaket kjent og involvere fagleg tilsette på institusjonen, gjere tilpassingar, særleg på det administrative nivået, og utvikle og prøve ut ulike tiltak. Kunnskapen frå undersøkinga er viktig dokumentasjon på erfaringar med tilta-

ket og korleis det blir brukt, og som grunnlag for HK-dir si oppfølging av institusjonane som nasjonalkontor for Erasmus+. Dette er også kunnskap som er viktig for å få betre forståing for korleis europeisk utdanningspolitikk og tiltak i programmet er med på å forme utvikling og trendar i norsk høgare utdanningssektor.

Rapporten *Lavterskeltilbud eller strategisk universalverktøy? En kartlegging av Erasmus+ ansattmobilitet i UH-sektoren* er skriven av Ideas2evidence på oppdrag frå HK-dir. Rapporten gir innsikt i korleis Erasmus+-tiltaket tilsettmobilitet blir brukt og vurdert i ulike typar institusjonar i høgare utdanning. Det er særleg små institusjonar og institusjonar som har meir vekt på utdanning enn forskning, som nyttar tiltaket mest. Mobilitetane ser i størst grad ut til å bidra til nettverksbygging og deling av kunnskap og ferdigheiter med studentar. Analysen tyder på at tilsette ved institusjonar med ei tydeleg strategisk satsing på tilsettmobilitet, brukar tilsettmobilitet i større grad enn tilsette ved andre institusjonar. Denne kunnskapen er viktig dokumentasjon på korleis tiltaket blir vurdert og brukt, og som grunnlag for HK-dir si oppfølging av institusjonane som nasjonalkontor for Erasmus+.

Nasjonale retningslinjer for ansvarleg internasjonalt samarbeid lansert

I ei utfordrande verd har tryggleik i internasjonalt kunnskapssamarbeid komme høgt på agendaen, og i den samanhengen har HK-dir i 2023 saman med Forskningsrådet utvikla retningslinjer for ansvarleg internasjonalt samarbeid.

Retningslinjene og verktøy for ansvarleg internasjonalt kunnskapssamarbeid vart utvikla i samråd med mellom anna kunnskapssektoren og styresmaktene, og vart lanserte av KD i august 2023. Ressursane gir ein oversikt over lover og føringar som norsk kunnskapssektor må overhalde, og peikar på sentrale vurderingar og framgangsmåtar for både fagmiljø, leiing og administrasjon ved institusjonane. Desse hjelpemidla er gjort tilgjengelege på ei [eiga nettside](#), saman med relevante rapportar, rettleiarar, sjekklister og malar.

Målgruppa for retningslinjene er universitet og høgskular, i tillegg til instituttsektoren og andre institusjonar som driv internasjonalt samarbeid om forskning, innovasjon og høgare utdanning. Mange av ressursane vil også vere relevante for andre offentlege og private aktørar. Kunnskapssektoren skal kunne bruke ressursane som er utvikla til å styrke verdi- og risikovurderingar, sårbarheitsanalysar og tryggingsrutinar i samband med internasjonalt utdannings- og forskningssamarbeid, for slik å betre sikre at akademiske verdiar, forskningsetiske standardar og nasjonale interesser blir trygga mot innblanding frå utanlandsk etterretning, digitale trugsmål og ulovleg kunnskapsoverføring.

I 2024 vil HK-dir arbeide vidare med oppdatering av retningslinjene. I dette arbeidet treng vi kunnskapsgrunnlag om utfordringar i sektoren. I 2023 starta vi difor opp eit prosjekt der vi undersøker korleis auka

geopolitisk spenning og fokus på tryggleik påverkar rammer for samarbeid og akademisk fridom innanfor ulike fagområde. Det har vore mykje merksemd om tryggleik innanfor naturvitskapelege fag. I det nye prosjektet undersøker vi også korleis humanistiske og samfunnsvitskapelege fag vert påverka. Rapporten frå prosjektet skal etter planen bli ferdig i slutten av mars 2024. Arbeidet med ansvarleg internasjonalt samarbeid er langsiktig og vil krevje systematisk oppfølging og ressursar. Behovet for justeringar og vidareutvikling vil bli tydelegare etter kvart som retningslinjene blir tatt i bruk.

Tilbakemeldingar frå universitets- og høgskulesektoren har så langt vore gode. Dette viser at retningslinjene tar opp relevante problemstillingar, og er nyttige hjelpemiddel i arbeidet med verne akademiske verdiar og tryggleik ved dei høgare utdanningsinstitusjonane. HK-dir har i løpet av hausten 2023 arbeidd med å gjere retningslinjene kjende i kunnskapssektoren. Både den engelske og norske versjonen av nettsidene for retningslinjene er godt besøkt. Nettstatistikken viser at dei mest besøkte sidene utanom introduksjonssida er dei som handlar om eksportkontroll, internasjonalt forskings- og innovasjons-samarbeid og internasjonalt høgare utdanningssamarbeid. Totalt 394 brukarar har lasta ned den norske rapporten, medan berre 38 har lasta ned den engelske omsetjinga.

Tabell 20 Oversikt over trafikk på norsk og engelsk versjon av nettsidene for retningslinjer for ansvarleg internasjonalt samarbeid, 2023.

Nettside	Tal på besøkande	Unike besøkande	Returnerande brukarar
Retningslinjer for ansvarleg internasjonalt samarbeid	947	593	121
Guidelines and tools for responsible international cooperation	674	477	49

HK-dir har parallelt arbeidd med korleis retningslinjene skal innarbeidast i våre egne utlysingar og ordningar. Mellom anna har vi tatt omsyn til retningslinjene i utviklinga av UTFORSK- og NORPART-utlysingane med tilhøyrande malverk, og dei er tatt inn som eit element i risikovurderinga i søknader. Vi har og gjennomført fleire tryggingstiltak og gitt utvida informasjon om ansvarleg internasjonalt samarbeid i samband med forvaltinga av norsk-kinesisk statsstipend.

Andre analysar knytt til effekten av og kvaliteten i internasjonal utdanning

Kunnskapsgrunnlaget om Erasmus+ og arbeidet med dei nasjonale retningslinjene for ansvarleg internasjonalt samarbeid har vore viktige prioriteringar i utviklinga av kunnskap om det internasjonale feltet i 2023. Det internasjonale arbeidet til HK-dir er likevel mykje meir omfattande, og nedanfor omtalar vi nokre andre undersøkingar knytt til internasjonal utdanning som HK-dir har gjennomført i 2023.

For å medverke til å sikre *kvaliteten på norske utvekslingsordningar* og få meir kunnskap om kven som reiser på utveksling, sende HK-dir våren 2023 ut ei undersøking til elevar i vidaregåande opplæring som hadde fått støtte frå Lånekassen til utanlandsopphald

for skuleåret 2022–23. Undersøkinga viste at dei fleste elevane hadde ei positiv oppleving av utanlandsopphaldet, men at det er potensiale for forbetring på nokre område. HK-dir brukar funna frå undersøkinga i oppfølginga av utvekslingsorganisasjonar og utvekslingssamarbeid og til å vurdere om det er vilkår for godkjenning som det er behov for meir informasjon om. Kunnskapen frå undersøkinga vert også brukt til å vurdere om det er behov for fleire tiltak for å betre tryggleiken til elevane.

På oppdrag frå HK-dir utførte NIFU i 2023 ei *evaluering av godkjenningsordninga for utanlandsk fagskuleutdanning* som vert forvalta av HK-dir. Evalueringa peikar på utfordringar knytte til korleis godkjenningsordninga for utanlandsk fagskuleutdanning kommuniserer med aktuelle søkjarar og arbeidslivet som skal tilsette arbeidstakarar innan ulike fagområde. Godkjenningsordninga handlar om ei generell godkjenning av nivået på ei fagskuleutdanning, ikkje godkjenning av fagområde. Rapporten gir nyttige innspel til HK-dir om korleis ordninga kan utviklast, slik at ho i større grad kan vere til nytte for dei som skal søke godkjenning og for dei som skal vurdere kompetansen og tilsette medarbeidarar. Tilrådingane i rapporten vert brukt til å vidareutvikle ordninga.



4

Styring og kontroll i verksemda



4.1 Del 1: Rapportering om styring og kontroll i verksemda

Vi meiner at vi har styrt verksemda på ein måte som har gitt grunnlag for måloppnåinga slik ho kjem fram i Del 3, og at vi har lukkast med å følgje opp forventningane og prioriteringane frå oppdragsgivarane våre. Det er framleis fleire utviklingsarbeid knytt til styring og kontroll i verksemda som er i prosess, og som knytter seg til at HK-dir vart etablert for få år sidan.

Rapporteringa om styring og kontroll er utarbeidd med grunnlag i risikovurderingar, revisjonsrapportar og kvalitative vurderingar frå relevante leiarar og medarbeidarar i HK-dir.

4.1.1 Systemet for risikovurderingar i HK-dir

HK-dirs arbeid med risikostyring blir regulert av ein eigen policy for risikostyring. Risikostyring, under dette risikovurderingar, er ein integrert del av styring, planlegging og leiing i HK-dir. Leiarar på alle nivå er ansvarlege for risikostyringa innan eige ansvarsområde. Vi har ein standardisert risikostyringsprosess, risikoakseptmatriser og eigne verkøy for å dokumentere og følgje opp risiko.

I 2023 hadde vi særleg merksemd på utvikling av dei styrande og gjennomførande delane av risikostyringa vår, i tillegg til verkøy for dokumentasjon og oppfølging av risiko. Ulike tiltak som kan sikre etterleving av vår interne policy for risikostyring får vidare merksemd i 2024.

Risikostyringa gjennomført på tvers i verksemda i 2023 har bestått av vurdering av strategisk risiko knytt til måloppnåing og operativ risiko knytt til gjennomføring av tiltak og prosjekt for måloppnåing. Det er også utført risikovurderingar knytt til informasjonstryggleik, personvern, tryggleik og beredskap, jf. høvesvis KD sin policy og styringsdokument på området.

Resultatet av vurderingane er tatt høgd for i budsjett og verksemdsplan for 2024.

4.1.2 Største risikoområde for måloppnåing og tiltak for å handtere dei

Gjennom tiltak har vi på dei fleste område vore i stand til å redusere risikoar knytt til måloppnåinga vår til eit akseptabelt nivå. Det er likevel nokre område der restrisikoen (risiko etter at tiltaka har fått effekt) er vesentleg:

- Den store tilstrøyminga av flyktningar til Noreg. Dette gir risiko knytt til forsvarleg saksbehandlingstid for søknader om godkjenning av utanlandsk utdanning. Det er i hovudsak auka saksbehandlingskapasitet som reduserer risikoen. KD har gitt ei særskild tildeling av midlar for å handtere risikoen, og vi har også omdisponert midlar internt til området i 2024. Auka tilstrøyming set også norskopplæringa i kommunane under press. Saman med auka krav til at dei fordrivne kjem raskt i arbeid gir dette risiko for at norskopplæringa ikkje blir god nok for delar av målgruppa. Vi har organisert ein anbodskonkurranse for å etablere eit nasjonalt digitalt tilbod om norskopplæring som eit supplement til norskopplæring i kommunane. Konkurransen måtte gjennomførast særskilt raskt på grunn av den store tilstrøyminga, noko som har ført til høgare risiko enn ved andre anbodskonkurransar.
- Manglar knytt til dagens system for gjennomføring av prøvar i norsk og samfunnskunnskap og statsborgarprøve, og uvisse om nytt prøvesystem er klart i tide til kontrakten om dagens system går ut våren 2025. Dette gir risiko knytt til å tilby innvandrarar prø-

var dei har rett til, og også ivaretaking av personvernet til dei som har gjennomført prøvar. Foreløpig blir risikoen handtert gjennom beredskapsplanar, særskild oppfølging av tiltak som kan minke konsekvensane av personvernendingar og tett dialog med og oppfølging av dagens leverandør av prøvesystemet.

- Dagens IT-system for opptak til høgare utdanning er utdatert og har mykje teknisk gjeld. Dette gir risiko knytt til gjennomføring av opptaket. Gjennom prosjektet «Fremtidens opptak» er Sikt i samarbeid med HK-dir i gang med utviklinga av nytt IT-system som vil erstatte det gamle. Over tid har opptaka til høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning vorte gradvis meir effektive og meir brukarvennlege. Risikoane knytt til eksisterande system blir handtert gjennom at HK-dir foreslår forenklingar i regelverket, og lagar gode prosedyrar for saksbehandling og opptaksforvaltning ved lærestadane og i HK-dir. HK-dir samarbeider også med Sikt om endringar i IT-systema som kan gjere opptaksarbeidet ytterlegare meir effektivt og brukarvennleg.

Vi vurderer elles at det er ei uvisse og ein viss risiko knytt til følgjande tilhøve:

- I kva grad vi på kort sikt godt nok kan ivareta målet om at utdanningsinstitusjonar innan høgare utdanning har tilbod av høg kvalitet. Program og tilskot som blir fasa ut har vore eit viktig verkemiddel for å stimulere institusjonane til å drive kvalitetsutvikling. Vi er i gang med å vri innsatsen vår over mot mellom anna kunnskap som eit viktigare verkemiddel, og vi styrkar også innsatsen innan Erasmus+ som verkemiddel for kvalitetsutvikling, men det tar tid.
- I kva grad vi kan utnytte potensialet i digitalisering generelt og

KI spesielt. Vi har behov for å både heve kompetansen vår, og organisere arbeidet vårt med digitalisering litt betre. Vi har også behov for å klargjere dataa våre for bruk av ulike typar KI-verktøy for intern effektivitets- og kvalitetsheving.

- I kva grad vi kan sikre tilstrekkeleg informasjonstryggleik og personvern generelt i dei eksterne og interne tenestene våre. Jf. omtale av etterleving av *Policy for informasjonssikkerhet og personvern* seinare i dette kapittelet, har vi lagt eit godt grunnlag ved å etablere den overordna delen av styringssystemet vårt for tryggleik. Det står likevel framleis att ein del arbeid med dei gjennomførande og kontrollerande delane, og ikkje minst arbeid med å betre kompetanse blant system- og tenesteeigarar i organisasjonen slik at dei betre kan utøve ansvaret sitt for informasjonstryggleik og personvern.
- I kva grad vi kan ivareta forsvarleg saksbehandlingstid i Felles klagenemnd. Sekretariatet for Felles klagenemnd vert styrkt med midlertidige ressursar for å behandle eksisterande saksmengd, og eventuelle gjenopptakingssaker. Kunstig intelligens og datadriven utvikling blir ein større faktor i utdanningssektoren og i offentleg sektor generelt. Dette kan føre til at det blir fleire klagesaker, og meir kompliserte saker for Felles klagenemnd, og at nemnda ikkje klarar å behandle søknadane innan rimeleg tid.

4.1.3 Vurdering av opplegget vårt for styring og kontroll

Vi baserer vår styring og kontroll på anerkjende rammeverk for internkontroll (COSO, ISO). Opplegget vårt for styring og kontroll har vore eit prioritert område sidan HK-dir vart etablert. Viktige forbetringar i 2023:

- Årleg mindreforbruk på tilskotsordningane våre og på driftskapitalet vårt er redusert
- Internkontrollen vår er i større grad dokumentert, særleg knytt til tryggleik og beredskap
- Vi har lagt grunnlaget for å i større grad oppdage og følge opp avvik, gjennom verktøystøtte og auka merksemd rundt avvikshandtering i organisasjonen
- Vi har lagt grunnlaget for meir kvalitet og effektivitet i arbeidet vårt med planar, budsjett og rekneskap, gjennom betre verktøystøtte
- Vi har lagt grunnlaget for å få betre informasjon om i kva grad vi når måla som er gitt i tildelingsbrevet vårt

Sjølv om opplegget vårt for styring og kontroll har fått høg prioritert dei siste åra, er det framleis stor merksemd på vidare utvikling. Internrevisoren i HK-dir reviderte internkontrollen vår hausten 2023, under dette internkontrollen innan økonomi. Hovudobservasjonen er at det er fleire styrande dokument som må på plass, og at forståinga for kva internkontroll inneber, og haldninga til behovet for formalisert styring og kontroll, varierer i leiinga til HK-dir. Vidare er det nokon manglar i utføringa av internkontroll og behov for auka kompetanse på verksemds- og økonomistyring blant tilsette. Til sist er kvaliteten på styringsinformasjonen vår varierande. Vi kjenner oss igjen i hovudobservasjonen, og er i gang med å følgje opp dei anbefalte tiltaka frå internrevisor.

Vi vurderer at resultat- og rekneskapsinformasjonen vår er påliteleg. Vi har ikkje merknader frå Riksrevisjonen, men vi tek atterhald om at revisjonsrapporten for 2023 ligg føre først etter at årsrapporten 2023 er levert, rundt 1. mai. Vi vurderer at vi har eit forbedringspotensial når det gjeld relevansen til resultat- og rekneskapsinformasjon vår, jf. internrevisors observasjon. Difor set vi i gang med eit arbeid der



3,7 mrd.

kroner vart fordelt
på rundt 110
tilskotsordningar

vi skal oppdatere økonomimodellen vår, mellom anna for å få meir ut at dei statlege rekneskapsstandardane. Dette vil bidra til betre styringsinformasjon, særleg om ressursbruk. Vi vil få betre grunnlag for å vurdere om ressursbruken vår er effektiv.

4.1.4 Nærare om kontroll med tilskotsforvaltinga vår

Overordna om tilskotsforvaltinga

I 2023 forvalta HK-dir om lag 3,7 milliardar kroner fordelt på rundt 110 ulike tilskotsordningar. Om lag 70 av desse ordningane høyrde innunder KD og utgjorde rett over 3 milliardar kroner.

Ved etableringa av HK-dir 1. juli 2021, vart det ikkje etablert ei felles tilskotsforvalting for alle ordningane våre med ein gong. Vi vurderte at det medførte for høg risiko å leggje om tilskotsforvaltinga i dei samanslåtte verksemdene utan ein grundig prosess først. Sidan etableringa har HK-dir kartlagt dagens tilskotsforvalting for å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag. Dette dannar grunnlaget for avgjerd om korleis tilskotsforvaltinga i HK-dir skal organiserast framover. Vi forventar å ta denne avgjerda i løpet av første halvår 2024.

HK-dir sikrar ei effektiv og formålstenleg utforming og forvalting av tilskotsordningane våre ved å følgje reglementet for økonomistyring i staten. Ved å følgje dette reglementet, i tillegg til anna relevant regelverk som til dømes forvaltingslova, sikrar vi at midlar blir tildelte på ein forsvarleg og lovleg måte.

Ved utlysing av tilskotsmidlar frå HK-dir i 2023, vart det gitt tydeleg informasjon om kva det kan søkjast midlar til og kva krav og føringar som gjeld for kvar enkelt utlysing. I tillegg har vi informert søkerane

om eventuelle vilkår for bruken av midlane, krav til rapportering og kontrolltiltak som kan bli sett i verk.

Tilskotsforvaltinga i HK-dir skjer i hovudsak gjennom tre ulike system for tilskotsforvalting: Allvis, Espresso og Erasmus-portalen. Desse systema har innebygd funksjonalitet for å sikre at forvalting og tildeling skjer i tråd med regelverket. Systema har også integrasjon med andre system innanfor til dømes arkiv og økonomi.

Kontroll av rapportering frå tilskotsmottakarar og handtering av avvik

Tilskotskontrollen og avvikshandteringa varierer mellom dei ulike tilskotsordningane våre, basert på ei risiko- og nødvendighetsvurdering. I praksis har HK-dir vurdert kva krav og føringar for rapportering som bør gjelde for dei enkelte tilskotsordningane. Utgangspunktet er at krava til rapportering frå tilskotsmottakarar skal vere rimelege i høve til tilskotet. Det er også tatt omsyn til dei praktiske moglegheitene mottakarane har for å kaffe informasjon.

I ordningar der vi har tildelt mindre beløp og prosjekta er kortvarige, har vi som hovudregel berre stilt krav om ei sluttrapportering. For nokre av ordningane, der det blir tildelt noko større beløp og prosjekta varer lenger, har vi stilt krav om midtvegs-, eller periodevis rapportering, i tillegg til ei endeleg rapportering etter at prosjektet er avslutta. Midtvegs- og/eller periodevis rapportering inneheld status på aktivitetar og økonomi i samsvar med plan, medan ein sluttrapport omfattar endeleg aktivitets- og økonomirapportering, og dessutan ein fagleg og kvalitativ rapport.

I tilskotsordningar der det blir tildelt større beløp og som varer over fleire år, har vi i nokre tilfelle også kravd ein revisorrapport. I enkelte

av ordningane der det har vore tildelt store beløp og prosjektet varer over fleire år, har vi gjennomført statusmøte med mottakarar av prosjektmidlar.

Dersom det blir oppdaga omstende som er i strid med lov, forskrift, andre regelverk eller omstende som ikkje samsvarar med krav og føringar for tilskotsordninga, har vi pålagt tilskotsmottakar å rette dette. Vi har halde tilbake tilskot, kravd tilbake tilskot der for mykje har vore utbetalt og kravd tilbakebetalt heile tilskotet. Vi har også kravd retting av strukturelle tilhøve, som til dømes mangelfulle rutinar internt i eit studieforbund som vi gir tilskot til.

Innanfor enkelte av tilskota våre, til dømes Kompetansepluss, har vi ei godkjenningsordning. I Kompetansepluss kan mogelege tilskotsmottakarar, som i praksis er ein tilbydar av kurs i grunnleggjande ferdigheiter for vaksne, søke om å bli ein godkjend tilbydar. Det er ikkje eit krav om å vera godkjent tilbydar for å kunna søke om tilskot, men godkjenninga gir søkjaren prioriteringspoeng når dei søkjer om tilskot. Brot på regelverket kan føre til at vi trekkjer tilbake ei slik godkjenning.

I tillegg vil vi påpeike at ein stor del av tilskotsmottakarane våre er verksemder som også er underlagde andre kontrollregime. Dette gjeld til dømes offentlege aktørar med etablerte kontroll- og revisjonsrutinar, typisk gjennom Riksrevisjonen. Eit anna døme er foreiningar og organisasjonar som er underlagde revisjonsplikt.

Risiko knytt til tilskotsforvaltinga

I samband med kartlegginga av tilskotsforvaltinga i HK-dir vart det gjort ei risikovurdering av organisering, prosessar, roller og ansvar, og dessutan vurdering av forvaltingssystem. Det vart også gjennomført ei

vurdering av kunnskapsforvaltinga knytt til dei ulike tilskotsordningane.

Som følgje av kartlegginga skal vi få på plass eit førande organisasjonsprinsipp og einskaplege styringsdokument for tilskotsforvaltinga. Vi skal utvikle felles malar og retningslinjer for tilskotsforvaltinga. Det vil redusere risikoen for ulik tilnærming til og tolking av regelverket, og kan effektivisere tilskotsforvaltinga.

Vidare må vi etablere strategiske føringar for korleis vi skal drive ei kunnskapsbasert tilskotsforvalting. Her må vi mellom anna sikre ei overordna og heilskapleg tilnærming til effektmålingar og evalueringar av eigne tilskotsordningar.

I tillegg til å få på plass ei felles organisering av tilskotsforvaltinga i HK-dir skal vi i 2024 gå gjennom tilskotsporteføljen vår. Gjennom å finne fellestrekk og kategorisere liknande tilskotsordningar, og dessutan gjennomføre ei grundig risikovurdering, er målet å oppnå ei meir tilpassa og einskapleg tilskotsforvalting, og under dette tilskotskontroll.

Avvik oppdaga i kontrollen

I dei fleste av tilskotsordningane våre vart det ikkje avdekt avvik i 2023. Det er likevel ikkje uvanleg å avdekke avvik gjennom kontrollarbeidet vårt. Her er det store variasjonar mellom dei ulike tilskotsordningane. Mellom anna i tilskota til Kompetansepluss og bransjeprogramma avdekkar vi av og til avvik som fører til avkorting av tilskotsbeløp dersom tilskotsbeløpet ikkje er utbetalt fullt ut, eller krav om tilbakebetaling når tilskotsbeløpet er ferdig utbetalt. Stort sett er dette mindre avvik, og etter vår vurdering påreknelege avvik.

Det vart ikkje gjennomført tilsyn i 2023.

4.2 Del 2: Andre føresetnader og krav

4.2.1 Fellesføringar frå regjeringa⁸

Lærlingar og studentar

HK-dir har lærlingar innan faget IT-drift. Ved hovudkontoret i Bergen tar vi inn éin lærling kvart år og ved kontoret i Oslo har vi fram til no tatt inn éin lærling annakvart år. Frå og med hausten 2024 vil HK-dir ta inn éin IT-drift-lærling kvart år også i Oslo, slik at det samla talet lærlingar innan IT-drift i HK-dir til ei kvar tid aukar frå tre til fire.

Vi har eit samarbeid med Lånekassen og Meteorologisk institutt om lærlingar innan service- og administrasjonsfaget. Lånekassen er arbeidsgivaren til lærlingane, men lærlingane fordeler læretida si mellom dei tre verksemdene. Vi tar inn éin lærling kvart år, slik at det er to lærlingar innan service- og administrasjonsfaget til ei kvar tid. Lærlingane arbeider ved HK-dirs kontor i Oslo.

Lærlingane i Oslo, både dei innan IT-drift og administrasjons- og servicefaget, er knytt til OK-stat. Lærlingane i Bergen er ikkje knytt til noko opplæringskontor.

I 2023 har HK-dir hatt fire praksisstudentar frå UiO, NHH og Høgskolen i Volda. Praksisperiodane har variert frå ein til seks månadar.

Konsulentbruk

For 2023 budsjetterte vi med 103,8 millionar kroner på konsulenttenester. Vi brukte 90 millionar kroner. Å redusere konsulentbruken var noko vi var merksame på i dei interne budsjettrevisjonane våre gjennom året.

Vi brukte 42 millionar kroner på kontogruppa konsulenttenester til utvikling av programvare, IKT-løysingar osv. Av desse var det 10 millionar kroner som knytte seg til arbeidet med eksisterande og nytt prøvesystem og 9 millionar kroner som knytte seg til arbeidet med utvikling av teknisk infrastruktur for KUDAF. 10,5 millionar kroner knytte seg til arbeidet med utdanning.no og digital karrierettileingsteneste.

38 millionar kroner vart brukt på kontogruppa andre konsulenttenester. Av desse vart 17 millionar kroner brukt på arbeid med undersøkingar, analysar, utgreiingar og evalueringar, og digitale løysingar som støttar opp under dette. Vi får også noko ekstern hjelp knytt til arbeidet vårt med intern tryggleik og beredskap, som er finansiert over denne kontogruppa.

2,7 millionar kroner vart brukt på kontogruppa kommunikasjonsrådgiving og design. 1,7 millionar kroner av desse vart brukt på arbeid med tenesta Utdanning.no. 600 000 kroner vart brukt til arbeidet vårt med internasjonalt samarbeid og 300 000 kroner vart brukt til generell marknadsføring og formidling. Utover dette har vi ikkje kjøpt konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen i 2023.

Ein stor del av konsulentbruken vår har gått til prosjekt der vi har øyremerkt og kortsiktig finansiering. Av dei 90 millionane kronene er det 30 millionar kroner som er brukt frå driftstildelinga vår. 15 millionar kroner av desse vart brukt på kontogruppa konsulenttenester til utvikling av programvare, IKT-løysingar osv. Bakgrunnen for omfanget i konsulentbruken her handlar delvis om utfordringar knytt til rekruttering og å sikre rett kompetanse til rett tid, og delvis handlar det om at konsulenttenestene har dekt eit tidsavgrensa behov, mellom anna knytt til omstillingsprosessen i kjølvatnet av etableringa av HK-dir.

Desentralisert arbeid

For å skape felles kultur og leggje godt til rette for samarbeid i det nye direktoratet har vi ikkje aktivt opna for desentralisert arbeid i HK-dir. Men ved alle fire kontorstadane til

⁸ Fellesføringa om likestilling og mangfald vert ivarettatt i separat rapportering på aktivitets- og redegjæringsplikten og blir ikkje omtalt i årsrapporten.

HK-dir er det tilsette som bur i nabokommunar som er innanfor pendlaravstand. Alle tilsette har høve til å arbeide heimanfrå inntil to dagar i veka. Dette er ei ordning som gjer det lettare å kombinere jobb i direktoratet med bustad i omlandskommunane til byane.

I rekrutteringsprosessar gjer vi ei konkret vurdering av om stillinga kan lysast ut ved fleire eller alle kontorstader. Det er typen stilling som er avgjerande. I dei tilfella der eksisterande tilsette eller jobbkandidatar ønskjer å jobbe frå andre delar av landet, blir det gjort ei konkret vurdering av om det er i samsvar med effektiv oppgåveløysing og samarbeid internt. Vi har i enkelttilfelle inngått individuelle avtalar med tilsette om fjernarbeid.

Tryggleik og beredskap

Styringsdokument for arbeid med sikkerhet og beredskap i Kunnskapsdepartementets sektor ligg til grunn for arbeidet vårt med tryggleik og beredskap. Gjennom eit eige prosjekt, «Beredt!», arbeider vi målretta med å skape eit heilskapleg styringssystem for tryggleik i HK-dir, inkludert informasjonstryggleik og personvern. Prosjektet varer fram til 2025.

Verdivurdering

Vi har kartlagt våre eigne verdiar og avhengigheiter. 30. september 2022 delte vi verdivurderinga vår med KD. Det var først planlagt ein revisjon av verdivurderinga tidleg i januar 2023. Sidan delar av NOKUT vart ein del av HK-dir i januar 2023 og fordi vi ønskjer at revisjonen skal henge godt saman med aktivitetar i prosjektet «Beredt!», har vi valt å gjennomføre revisjonen hausten 2024.

ROS-analyse

HK-dir har gjennomført risikovurderingar og utarbeidd ROS-analyse for områda samfunnstryggleik og beredskap, nasjonal tryggleik og informasjonstryggleik og personvern i løpet av hausten og vinteren 2023. Desse vart godkjende av leiinga i februar 2024. Truslane som er identifiserte som mest relevante for HK-dir innan dei tre områda er nettverksoperasjonar, fordekte innkjøp, ulovleg kunnskapsoverføring og vinningskriminalitet. I tillegg er rekruttering av kjelder/ innsideverksemd og politisk motivert vald og ekstremisme særleg aktuelle truslar. Det er identifisert ei rekkje sårbarheiter, særleg knytt til menneskelege og organisatoriske faktorar, som kan bidra til at truslar materialiserer seg. Prosjektplanen til «Beredt!» vert revidert i lys av vurderingane, for å inkludere omstendeforhold som ikkje allereie var ivareteke i

prosjektet. Risikoområda blir følgde opp med risikoreduserande tiltak. ROS-analysane vil også vere med som grunnlag i revisjon av beredskapsplanen for HK-dir, som er planlagt i første kvartal 2024.

Krise- og beredskapsøving

I 2023 har direktoratet utarbeidd ein ny og felles prosedyre for evakuering av bygga der HK-dir har kontorlokale. Vi har også utarbeidd felles branninstruks og er i gang med prosedyre for brannvern og opplæring. Det var avgjerande at heile direktoratet fekk øve på den nye prosedyren. Dei viktigaste læringspunktka frå øvinga var:

- Det er behov for å øve regelmessig og sikre god opplæring på tvers av kontorlokala.
- Det er behov for å kvalitetssikre og samkøyre tryggingsinformasjon og prosedyrar. Det er stor mobilitet av tilsette mellom dei ulike kontorlokala.

Styringssystem for tryggleik

Styringssystemet som er under utvikling skal vere godt integrert med verksemdstyringa. Styringssystemet legg mellom anna opp til at utviklings- og forbetningsområder innan tryggleik og beredskap blir identifisert samstundes som informasjon om resultat og

måloppnåing på andre område blir identifisert. Styringssystemet vil ha ei risikobasert tilnærming med tydelege roller og ansvar. Leiarskap og forplikting blir sikra gjennom blant anna policy for tryggleik i HK-dir og tydelege tryggleiksmål som støttar opp under HK-dir sine overordna mål. Instruksar set tydelege krav og saman med prosessar, prosedyrar og tiltak skal dette utgjere eit heilskapleg dokumentert styringssystem. For å sikre at styringssystemet vert etterlevd vil vi innføre ulike kontrollrutinar.

Informasjonstryggleik og personvern

Hausten 2022 vart det gjennomført ei ekstern mognadsvurdering av korleis vi tar hand om informasjonstryggleik og personvern i eiga verksemd. Vurderinga gav fleire anbefalingar til korleis vi betre kan arbeide med desse områda og betre etterleve *Policy for informasjonssikkerhet og personvern i høyere utdanning og forskning*. Det var tilrådd 20 kortsiktige tiltak og kravsett for å møte dei 12 kapitla og 53 krava i *Policyen*. Vi har så langt lukka 16 av dei 20 kortsiktige tiltaka.

Vidare oppfølging av tilrådingane, inkludert dei fire kortsiktige tiltaka som gjenstår, og det vi elles må gjere for å betre etterleve *Policyen*, blir følgd opp gjennom prosjekt «Beredt!». I

løpet av prosjektperioden tar vi sikte på å nå mognadsnivå 4.0 *Styrt* for dei viktigaste områda som mognadsvurderinga trakk fram. *Styrt* er nest høgaste mognadsnivå.

I 2023 har vi også definert ansvarsområde for sentrale roller i informasjonstryggleiksarbeidet. Det er etablert ein eigen policy for personvern og instruks for personvernombodet. Vi har lagt grunnlag for å kunne gjennomføre internkontroll innan informasjonstryggleik og vi har fått på plass rammene for eit styringssystem for informasjonstryggleik med overordna policy og underliggende dokumentstruktur. Dette følger ISO 27001 og NSMs grunnprinsipp for IKT. Når desse dokumenta er vel implementerte i organisasjonen, vil vi vere på styrt mognadsnivå for dei fleste områda i *Policyen*.

I 2024 vil vi arbeide med å implementere dei viktigaste policyane og instruksane. Det er planlagt eit omfattande opplærings- og forankringsløp for dei tilsette i verksemda. I tillegg etablerer vi ein arena for dei som har ei fagleg rolle knytt til IKT-systema våre og IKT-miljøet vårt. Dette informasjonstryggleiksforumet skal fungere som ein utvekslings- og rådgøringsarena i dei spørsmåla som fagmiljøa opplever som utfordrande.

Med tanke på etterleving av *Policyen* så meiner vi at vi har styrkt arbeidet med å førebygge, oppdage og handtere alvorlege IKT-tryggingshendingar. Vi har ei skjerpa operativ vaktsemd mot dei eksponerte miljøa våre. I tillegg har vi fått på plass prosedyrar for å sikre at NSM sine høgast prioriterte IKT-grunnprinsipp vert etterlevde. Implementeringa av desse vil halde fram i 2024.

Det er gjennomført internrevisjon på alle identitets- og tilgangsstyringar for alle kritiske system, og dessutan beredskaps- og kontinuitetsrevisjonar for enkelte system. På personvernområdet har vi fått tilført fleire ressursar. Vi har betra informasjonen til dei registrerte og har konsolidert behandlingsprotokollane slik at vi no forvaltar ein heilskapleg og dekkande protokoll for heile HK-dir. I tillegg har vi starta med kartlegging av alle sensitive personopplysningar som vi forvaltar, heimelsgrunnlaget og forvaltingsregime av desse.

Det er først når styringssystemet er vel implementert, at vi vil ha eit godt grunnlag for å vurdere i kva grad vi etterlever *Policyen* og arbeide med å kontinuerleg forbetre etterlevinga vår.

4.2.2 Oppfølging av FNs berekraftsmål

Gjennom oppgåvene våre innan utdanning og kompetanse jobbar vi med å styrke berekrafta og omstillingsevna i samfunnet. Utdanning og forskning står sentralt i utviklinga av eit meir berekraftig og kunnskapsbasert samfunn. HK-dir har difor særleg ansvar for oppfølging av berekraftsmål 4 om å sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje mogelegheiter for livslang læring for alle. SSB understrekar særleg at dei store kjønsskilnadane når det gjeld høgare utdanning og yrkesfagleg utdanning i Norge er eit problem, og her har vi eit ansvar for å følge opp og bidra til å utjamne skilnadane mellom kjønna.

Vi ser i tillegg at vi som del av samfunnsoppdraget vårt har eit særskilt ansvar for berekraftsmål 8 om å jobbe for å fremje varig, inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle. I 2023 fekk HK-dir ein ny verksemdstrategi der ei prioritering er å styrke berekrafta i verksemda gjennom å aktivt ta vare på sosial, økonomisk og miljømessig berekraft i forvaltinga og utviklinga av verkemidla, tenesene og organisasjonen vår. Vi har utnemnd

ein berekraftskoordinator og oppretta eit berekraftsutval for å ivareta oppfølging og konkretisering av desse prioriteringane og ambisjonane.

Klima og miljø

På globale berekraftsindikatorar ligg Noreg dårlegast an på berekraftsmåla 12 og 13 om ansvarleg forbruk og produksjon og å stoppe klimaendringane, og vi skal som statleg verksemd gjere vår del og vere leiande så langt det lar seg gjere i arbeidet med å kutte klimagassutslepp innan 2030. Det er etter vår meining på områda innkjøp, reiser, kontorlokale, IT-drift og digitale tenester vi har størst påverknad på området klima og miljø.



For å betre å ta vare på berekraftsansvaret vårt har vi i 2023 jobba med ny *innkjøpsprosess og ny konkurransestrategi* som skal sikre at vi vurderer fleire sider ved berekraftsmåla, både sosiale, økonomiske og miljømessige omsyn, ved alle innkjøp over 100 000 kr eks. mva. Dette inkluderer egne punkt om samfunnsansvar og klima- og miljøomsyn, og nye krav om å ta slike omsyn ved innkjøp som blir rekna for å ha klimaavtrykk og miljøbelastning som er større enn uvesentleg, i samsvar med DFØ sin rettleiar for klima- og miljøomsyn i offentlege innkjøp. Ved innkjøp skal det vurderast om og korleis innkjøpet har relevans for berekraftsmåla, og i konkurransen skal ein ta omsyn til ein rekkje punkt, både når det gjeld klima og miljø, universell utforming, grunnleggjande menneskerettar, minstekrav til løns- og arbeidsvilkår, og det skal vurderast om det skal stillast krav om bruk av lærlingar.

I HK-dir følgjer vi det overordna prinsippet om at *reiser* skal gjennomførast på den for statens raskaste, rimelegaste og mest miljøvennlege måten. I tillegg har vi utdjupa dette i personalhandboka med eit kapittel om klimaomsyn og andre viktige prinsipp. Her heiter det at ut frå klimaomsyn skal det alltid

vurderast om ei reise er nødvendig før ho vert gjennomført, og at vi alltid skal vurdere grundig om det er nødvendig å reise fysisk. Som hovudregel skal vi delta digitalt på kurs og konferansar i andre byar/land dersom det er mogeleg. Dei fleste møte kan haldast digitalt. I nokre tilfelle kan det likevel vere forsvarleg å reise for å delta i fysiske møte. På strekningar der det er eit alternativ, skal tog vurderast som transportmiddel. Dette skal likevel vektast mot andre omsyn som reisetid og kostnader.

Vi har hatt stor auke i reiseaktiviteten vår i 2023 målt mot året før, både når det gjeld fly innanlands (50,2 prosent auke), fly utanlands (50,8 prosent auke) og med tog (154,2 prosent auke). Delar av den auka reiseaktiviteten skuldast at vi i 2023 har lagt vekt på fysiske reiser for å bli kjent på tvers av landet i dei nye avdelingane og divisjonane. Auka reiseaktivitet skuldast også eit etterlep frå pandemien, og gradvis gjenopning av fleire fysiske møtearenaer. Vi har ikkje samanliknbare tal for reiseaktiviteten frå før 2020.

Innan *byggforvaltning* gjer vi fleire tiltak for å kutte i klimaavtrykket vårt. Vi har jobba med å samlokalisere oss i dei byane der vi har



kontor, og i Oslo, Bergen og Tromsø har vi fått til dette etter kvart som nye einingar har blitt innlemma i HK-dir. Ved Bergenskontoret har vi ved samlokalisering minka kontorlokala med om lag 433 kvadratmeter. Vi har med dette færre kvadratmeter med kontorlokale totalt og vi har færre kontorlokale. Alle kontora våre er sentralt plassert med lett tilkomst for alle, også gjennom kollektivløysingar og med sykkel mv. Vi søker å leggje til rette for sykkelbruk for dei som har mogelegheit. I drifta av alle kontorlokala har vi fokus på energibruken, og i Tromsø er vi plassert i eit bygg som har mål om å bli A-merka i løpet av kort tid. Vi vektlegg berekraftprinsipp ved innkjøp til drift av lokala, og har avtalar for gjenbruk av møblement mv., og for resirkulering av avfall. Vi har og planar for utskifting av energisløsarar som gamle lysarmaturar, temperaturreguleringar og ventilasjonsløysingar.

Gjennom ein statleg fellesavtale i regi av DFØ har vi avtale om levering av brukt *IT-utstyr* til firmaet Foxway, som vurderer om det skal til gjenbruk eller gjenvinning. Dei leverer også rapport på miljøinnsparringa denne ordninga gir. Brukstida på det digitale utstyret vårt er sett til 30 månader for telefonar og 36 månader for PC-ar. Anna utstyr, som skjer-

mar, tastatur, mus mv., vert brukt til det er føremålstenleg å byte det ut. Innkjøp av nytt utstyr følgjer fellesavtalen i staten gjennom Statens innkjøpssenter. Sjå også eige punkt om innkjøp.

HK-dir fekk nye *nettsider* i 2023, og i innkjøpsprosessen til desse var berekraftomsyn eit av kriteria. Det vil seie at ved utforminga av dei nye nettsidene følgde ein prinsipp om mindre bilete, sletting av innhald, færre videoar med meir, i tillegg til prinsippa om universell utforming. Samstundes driftar vi langt fleire nettsider og -tenester enn hkdir.no. Vi har ikkje prioritert å endre eller bygge om desse, så det vil krevje mykje tid og kapasitet. Av omsyn til brukarane er vi også nøydde til å drifte tenestene som er i bruk, sjølv om dei inneheld mellom anna store lyd-, bilete- og videofiler som gjer at tenestene scorar dårlegare på ulike klimakalkulatorar for nettsider enn dei elles ville gjort. Vi har ikkje samanliknbare tal for det samla utsleppet vårt knytt til nett-tenester.

Sosial berekraft

For å jobbe mot målet om mangfald og representasjon i eiga verksemd, har vi som fast tekst i stillingsutlysingar: «Vi oppfordrar difor alle til å søke jobb utan omsyn til alder,

kjønn, funksjonsevne eller etnisk bakgrunn. Du er også velkommen til å søke sjølv om du ikkje kan vise til ein samanhengande yrkeskarriere. Vi legg forholde til rette for personar med nedsett funksjonsevne.» Vi har i liten eller ingen grad nytta moglegheitene som ligg i dette for positiv særbehandling av dei nemnde gruppene ved tilsettingar.

I 2023 vart HK-dir ein av ti deltakarar i prosjektet «*Seniorer i statlig tariffområde*», eit prosjekt i regi av Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) som utforskar seniorars mogelegheiter for seinkarriere. Prosjektet greier ut korleis seniorar i staten kan stå lenger i jobb, og korleis det vert jobba med å hindre aldersdiskriminering, også ved tilsettingar.

Å ta inn lærlingar og praktikantar ser vi som viktige bidrag til å ivareta sosial berekraft. Som tidlegare omtalt, har HK-dir både lærlingar og praksisstudentar. Vi har også hatt ein person i språktreningspraksis.

5

Vurdering av framtidsutsikter



Fleire flyktningar fører til auka behov for utdanning, opplæring, rettleiing og godkjenning

Den store tilstrøyminga av flyktningar til Noreg, dei fleste frå Ukraina, har skapt utfordringar for mottaks- og busettingssystemet. I løpet av dei siste to åra har nær 65 000 flyktningar blitt busett i norske kommunar, og tala held fram med å stige. Norske styresmakter satsar no på å få ukrainske flyktningar raskare ut i arbeid, og dette har også konsekvensar for HK-dir sitt arbeid framover.

Det har vore ein stor auke i søknader om godkjenning av utdanning frå utlandet, særleg Ukraina, og veksten held fram inn i 2024. Det er også behov for meir informasjon og betre rettleiing om godkjenningsordningane, både til flyktningane sjølve, men også til det offentlege hjelpeapparatet. Auken vil krevje at vi prioriterer meir ressursar til dette arbeidet framover. Føringa frå KD om å prioritere desse lovpålagte oppgåvene kan føre til at andre viktige område kan bli nedprioritert.

Fram til no har dei fleste flyktningane hatt klasseromsbasert norskopplæring på fulltid i introduksjonsprogrammet. Dette har sett norskopplæringa i kommunane under press, og medfører også at det tar lengre tid enn i

våre naboland før flyktningane kjem i arbeid. Behovet for norskopplæring er stort, og HK-dir har organisert ein anbodskonkurranse for å etablere eit nasjonalt digitalt tilbod om norskopplæring. Det nasjonale digitale tilbodet skal gi betre tilgang til fleksibel norskopplæring der deltakarane kan komme raskare i arbeid, og kombinere opplæringa med jobb eller annan aktivitet på dagtid. Det nasjonale tilbodet er ikkje tenkt å erstatte kommunane sine eigne tilbod, men skal vere eit supplement.

Behovet for karriererettleiing, tilrettelegging av vidare utdanningstilbod og andre tenester for integrering og inkludering i arbeidslivet vil halde fram med å auke, og HK-dir må gjere vurderingar og prioritere kapasitet og ressursar. Modulstrukturert opplæring vert innført som hovudmodell i opplæringa for vaksne deltakarar i grunnopplæringa frå hausten 2024. Vi vil halde fram samarbeidet med Udir og Arbeids- og velferdsdirektoratet om implementering av reforma. Arbeidet vil framleis krevje ressursar i den nye rolla HK-dir får. I 2024 startar vi også arbeidet med utvikling av eit nasjonalt rammeverk for realkompetansevurdering for vaksne, som skal leggje endå betre til rette for den enkelte vaksne som treng grunnopplæring. Ved implementering av reforma er det nød-

vendig at HK-dir i større grad enn tidlegare samarbeider med Lånekassen i utviklinga av kunnskapsbaserte verkemiddel for livsopphald. Dette gjeld mellom anna arbeidet med den nye fleksible utdanningsstøtteordninga for vaksne i jobb, kompetanselånet.

Større vekt på kunnskap som verkemiddel

I 2024 vart ein stor del av midlane til tilskotsordningar for kvalitet og tilgjengelegheit i høgare utdanning flytta frå direktoratet til universiteta og høgskulane sine rammeløyvingar. HK-dir skal framleis drive med tilrettelegging, rådgiving og samordning for å følgje opp sektoren sitt arbeid med utdanningskvalitet og å gjere høgare utdanning meir fleksibel og tilgjengeleg, og legg vekt på å utvikle rolla vår i åra som kjem. Vi vil mellom anna leggje til rette for meir erfaringsutveksling og spreiding av kunnskap og god praksis mellom institusjonane, for å stimulere deira eige arbeid med kvalitetsutvikling og tilgjengelegging av utdanningstilboda.

Kunnskap er eit viktig satsingsområde i HK-dir sin verksemdsstrategi, og vi har definert tematiske prioriteringar for 2024 – 2027 i ein eigen kunnskapsstrategi. Utfasinga av

tilskotsordningar fører mellom anna til at vi gradvis kan leggje meir ressursar inn i arbeidet med kunnskapsutvikling. Ei aldrende befolkning, grøn og digital omstilling, saman med ein utfordrande geopolitisk situasjon, stiller oss overfor nye utfordringar med å dekke kompetansebehova. Vi må finne dei gode løysingane i samarbeid med andre verksemder og på tvers av sektorane. Den tematiske hovudprioriteringa hos oss i strategiperioden er: «Framtidas behov for kompetent arbeidskraft – utdanning og opplæring som del av tverrsektorielle løysingar». Kunnskapsstrategien er eit verktøy for å løyse oppgåver på eit område der KD ventar mykje av oss, og der det er heilt nødvendig at vi gjer tydelege prioriteringar.

Styrke arbeidet med Erasmus+

Erasmus+ er eit viktig verkemiddel for kvalitet i høgare utdanning, og med utfasing av nasjonale tilskotsordningar vil vi styrke arbeidet med programmet, både med sikte på å auke norske institusjonar si deltaking i sentraliserte tiltak, og gjennom innspel og påverknad inn mot neste programperiode.

Kunstig intelligens som verkemiddel for effektivisering og auka kvalitet

Utviklinga innan digitalisering går fort. ChatGPT og andre språkmodellar viser potensialet i kunstig intelligens både for å utvikle betre og meir brukartilpassa tenester, og for å effektivisere arbeidet i offentleg sektor. KI gir HK-dir moglegheiter og utfordringar, både i drift og utvikling av organisasjonen og i tenestene vi tilbyr målgruppene våre. Vi ser behov for å heve kompetansen vår, og vi jobbar for å organisere arbeidet vårt med digitalisering betre. Vi har også starta arbeidet med å klargjere våre eigne data for bruk av ulike typar KI-verktøy for intern effektivitets- og kvalitetsheving. Det er eit mål at vi skal kunne utnytte KI og annan teknologi betre og på fleire områder enn vi har gjort så

langt, også for å effektivisere saksbehandlinga, mellom anna på godkjenningsfeltet.

Den raske teknologiske utviklinga påverkar også arbeidet til felles klagenemnd, med ein viss usikkerheit og risiko for fleire fuskesakar. Den raske auken i bruk av generativ kunstig intelligens gjer at både vurderingsformer og reglar for kva som er fusk må utviklast. I oppfølginga av ny universitets- og høgskulelov har universitets- og høgskulesektoren starta eit arbeid med samordning av fuskereglar ved universitet og høgskular, og HK-dir samarbeider med UHR om dette.

Viktig utviklingsarbeid innan opptak til utdanning

Våren 2024 skal ei stortingsmelding om nytt opptakssystem for universitet og høgskular leggjast fram. Dette er ei oppfølging av forslaga frå Opptaksutvalet i NOU 2022:17 *Veier inn – ny modell for opptak til universiteter og høgskoler*. HK-dir jobbar saman med Sikt i prosjektet «Fremtidens opptak» som starta opp i 2023. Prosjektet vil gå over fem år og utvikle eit heilt nytt opptakssystem. Utviklinga vil vere avgjerande for eit endå meir effektivt og brukarvenleg opptak til høgare utdanning

og høgare yrkesfagleg utdanning. Arbeidet med eit samordna masteropptak er i startgropa. Dersom dette skal utviklast vidare vil det få stor innverknad på både HK-dir og sektoren i åra som kjem, og det vil også verke inn på arbeidet med det nye opptakssystemet.

Verksemdsstrategien løftar også fram samanhengande individretta tenester som eit viktig satsingsområde. I 2024 vil HK-dir gjere ein mogelegheitsstudie for å utforske brukarperspektiva, både opp mot HK-dir sine eigne tenester og andre relevante samarbeidsaktørar. Målet er å utvikle meir saumlause brukarreiser for den enkelte, frå informasjon om utdanning og karrieremoglegheiter, til studieopptak og overgang til jobb.

Tryggleik og ansvarleg internasjonalt samarbeid

Nasjonalt tryggingsorgan si trusselvurdering for 2024 peikar på situasjonsforståing, vern av kritisk infrastruktur og cybertryggleik som strategiske risikoområde. Riksrevisjonen la i desember 2023 fram sin rapport om informasjonstryggleik i forking, og peikar på at høgare utdannings- og forskingssektoren er

utsett for dataangrep og inntrengingar. HK-dir jobbar for å vidareutvikle sektoransvaret innan tryggleik og beredskap, i dialog med departement og sektor. Dette vil halde fram med å vere ei viktig prioritering framover, og vi ser det også i samanheng med arbeidet for å styrke tryggleik og beredskap internt i HK-dir.

Den internasjonale tryggleikssituasjonen er krevjande, og det er mange utfordringar når mål om styrka internasjonalt samarbeid i utdanning skal balanserast opp mot omsyn til nasjonal tryggleik. Å halde fram med internasjonalt samarbeid i høgare utdanning er viktig for kvaliteten i utdanning og forking, og ikkje minst for å gi studentane erfaringar som gjer dei betre stand til å bidra til å løyse globale samfunnsutfordringar. HK-dir vil prioritere vidare arbeid med å formidle og vidareutvikle retningslinjene for ansvarleg internasjonalt kunnskapssamarbeid. Liknande arbeid er også i gang i mange andre land, og vi samarbeider med internasjonale partnarar for å dele erfaringar og lovande praksisar.



HK-dir sin første verksemdsstrategi

Verksemdsstrategien vår vart ferdig sommaren 2023. Dette er den første verksemdstrategien vår, og han varer fram til og med 2027. Strategien har tre eksternt retta strategiske ambisjonar og ein internt retta ambisjon. I ei tid med stadig strammare budsjett og tøffare prioriteringar er verksemdstrategien viktig for å gi oss retning framover.

Vår interne ambisjon handlar om å bygge vidare på fordelane ved å vere eit samla direktorat til beste for brukarar og samfunn. I den interne ambisjonen ligg det ei prioritering om at vi skal verte eit meir berekraftig direktorat.

Direktoratet er framleis ungt, og i tillegg til arbeid med samanhengande tenester og kunnskapsstrategi, er det sett i gang fleire organisasjonsutviklingsprosessar som blir vidareført i 2024 for å følgje opp strategien. Vi har innført fleire digitale verktøy som hjelper oss å vidareutvikle prosessar og arbeidsmetodar på tvers i direktoratet. Vi har starta eit arbeid som skal gi oss ei meir strategisk og langsiktig styring av ressursane våre, og vi evaluerer organisasjonsmodellen i lys av

både verksemdstrategien og endringar i omgjevnadane våre. Desse utviklingsprosessane vil bidra både til å effektivisere arbeidet vårt og til at vi også kan utnytte gevinstane ved effektivisering til beste for både verksemda og samfunnet.

Budsjettmessige prioriteringar

At vi prioriterer gjennomføring av lovpålagte oppgåver innanfor forsvarleg saksbehandlingstid får også budsjettkonsekvensar. Med den store auken i søknader om godkjenning av utanlandsk utdanning, som på kort sikt må løysast med auka saksbehandlingsskapasitet, styrkar vi bemanninga på godkjenningssområdet. På sikt er målet at vi skal kunne ivareta forsvarleg saksbehandlingstid utan å måtte auke bemanninga når saksmengda aukar. Vi styrkar også den juridiske avdelinga vår, som har ansvar for sekretariatet for Felles klagenemnd.

Vi prioriterer midlar til arbeid med å skape samanhengande tenester innan rettleiing, informasjon og opptak til utdanning. Vi skal framleis styrke kvalitet og tilgjengelegheit i høgare utdanning, og har prioritert midlar til utvikling av nye verkemiddel for å oppnå

HK-dir sine mål innan desse områda. Vi held også fram med den budsjettmessige styrkinga av arbeidet med analyse og kunnskapsgrunnlag.

For å gripe moglegheitene automatisering og kunstig intelligens gir, har vi sett av midlar til utprøving av KI-verktøy på tvers av organisasjonen, automatisering av datautlevering frå Database for høgare utdanning, og utvikling av chatbot til førstelinjetenesta innan godkjenning av utanlandsk utdanning og opptak til utdanning.



6

Årsrekneskap



6.1 Kommenterar frå leiinga til rekneskapen for 2023

6.1.1 Stadfesting av at rekneskapen er lagt fram i samsvar med reglane

Det blir stadfesta at rekneskap for 2023 gir eit dekkande bilete av HK-dir sin økonomiske stilling og er lagt fram i samsvar med føresegnene om økonomistyring i staten, rundskriv frå Finansdepartementet, krav frå Kunnskapsdepartementet og i samsvar med reglane i dei statlege rekneskapsstandardane (SRS). Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) er bruttobudsjettert.

Kommentarane frå leiinga er sett opp i samsvar med dei påkravde elementa som er gitt av Kunnskapsdepartementet i brev den 14.01.2022, 24.04.2023, 15.08.2023 og 11.12.2023.

HK-dir vart rekneskapsmessig slått saman frå 01.01.2022 og alle egedelar og gjeld er rekneskapsmessig overført per 31.12.2022.

Frå 01.01.2023 vart NOKUTs avdeling for godkjenning av utanlandsk utdanning innlemma i HK-dir ved ei verksemdoverdraging, og tilhøyrande egedelar og gjeld er rekneskapsmessig overført per 31.12.2023.

6.1.2 HK-dirs revisor

HK-dir vert revidert av Riksrevisjonen.

6.1.3 Vesentlege avvik mellom periodisert resultatbudsjett og resultatrekneskap, inkludert omtale av den økonomiske drifta

Inntekter frå løyvingar er 97,6 millionar kroner mindre enn det budsjettet viser. Inntekter frå tilskot og overføringar er 3,5 millionar kroner lågare enn budsjettet. Begge desse skuldast hovudsakleg lågare kostnader i perioden og tilsvarende mindre inntekter, jamfør motsett samanstilling av inntekter mot kostnader. Andre inntekter er 9,9 millionar kroner høgare enn budsjettert. Desse midlane er ikkje blitt budsjettert sidan vi ikkje har fått belastningsfullmakt på dette.

Løn og sosiale kostnader er 9,5 millionar kroner lågare enn budsjettert. Dette skuldast vakansar.

Andre driftskostnader er 91,5 millionar kroner lågare enn det budsjettet viser. Avvika skuldast hovudsakleg forskyving av tiltak til 2024 og er fordelt på fleire tildelingar.

Når det gjeld avskrivingar er det brukt 9,7 millionar kroner meir enn budsjettert. Årsaka er at anleggsmidlar frå NOKUTs avdeling for godkjenning av utanlandsk utdanning, ikkje er budsjettert. Når det gjeld innkrevingsverk-

semd til staten (tilbakebetaling av ubrukte tilskotsmidlar), så utgjer dette 39,6 millionar kroner for 2023. HK-dir budsjetterer ikkje på denne posten.

Utbetalingar av tilskotsmidlar frå staten er 244,3 millionar kroner lågare enn budsjettert for perioden. Dette gjeld programmet Kompetansepluss der utbetaling skjer neste år. Avviket er ikkje stort i høve til utbetalingar på 3,26 milliardar kroner for 2023.

6.1.4 Den økonomiske drifta i perioden

HK-dir vurderer økonomien som tilfredsstillande i 2023. Det er fleire forhold som har prega den økonomiske drifta til HK-dir i 2023.

01.01.2023 vart godkjenningsordningane for utanlandsk utdanning overført til direktoratet frå NOKUT. Det har ført til omstillingskostnader knytt til mellom anna samlokalisering, herunder behov for mindre tilpassingar av HK-dirs lokale i Oslo. Det har også vore brukt overtid for å redusere restansen på søknader i godkjenningsordningane etter ein periode med nedetid i saksbehandlingssystemet ved overføringa til direktoratet. Gjennom 2.5.3-forhandlingar på våren vart det gjennomført ein lønnsharmonisering mellom tilsette som vart overført frå NOKUT og resten av dei tilsette i direktoratet.

Ved slutten av året vart alle direktoratets tilsette i Bergen samlokalisert, gjennom at tilsette som jobba med Norskprøven i tidlegare Kompetanse Norge, flytta inn i hovudkontoret i Fortunen 1. Leigetilhøvet HK-dir hadde i Rådhusgaten for kontorlokale for desse tilsette gjekk ut 31.12.2023.

Det har vore auka arbeidsmengde innan dei lovpålagde oppgåvene med godkjenning av utanlandsk utdanning og behandling av klager i sekretariatet for Felles klagenemnd. HK-dir har vore nøydd til å omdisponere midlar internt for å styrke bemanninga. KD har også auka løyvingane til området i 2023 og 2024.

Fleire tilskotsordningar knytt til høgare utdanning og internasjonalisering blir avvikla frå og med 2024. HK-dir sine mål om å bidra til kvalitet i høgare utdanning er ikkje endra. Vridninga av verkemiddelbruken vår frå tilskot til kunnskap medfører endringar i bemanninga mellom ulike einingar og medverka til forlenjing av vakansar i 2023.

Valutakursen har i 2023 gitt oss større inntekter enn direktoratets inntektskrav i tildelingsbrevet for 2023. HK-dir har brukt meirinntektsfullmakta i 2023, og auka utgiftene tilsvarande i EU-prosjekta og Erasmus+.

Valutakursen har også gitt HK-dir utfordringar i program og tilskotsordningar der vi mottok tildeling i norske kroner, medan utbetalingar skjer i euro.

6.1.5 Gjennomførte investeringar i perioden og planlagde investeringar i seinare periodar

Investeringar for 2023 er hovudsakleg knytt til IKT infrastruktur, IKT tryggleik, PCar, auka datamengder for HK-dir, og flytting av fleire tenarar over til skyløysing. Det er varsla større prisaukingar frå fleire av leverandørane våre i 2024. Planlagde investeringar i 2024 vil gjelde dei same kategoriane.

